

Mellom barken og veden

Estisk språkpolitikk etter sjølvstendet



Mastergradsoppgåve i russisk

Institutt for framandspråk

Det humanistiske fakultet

Universitetet i Bergen

Audun Kjørstad

1. september 2014

В Эстонии, на исконной территории обитания эстонцев, эстонский язык является объектом особого внимания государства и находится под его защитой.

Utdrag frå den innleiande teksten til den estiske språkløva av 1989.

Føreord

Det er i det store og heile ganske usannsynleg at eg skulle ha fatta interesse for eit so snevert emne som estisk språkpolitikk om det ikkje hadde vore for at eg for fjorten år sidan, ganske tilfeldig, enda opp på ein sumarleir langt ute i havgapet. Her vart eg kjent med estiske ungdomar og lærte estiske gloser som eg har hatt lita eller ingen nytte av seinare. Mykje ville nok ha vore annleis om det ikkje var for desse opplevingane på Stokkevåg og Hiiumaa. *Suur aitäh* og stikkontakt til Roger Kløvtveit og alle dei andre som er skuld i at eg gong på gong har reist attende til denne vedunderlege austersjørepublikken.

Stor takk må òg gå til Wenche, og til kattane Ulf og Konrad. Utan dykk spørst det om eg hadde kome meg gjennom sommaren 2014 med helsa sånn nokon lunde i behald.

Takk til rettleiar professor Ingunn Lunde som har kommentert, kritisert, problematisert og heia meg vidare gjennom heile skriveprosessen.

Audun Kjørstad

31. august 2014

Summary in English

Throughout the centuries Estonia has been ruled by Danes, Swedes, Germans, Poles and Russians, and her freedom was first won in 1918, with the collapse of the Russian Empire. However, freedom did not last. In June 1940 Soviet forces marched through the streets of Tallinn, and less than a month later Estonia became the Estonian Soviet Socialist Republic (ESSR). More than half a century later, history repeats itself, and upon the break-down of the Soviet Union Estonia emerged as a free state yet again.

Long before independence was a fact, Estonian politicians were working on ways to secure the survival of the Estonian language and culture in the face of ever increasing russification. The result was the Estonian constitution in the fall of 1988, followed by the Language Act of 1989 some months later. The language act made Estonian the sole official language of the Estonian Soviet republic, and while the rights of Russian speakers were also addressed, the law required government officials to be able to communicate in both Russian and Estonian. The bilingual demand was not heavily contested by the Estonian population, which to a large degree had already been forced into bilingualism by russification, but it was less popular among the primarily monolingual Russian population that made out approximately a third of the republic.

Since independence the politics of language has remained a key element in the development of the Estonian state, and despite criticism from both Eastern and Western partners, policies that require a certain proficiency in language for both labour and citizenship has prevailed. This strict language policy for citizenship has left a large, although dwindling, number of primarily Russian-speaking inhabitants stranded as stateless citizens, but not without the right to acquire citizenship through naturalisation, should they pass the required exams.

In this thesis I investigate how the language acts and related laws have developed and changed since the first Language Act of 1989 and until the latest Language Act of 2011. The political distance between the bilingual ideals of the first language acts and the threats of repatriation that followed the Immigration Act of 1993 is vast. However, since 1993 the rights of stateless citizens have improved greatly.

Due to Estonia's ambition of becoming a member of both the European Union and NATO, Estonian lawmakers have been forced to balance between the demands made by supranational European organisations and the Russian Federation as well as its own electorate. Needless to say, these demands may have been contradictory. Questions regarding the rights of stateless citizens and minority language users have been frequent, and have at times resulted in amendments to the laws in question.

Innholdsliste

Føreord	5
Summary in English.....	5
Innholdsliste.....	7
1.0 Innleiing.....	9
1.1 Problemstilling og hypotese	10
1.2 Avgrensing.....	10
1.3 Forskingsoversikt	11
1.4 Metode	13
1.5 Definisjonar	15
1.6 Bakgrunn	16
2. Sovjetsamveldet sine siste dagar (1987–1990)	22
2.1 Glasnost' og perestrojka	22
2.2 Eit sjølvstyrt Estland.....	23
2.3 Språklova av 1989	24
2.4 Veggen vidare mot sjølvstendet	35
2.5 Oppsummering	37
3.0 Eit fritt Estland (1991–1995)	38
3.1 Statsborgarskapsspørsmålet	38
3.2 Politikken bak	40
3.3 Borgarskapsdebatten	42
3.4 Grunnlova av 1992	44
3.5 Parlamentsvalet i 1992	44
3.6 Innvandringslova av 1993	45
3.7 Borgarskapslova av 1995.....	47
3.8 Språklova av 1995	48
3.9 Diskusjon	51
3.10 Oppsummering	55
4.0 Veggen mot Europa (1996–2004).....	57
4.1 Etnopolitikk.....	57
4.2 Integreringsplanen	59
4.3 NATO og EU	61
4.4 Diskusjon	62

4.5	Oppsummering	62
5.	Ein europeisk stat (2005–2011).....	63
5.1	Bronsesoldaten	63
5.2	Språklova anno 2011.....	64
5.3	Diskusjon	70
5.4	Oppsummering	71
6.0	Diskusjon	72
6.1	Språklova si utvikling	72
6.2	Statsborgarskapsspørsmålet	73
6.3	Mellom barken og veden	77
7.0	Konklusjon.....	82
8.0	Kjelder.....	84
8.1	Litteraturliste	84
8.1	Avisartiklar.....	85
8.2	Nettressursar	86

1.0 Innleiing

Inst i Austersjøen, der Bottenvika møter Finskebukta, ligg Estland. Opp gjennom hundreåra har landet vorte hærteke av både danskar, svenskar, tyskarar og russarar, og det var fyrst i 1918, etter at det russiske imperiet hadde kollapsa at Estland vann fridomen. Fridomen vart kortvarig, for i midten av juni 1940 marsjerte sovjetiske troppar inn i hovudstaden, og nokre veker seinare vart landet innlemma som ein del av Sovjetunionen. Meir enn 50 år seinare gjentok historia seg, og med oppløysinga av Sovjetunionen i 1991 var Estland igjen ein fri stat.

Allereie før sjølvstendet vart det jobba med utforminga av ein eigen estisk språkpolitikk, og den fyrste estiske språklova vart vedteken so tidleg som i 1989, medan landet framleis var sovjetrepublikk. Språklova slo fast at estisk skulle vere offisielt språk i republikken, og at statleg tilsette plikta å kunne gjere jobben sin både på russisk og estisk. Medan lova fall i god jord hjå den i hovudsak tospråklege titulæretnisiteten i republikken var ho mindre populær hjå dei med russisk som morsmål.

Den estiske målsetnaden om å både attreise den estiske nasjonalstaten og samstundes søke europeisk integrasjon har synst seg å vere utfordrande, ikkje minst på grunn av den estiske språkpolitikken. Den russisktalande minoriteten i Estland utgjorde rundt ein tredjedel av folkesetnaden tidleg på nittitalet, og den konservative borgarskapspolitikken gjorde at dei fleste av desse enda opp som statslause, trass i at mange var både fødde og oppvaksne i republikken. Den estiske språkpolitikken er ein interessant balansegang mellom krav frå aust, vest og det estiske folket sjølve.

Eit halvt århundre med sovjetisk okkupasjon har prega nasjonsbygginga frå byrjinga av, og i frykt for ei vidare russifisering av det estiske samfunnet vart det med borgarskapslova av 1995 stilt krav om å beherske estisk for å få tildelt estisk statsborgarskap. Republikken fekk ei ny språklov same året, og etter ei rekke revideringar vart denne erstatta av nok ei ny språklov i 2011. Trass i til tider krass kritikk frå både austleg og vestleg hald har kravet om å beherske estisk språk for både statsborgarskap og statlege jobbar vore som hogd i stein gjennom heile perioden.

I denne oppgåva vil eg sjå på korleis den estiske språkpolitikken har utvikla seg sidan den fyrste språklova i 1989 og fram til språklova av 2011. I ein gjennomgang av lovtekstar, statistikk og rapportar ynskjer eg å trekke fram dei raude trådane i utviklinga av den estiske språkpolitikken, og å avslutningsvis kunne seie noko om vegen vidare.

1.1 Problemstilling og hypotese

Korleis har den estiske språkpolitikken utvikla seg sidan 1989 og fram til den siste språklova i 2011?

Hypotese 1: Sidan sjølvstendet har den språkpolitiske utviklinga i Estland gått frå å kunne skildrast som diskriminerande for russisktalande og andre minoritetar til å i større grad ivareta og inkludere ikkje-estisktalande.

Hypotese 2: Sidan sjølvstendet har den språkpolitiske utviklinga i Estland vore under press frå tre forskjellige aktørar med forskjellige språkideologiar, Estland, Russland og Europa representert ved overnasjonale organ som Europarådet og EU.

1.2 Avgrensing

For at ikkje oppgåva skal verte for omfattande har eg lagt opp til følgjande avgrensingar.

1.2.1 Periode

Den eldste estiskspråklege teksten er datert til 1524, men noko sterk estisk nasjonalkjensle med tilhøyrande språkpolitikk kan ein ikkje snakke om før ein når perioden omtala som den nasjonale oppvekkingsperioden. Denne fann stad i siste halvdel av 1800-talet, og vart forsterka av den strenge russifiseringspolitikken til tsar Aleksander III. Språkpolitikken var òg viktig i den fyrste estiske republikken av 1918, men eg har valt å fokusere på språkpolitikk i den moderne estiske republikken, og tek difor for meg perioden frå slutten av 1980-talet og fram til den siste språklova vart vedteken i 2011.

1.2.2 Politikk

Til det fyrste parlamentsvalet i 1992 stilte over 30 forskjellige politiske parti til val, somme i blokk og somme åleine. Til parlamentsvalet i 1995 var det 29, der 14 av desse fekk seter i parlamentet, og dei 101 mandata var fordelt på sju forskjellige og laust samansette blokker. Alliansar rakna, parti vart splitta, regjeringar kom og gjekk, ministrar vart sparka og avsløringar om politisk korrupsjon og andre skitne triks dukka opp rett som det var. Historia om det estiske parlamentet si tidlege historie er like spennande som ho er uoversiktleg og forvirrande.

Det let seg ikkje gjere å skildre den språkpolitiske utviklinga i Estland utan å trekke inn dei politiske aktørane, men i eit forsøk på å dra ein raud tråd gjennom den språkpolitiske utviklinga i landet har eg etter beste evne forsøkt å forenkla det politiske landskapet noko. Einskildpolitikarar eller parti som er nemnde i oppgåva er i hovudsak dei største eller mest sentrale aktørane i språkpolitiske spørsmål, ikkje nødvendigvis dei største eller mest sentrale aktørane for den estiske nasjonsbygginga.

Emnet språkpolitikk er vidt, men fokuset i denne oppgåva er etnopolitisk so vel som språkpolitisk, ettersom både borgarskapsspørsmålet og dei språklege krava til offentlege stillingar står sentralt i oppgåva.

1.2.3 Juss

Den estiske språkpolitikken er ikkje avgrensa til språklovene, og som gjennomgangen syner er det mange lover med språkpolitiske element i seg. Eg har avgrensa meg til dei mest sentrale språkpolitiske lovverka, og tek i lita grad for meg einsskilte forskrifter eller revideringar av eksisterande lover med mindre det er av særskild interesse for oppgåva. Det kan difor vere at endringar som i oppgåva vert presentert som nye i språklova av 2011 allereie dukka opp i reviderte versjonar av språklova av 1995. Denne avgrensinga er naudsynt av di lovverka er i stadig endring, og svært få av revideringane finst tilgjengeleg på noko anna språk enn estisk.

Å nytte lovtekstar som kjelde har synt seg å vere problematisk gjennom store delar av både lese- og skriveprosessen. Ikkje av di det har vore vanskeleg å finne tak i dei, eller kvalitetssikre at omsetjingar og versjonar eg har nytta er autentiske, men av di det hra vore vanskeleg å avgrense oppgåva. Som kvar ein jurist veit er det slik at lovtekstar overlappar kvarandre, vert endra med ujamne mellomrom og syner til og regulerer kvarandre. Då eg tok til på oppgåva såg eg for meg at det ville vere språklovene av 1989, 2005 og 2011 som ville vere dei einaste lovtekstane eg skulle jobbe med. Etter kvart som eg har jobba meg gjennom desse lovtekstane vart eg anten sjølv merksam på eller gjennom forskingslitteraturen gjort merksam på andre lover, føreskrifter og avsnitt som det kunne vore spennande å få med i oppgåva. For å avgrense oppgåva noko har eg tona ned fokuset på både skule- og lokalpolitikk for heller å kunne fokusere på språklege krav i arbeidslivet og knytt til statsborgarskap.

1.3 Forskingsoversikt

Mykje av forskingslitteraturen som omhandlar Estland etter sjølvstendet eller estisk språkpolitikk er komparativ, og tek gjerne for seg Baltikum under eitt, eller éin av dei baltiske republikane samanlikna med ein annan sovjetrepublikk, som i boka *National Integration and Violent Conflicts in Post-Soviet Societies: The Cases of Estonia and Moldova* (2002), der Pål Kolstø var redaktør. Det har òg vorte skrivi ein del av om den estiske språklova, men då gjerne knytt opp mot det estiske skulesystemet og språkopplæringa, som når Solange Taylor gjer ei samanliknande analyse av språksituasjonen i Estland og Sør-Afrika i teksten *Multilingual Societies and Planned Linguistic Change: New Language-in-Education Programs in Estonia and South Africa* (2002).

For ei generell innføring i estisk historie har eg hatt stor nytte av Toivo Raun si *Estonia and the Estonians* (2001), som tek for seg estisk historie frå førhistorisk tid og fram til sjølvstendet. Når

det gjeld sovjetisk språkpolitikk finst det svært mykje god forskingslitteratur, og eg har valt meg ut Lenore A. Grenoble si *Language Policy in the Soviet Union*. Boka gjev ein grundig gjennomgang av språkpolitikken som vart ført i Sovjetunionen, tek for seg kvar og ein av dei einskilde sovjetrepublikkane, og kapitla om dei tre baltiske sovjetrepublikkane er av særskild interesse.

Ei anna bok som har vore til god hjelp er David Smith sitt bidrag til serien *Postcommunist States and Nations*, med boka *Estonia: Independence and European Integration* (2002). Smith går i djupna på det politiske spelet i Estland utover nittitalet, og bidreg soleis til å kaste nytt lys over kvifor somme lover eller lovtilllegg vart som dei vart. Mart Rannut ved Universitetet i Tallinn er kanskje den mest refererte forskaren på feltet estisk språkpolitikk, og har publisert artiklar og bidrege til bøker om temaet på både estisk og engelsk. I Tove Skutnabb-Kangas og Robert Phillipson si *Linguistic Human Rights* (1995) skriv Mart Rannut om temaet i *Beyond linguistic policy: The Soviet Union versus Estonia*,

Når det kjem til temaet språkpolitikk og språkleg ideologi har Aneta Pavlenko ved Temple University i Philadelphia skrive ei rekke artiklar om fleirspråklegheit i tidlegare sovjetrepublikkar og språkleg identitet. Særleg har boka *Multilingualism in post-Soviet countries* (2008), der Pavlenko er medredaktør, vore til stor hjelp.

Dei språklege endringane som fann stad i vakuumet som oppstod dei fyrste åra etter at Sovjetunionen vart oppløyst er godt dokumenterte. Som nemnt ovanfor skriv Mart Rannut om den språkpolitiske situasjonen i Estland frå eit estisk perspektiv, medan Vadim Polesjtsjuk ved Legal Information Centre for Human Rights i Tallinn i ei rekke rapportar legg fram det russiskspråklege biletet av stoda.

Språklege konflikhtar stikk djupt, og ved studiet av forskingslitteraturen har det vore eit påfallande skilje mellom forskarar med estisk og russisk opphav. Medan fyrstnemnte bruker tid på den estiske republikken av 1918 og den påfølgande sovjetiske okkupasjonen, vil sistnemnte snakke om Estland som ein del av det russiske imperiet sidan 1700-talet og tone ned eventuelle sovjetiske overgrep. I bakgrunnskapittelet i boka *Negrazjdane v Estonii* (2005) nyttar til dømes Vadim Polesjtsjuk hermeteikn rundt ordet okkupasjon når han attgjev den estiske framstillinga av Estland under Sovjetunionen.¹ (Polesjtsjuk 2005, 15) Medan ein kan kritisere forskarar som Polesjtsjuk for å tone ned dei sovjetiske overgrepa er det òg på sin plass å påpeike at borgarskapsavtalen mellom ESSR og RSFSR frå 1991 til gjengjeld ikkje vert via stor merksemd av estiske forskarar.

¹ «Согласно официальной позиции эстонских властей, страна была «оккупирована» Советами в 1940–1941, 1944–1991 гг.»

Denne usemja rundt nøyaktig kva som hendte både før, under og etter oppløysinga av Sovjetunionen har vore ei av dei store utfordringane både for Estland og andre tidlegare sovjetrepublikkar. At Estland var ein suveren stat som ufrivillig vart innlemma i Sovjetunionen er heilt sentralt i den estiske historieforståinga, og usemje rundt spørsmål som dette har i seg potensialet til å dele folkesetnaden i to, oftast med titulæretnisiteten mot dei russisktalande. Sånn sett var den språkpolitiske kampen på nittitalet vel so mykje ein identitetskamp der språka vart tillagt verdiar og meiningar langt utover det reint språklege.

Det er altså ingen mangel på forskingslitteratur som omhandlar utviklinga av den språkpolitiske situasjonen under Sovjetunionen eller dei fyrste par åra med sjølvstende, men dinest vert det verre. Det finst forskingslitteratur òg om dei påfølgande periodane, men omfanget er langt mindre enn tidlegare, tekstane er kortare og forskarane har gjerne lokal tilknytting til anten den eine eller den andre sida i den pågåande språkdebatten. Døme på dette er Polesjtsjuk sin omtale av den sovjetiske okkupasjonen i hermeteikn og Mart Rannut, som har vore medlem av mangt eit språkleg utval som har vore med på å forme den estiske språkpolitikken. Det er òg skrive mykje om generelle trendar for tidlegare sovjetstatar anten områdevis eller som heilskap, men noko detaljert områdestudie av den språkpolitiske utviklinga i Estland har eg ikkje vore i stand til å finne tak i, verken på norsk, engelsk eller russisk.

1.4 Metode

Primærkjeldene for denne oppgåva er engelske og russiske omsetjingar av ei rekke estiske lovverk frå perioden 1989 til 2011. Eg les diverre ikkje godt nok estisk til at originale lovtekstar eller estiskspråkleg forskingslitteratur har vore tilgjengeleg for meg, men godt nok til at eg har vore i stand til å manøvrere meg gjennom og bruke estiskspråklege nettsider på jakt etter statistikk, grafar eller kjelder.

1.4.1 Oppgåvestruktur

Oppgåva er lagt opp som ein kronologisk gjennomgang av estisk historie frå slutten av åttitalet og fram til i dag, men med fokus på det språklege og språkpolitiske. Sidan det språkpolitiske er tett knytt til spørsmålet om statsborgarskap og kvalifisering til statlege jobbar har òg desse punkta fått mykje merksemd, sjølv om dei ikkje i alle tilfella er knytt direkte opp mot språklover.


1.4.2 Lovtekstar

På nettsidene til det estiske justisministeriet ligg det ein søkemotor som gjev brukarane høve til å leite opp både noverande og tidlegare lovtekstar. Denne søkemotoren er til stor nytte for å finne lover av nyare dato, men går diverre berre nokre år bakover i tid, og det er berre ein liten del av lovtekstane som finst på andre språk enn estisk. Eldre versjonar av lovtekstane er derimot å finne på den latvisk-registrerte nettstaden minelres.lv, som er ei samleside for ressursar om

minoritetsrelaterte menneskerettssaker i Aust- og Sentral-Europa. Ressurssida for Estland inneheld lovtekstar på originalspråket og i omsetjingar til engelsk og russisk. Somme av dei omsette lovtekstane er sertifiserte omsetjingar henta frå akademiske tekstar eller juridiske kjelder, medan andre er uoffisielle omsetjingar. Eg har i hovudsak nytta dei tekstane som seiast å vere sertifiserte omsetjingar, men ved somme høve har det ikkje vore mogleg for meg å finne tak i russisk- eller engelskspråklege variantar som er sertifiserte.

1.4.3 Statistikk og demografi

I det meste av forskingslitteraturen opererer ein med reine prosenttal når ein omtalar andelen estiske, russisk eller andre delar av folkesetnaden i Estland. Prosenttal er ein enkel og oversiktleg måte å syne skilnadar på, men i dømet Estland er det naudsynt å òg legge ved ei oversikt som syner utviklinga i absolutte tal. Etersom deportasjonar og ei massiv tilflytting i dette dømet samsvarar i tid vil eit diagram som berre syner prosentverdiar kunne gje eit feilaktig inntrykk av i kva grad den estiske folkesetnaden i landet har auka eller minka.



Figur 1 og 2: Demografisk utvikling i Estland i perioden 1922–2011 i prosent (1) og tal (2).

Eit godt døme på kor misvisande bruken av prosent kan vere kan sjåast i desse diagramma. Figur 1 nyttar prosenttal i framstillinga av den demografiske utviklinga i Estland i perioden 1924 til 2011. Av diagrammet kan ein lese at den estiske prosentandelen i landet auka noko frå 1922 til 1934, men gjekk kraftig attende gjennom heile perioden landet var under sovjetisk okkupasjon, før den estiske prosentandelen av folkesetnaden på ny aukar etter sjølvstendet. Statistikk er eit mektig retorisk våpen, og ein lesar som ikkje er merksam på det vil nok kunne konkludere med at det vart færre og færre estlendarar gjennom heile den sovjetiske okkupasjonen, og at den estiske folkesetnaden i landet fyrst byrja vekse etter sjølvstendet.

I figur 2, som opererer med absolutte tal, kan ein sjå at situasjonen faktisk var heilt annleis. Det er den store mengda tilflyttande frå resten av Sovjetsamveldet, i hovudsak frå Russland, som syt for at den estiske andelen søkk so drastisk i den prosentvise framstillinga av utviklinga. Den estiske folkesetnaden sokk kraftig frå 1934 til 1959 òg i absolutte tal, då truleg som eit resultat av både 2. verdskrigen og deportasjonar. Derimot aukar folketalet for etniske estlendarar jamt og trutt gjennom heile sovjetperioden, og nedgangen kjem fyrst etter sjølvstendet, då truleg som resultat av arbeidsutvandring.

1.5 Definisjonar

1.5.1 Russarar

Som figurane i førre delkapittel syner utgjorde russarar 30,3 % av folkesetnaden i Estland i 1989, medan andre nasjonalitetar utgjorde ytterlegare 8,2 %, og det store fleirtalet av desse var russisktalande. Det kan likevel vere greitt å skilje å mellom russarar og russarar. Ved folketeljinga i 1934 budde det i underkant av 100 000 russarar i den fyrste estiske republikken, og både desse og deira etterkomarar skil seg frå dei russiske innflyttarane som kom til etter den andre verdskrigen. Russarar med røter i mellomkrigsrepublikken både var og er betre integrerte i det estiske samfunnet, beherskar språket i større grad, og det er ei større grad av inngifte med etniske estlendarar. Russarar som kom til landet etter den andre verdskrigen bur i større grad i heilrussiske nabolag eller russiskdominerte område og hadde til å byrje med liten eller ingen kontakt med estisk språk eller kultur. Pål Kolstø (1995, 99) skildrar det godt når han skriv at russarane med røter i Baltikum har større kulturell kapital enn dei som innvandra seinare, då sistnemnde gjerne var meir av ein teknisk enn ein kulturell elite.

Diverre tek mesteparten av forskingslitteraturen og statistikken lite omsyn til dette skiljet, og det er for det meste snakk om estlendarar og russarar, eller estisktalande og russisktalande. I døma der forskingslitteraturen skil ut gruppene vil eg omtale dei med røter i mellomkrigsrepublikken som *baltiske russarar* og dei som kom til seinare for *sovjetrussarar*.

1.5.2 Nasjonalist

I omtale av den politiske situasjonen i Estland mot slutten av 1980- og byrjinga av 1990-talet vert skildringa *nasjonalist* eller *nasjonalistisk* gjerne nytta om dei forskjellige politiske partia. På norsk og dei fleste andre europeiske språk har desse orda ein svært negativ klang, og det er naturleg å knytte slike merkelappar opp mot verdiar og meiningar frå ytre høgrefløy. I konteksten av ein nasjon som i fleire tiår har kjempa for fridom og sjølvstende har orda derimot heilt andre konnotasjonar, og det er svært viktig at lesaren er klar over denne skilnaden. Tidleg på nittitalet valte dei fleste politiske partia, på tvers av det politiske landskapet, å skildre seg sjølve som nasjonalistiske. Det fanst pragmatiske, moderate, radikale nasjonalistar, der berre

delar av sistnemnde kategori ville verte klassifiserte som nasjonalistar etter politisk målestokk i Noreg.

Skiljet mellom dei forskjellige nasjonalistiske grupperingene handla i hovudsak om spørsmålet om statsborgarskap for sovjetrussarar, der språkpolitikken fort vart ein sentral del av spørsmålet. So godt som alle partia ynskja nasjonalt sjølvstende med estisk språk og kultur i fokus. Dei mest pragmatiske nasjonalistane meinte at ein fint kunne oppnå dette i samspel med den russisktalande folkesetnaden, og at det var uproblematisk å gje statsborgarskap til alle borgarane i ESSR. Moderate nasjonalistar meinte at sovjetrussarar gjerne måtte få statsborgarskap, men ikkje om dei ikkje kunne oppfylle dei varierende naturaliseringskrava som vart stilte. Dei radikale nasjonalistane strekk seg frå dei som ynskja strenge naturaliseringskrav og heilt til dei ytst på ytre fløy som meinte at alle sovjetrussarar burde deporterast.


1.5.3 Parlament

Som sovjetrepublikk var det lovgjevande organet, i den grad det kunne vedta lover, kalla øvstesovjetet. Frå og med 1992 fekk organet namnet Riigikogu, som kan omsetjast til norsk med *riksforsamlinga*. I perioden frå 1989 og fram til 1992 gjennomgjekk dette organet stadige endringar både i namn, samansetnad og struktur. Utviklinga er spennande i seg sjølv, og svært skildrande for det politiske klimaet i perioden, men har til sjuande og sist lite med det språkpolitiske aspektet å gjere. For å spare lesaren for lange utgreiingar og stadige namneskifte har eg valt å konsekvent omtale dette organet som *parlamentet*.

1.6 Bakgrunn

Estland er den nordlegaste av dei baltiske statane i Austersjøen, og grensar mot Finland gjennom Finskebukta i nord, har ei landgrense mot Russland i aust og Latvia i sør. Landet har ein folkesetnad på litt over 1,3 millionar menneske, der i underkant av 69 % av folkesetnaden er av estisk etnisitet og russarar utgjer den klart største minoritetsgruppa på i underkant av 25 %.

Medan dei baltiske russarane utgjorde i underkant av 100 000 menneske i 1934 budde det rundt 475 000 russarar i Den estiske sosialistiske sovjetrepublikk (ESSR) i 1989. Brorparten av desse var tilflyttande sovjetrussarar som i hovudsak busette seg i dei nordlege og nordaustlege delane av republikken. Dei største konsentrasjonane av russisktalande både på slutten av 1980-talet og i dag finn ein rundt hovudstaden Tallinn, i grensebyen Narva og nordaustlege småbyar som Kohtla-Järve, Jõhvi og Sillamäe. Det finst òg lommer med ein mindre konsentrasjon av russisktalande i landsbyar og område like i nærleiken av tidlegare sovjetiske militærbasar. Den russiske folkesetnaden langs kysten av Peipus-innsjøen er i hovudsak gamaltruande russarar med røter langt attende i tid.



Figur 3: Kart som syner prosentmessig konsentrasjon av personar med russisk som fyrstespråk. Kartet og fargekodinga er henta frå Wikimedia Commons medan eg har lagt på namnelappane på byane i nord og nordaust sjølv.

1.6.2 Estisk språk

Estisk er eit finsk-ugrisk språk som vert tala av rundt 1,3 millionar menneske på verdsbasis, der 1,1 million av desse bur i Estland. Språket slektar på mellom anna finsk og karelsk, og er ein fjern slektning av både ungarsk og samiske språk. Opp gjennom historia har språket vorte påverka av både svensk, tysk og russisk, men avstanden til alle desse tre er, med unntak av nokre lånord, svært stor. Estisk har mista den finsk-ugriske vokalharmonien, men kan skilte med 14 kasus og 36 diftongar. Estisk og russisk er med andre ord to språk som står svært langt frå kvarandre, og grunna den langt større eksponeringa til verdsspråket russisk har det tradisjonelt vore vanlegare at estisktalande har lært seg russisk enn omvendt.

1.6.3 Estland gjennom mellomalderen

Opp gjennom historia har området som i dag utgjer Estland vorte hærteke av både svenskar, danskar, tyskarar, polakkar og russarar, men fram til det tjuande århundret var det ingen av desse okkupasjonane som førte til større omveltingar i den etniske samansettinga av

folkesetnaden i landet. Andelen herrefolk i landet kunne variere noko, men dei utgjorde aldri nokon trussel mot det overveldande fleirtalet av estisktalande etniske estlendarar.

Estland var ein del av det russiske imperiet frå 1700-talet av, men då imperiet rakna i den russiske borgarkrigen i 1918 nytta republikken høve til å erklære seg sjølv sjølvstendig. Erklæringa kom midt i ei bølge av ei nasjonal oppvakning som hadde byrja på slutten av 1800-talet, og førte landet inn i ein toårig krig med Sovjet-Russland. Krigen enda med estisk siger og freden i Tartu i 1920, der Russland sa frå seg alle krav på det estiske området til evig tid.

1.6.4 Den fyrste estiske republikken

Freden i Tartu vert av mange estiske historikarar rekna som den estiske fødselsattesten, og allereie året etter var republikken med i Folkeforbundet. Ei folketeljing frå 1922 oppgjev at titulæretnisiteten då utgjorde rundt 88 % av den totale folkesetnaden i landet, med russarar som den største minoritetsgruppa på rundt 8 % (Kangro-Pool 1928, 163).

Republikken av 1918 gjekk inn i historia som eit godt døme på kor vanskeleg det kan vere å bygge ein demokratisk stat får grunnen av, og med historisk tette band til Tyskland vart landet sterkt påverka av strøymingar elles i Europa utover 1930-talet. I 1934 gjennomførte den sitjande regjeringa eit statskupp der ein mellom anna reduserte parlamentet si rolle til rådgjevande organ (Raun 2001, 199–120).

1.6.5 Den estiske sovjetiske sosialistrepublikk (ESSR)

Den fyrste estiske republikken vart ikkje gammal. I 1939 inngjekk den tyske utanriksministeren Joachim von Ribbentrop ein avtale med sin sovjetiske motpart, Vjatsjeslav Molotov, og allereie året etter vart Estland okkupert. Ved parlamentsvalet ein knapp månad etter at okkupasjonen var eit faktum fanst det berre kandidatar frå det estiske kommunistpartiet på valsetelen, og det vart annonsert at desse fekk 92,8 % av røystene av ei valoppslutning på 84,1 %. (Smith 2002, 25) Den 6. august 1940 godkjente det sovjetiske øvstesovjetet søknaden frå Estland om å verte sovjetrepublikk, og våren 1941 byrja dei fyrste deportasjonane og avrettingane av estiske nøkkelpersonar.

Sommaren 1941 kom Estland under tysk okkupasjon, og mange estlendarar kjempa på tysk side mot sovjetarane før landet vart teken attende av sovjetiske styrkar i 1944. At landet hadde samarbeidd betre med den tyske enn med den sovjetiske okkupasjonsmakta vart ikkje sett på med blide auge i Moskva, og massedeportasjonar og tvangskollektiviseringa frå 1941 heldt fram.

Den estiske situasjonen vart noko forbetra etter Stalin sin død, og med *glasnost'* fekk den estiske fridomsrørsla ein ny vår utover 1980-talet. Fridomsperioden frå 1918 til 1940 var langt frå

gløymt, og estiske politikarar og byråkratar nytta høvet til å fatte ei rekke vedtak med nasjonal styrking som målsetnad. I 1989, etter over førti år med tilflytting frå andre delar av sovjetsamveldet, deportasjonar og ein aktiv russifiseringspolitikk hadde andelen etniske estlendarar i Estland søkkt til rundt 60 % (Raun 2001, 271). Allereie på syttitalet hadde frykta for russifiseringa vakse seg so stor at mange frykta for framtida til både den estiske kulturen og det estiske språket. På slutten av åttitalet meinte mange at landet stod ved ein krossveg, og at noko måtte gjerast for å sikre at estisk språk og kultur skulle overleve (Grenoble 2003, 99).

Under Sovjetunionen var estisk og russisk formelt likestilte språk, men medan dei fleste jobbar stilte krav om kunnskap om russisk var det svært få jobbar av høg status som krov kunnskap om estisk språk. I tillegg fanst det ei rekke jobbar innan stat og sikring som etniske estlendarar ikkje hadde høve til å søke på (Rannut 2008, 152). Dette resulterte i framveksten av to parallelle samfunn, der den russisktalande folkesetnaden var einspråkleg, og utan noko reelt behov for å lære seg estisk, medan den estiske folkesetnaden måtte vere tospråkleg for å kunne fungere i arbeidsmarknaden. Samstundes såg ein ein kraftig vekst i tilflyttande frå andre sovjetrepublikkar, men i hovudsak frå Russland (Polesjtsjuk 2003, 103).

1.6.6 Den syngande revolusjonen

Opp gjennom 1980-talet førte eit friare politisk miljø til eit samfunn som var meir ope, og der kritiske røyster i større grad fekk høve til å nå fram. I dei baltiske statane førte dette til ei rekke fredelige demonstrasjonar der folkesongar og allsong hadde ei sentral rolle, og protestane fekk namnet den syngande revolusjonen. For Estland sin del vart det vedteke ei eiga grunnlov på hausten 1988, og denne slo fast at estisk skulle vere offisielt språk i sovjetrepublikken. Nokre månadar seinare kom den estiske språklova, og sjølv om lovteksten i hovudsak fokuserte på det estiske var det i følge Mart Rannut likevel eit prinsipp om tospråklegheit som låg til grunn, ettersom lovverket krov at tilsette i somme jobbar måtte beherske både russisk og estisk (Rannut 2004, 6).

Lova krov at det i ei rekke offentlege stillingar skulle stillast krav om at arbeidstakaren beherska både russisk og estisk. Vedtaket fekk ingen umiddelbare konsekvensar, då ein del av vedtaket slo fast at det skulle gå fire år frå vedtak til lova tredde i kraft og at tenestemennene skulle prøvast i språket (Rannut 1995, 204). Likevel vakte vedtaket stor oppsikt både i og utanfor Sovjetunionen, og regjeringsavisa *Izvestija* fordømte lova som grunnlovsstridig av di den stengte sovjetiske borgarar ute frå offentlege stillingar (NTB, 18.01.89).

Hausten det same året heldt ein det fyrste frie valet, og i 1990 endra sovjetrepublikken namn til Den estiske republikk og atterinnførte den kvite, svarte og blå trikoloren. Den 20. august 1991

erklærte Estland sjølvstende frå Sovjetsamveldet. I eit siste forsøk på å hindre landet frå å bryte ut av unionen rykka sovjetiske styrkar inn i Tallinn same kveld, men til skilnad frå hendingane i Riga og Vilnius tidlegare det same året kom det aldri til nokon valdeleg konfrontasjon mellom soldatar og demonstrantar. To veker seinare anerkjente Moskva dei baltiske republikkane som sjølvstendige statar, og fridomskampen som av baltarane sjølve hadde vorte kalla den syngande revolusjonen var krona med siger.

Den estiske republikken hadde atteroppstått, og over natta hadde fleire hundre tusen sovjetborgarar busett i Estland vorte statslause. Etniske russarar fødte og oppvaksne i landet var med eitt ikkje lenger ein del av den dominerande maktfaktoren i unionen, men éin av fleire språklege minoritetar i det dei rekna som sitt eige heimland.

1.6.7 Nittitalet

Borgarskapsspørsmålet meldte seg umiddelbart, og sidan Estland ikkje var nokon ny stat hadde i utgangspunktet berre borgarar som kunne syne til blodsband attende til republikken av 1918 krav på statsborgarskap. Ein tredjedel av folkesetnaden i landet fall utanfor denne kategorien og vart i praksis statslause. Brorparten av desse var russiske, og Russland og EU var samrøystes i kritikken av Estland grunna dette. Fyrst i 1992 kom ei utlendingslov som sikra dei statslause grunnleggande rettar og opna for ei mellombels ordning med at statslause og andre som ynskja det kunne søke om estisk statsborgarskap gjennom naturalisering.

I 1995 kom den ordentlege borgarskapslova på plass, og med denne vart naturaliseringsprosessen formalisert og meir omfattande. Det vart stilt ei rekke krav, mellom anna måtte søkerar ta både skriftlege og munnlege prøver i estisk språk og i samfunnskunnskap, og naturaliseringsprosessen vart avslutta med at den nye borgaren måtte sverje ei lojalitetseid til den estiske grunnlova. I løpet av 90-talet fekk over 110 000 personar tildelt estisk statsborgarskap på dette viset, men det var òg mange med ikkje-estisk bakgrunn som etter kvart forlét Estland til fordel for heimrepublikkane sine. Sjølv om mange av dei russisktalande forlét landet vart svært mange verande, og den russiske folkesetnaden i landet heldt fram med å vere ei stor minoritetsgruppe som prega både innanriks- og utanrikspolitikken (Sjå figur 2, s. 14) (Polesjtsjuk 2005, 29). Opp gjennom nittitalet jobba Russland for at mange av dei tidlegare sovjetrepublikkane skulle innføre russisk som offisielt språk, men utan å få gjennomslag.

1.6.8 Europeisk integrasjon

Heilt sidan sjølvstendet har Estland søkt vestover mot Skandinavia og Europa, og både NATO- og EU-medlemskap var ein tidleg ambisjon. Fyrstnemnte vart sett på nesten som eit vere eller ikkje vere for dei baltiske statane, som frykta at ei framtid utan NATO fort ville føre dei attende i den

russiske fold. Estland vart NATO-medlem 29. mars 2004, EU-medlem 1. mai 2004, medlem av Schengen sidan 2007 og av eurosona sidan 2011.

Det er ingen tvil om at Estland har lukkast med målsetnaden om europeisk integrasjon av republikken, men året landet vart med i eurosona budde det framleis i underkant av 100 000 statslause menneske i landet og den språklege konflikten med den store russiske minoriteten var på ingen måte løyst. Somme vil òg hevde at det har vorte færre spørsmål rundt handsaminga av minoritetar og statslause etter at Estland vart medlem av EU, og at situasjonen ikkje er like rosenraud som estiske rapportar påstår.

2. Sovjetsamveldet sine siste dagar (1987–1990)

Det var i Baltikum det heile byrja. Dei aller fyrste signala om ein folkeleg motstand mot det sovjetiske styret kom frå Latvia i 1987. Året etter var det estiske Folkefronten (*Rahvarinne*) som leia fridomskampen ved å kjempe for lokalt sjølvstyre innan Sovjetunionen, og til sist var det Litauen som byrja kampen for fullt sjølvstende for dei baltiske republikkane (Kolstø 1995, 95).

2.1 Glasnost' og perestrojka

Med dei politiske reformene mot slutten av 1980-talet vart det mogleg for meir radikale røyster å sleppe til i Den estiske sosialistiske sovjetrepublikken (ESSR), og det vart gradvis mindre risikabelt å ta til orde mot politikken som vart ført av regjeringa i republikken eller av leiinga i Moskva. I dømet Estland var det ei miljøsak som fekk ballen til å byrje å rulle.

I februar 1987 kunne estisk fjernsyn melde at regjeringa hadde lagt planar for ei større utbygging av fosforgruvene i området *Virumaa*, nordaust i Estland. Dei allereie eksisterande fosforgruvene var ryggmargen i økonomien i området, men dei hadde òg skapa store miljøproblem, og med ei vidare utbygging var det fare for at so mykje som 40 % av grunnvassreservoaret i republikken kunne verte forureina. Regjeringa sine planar vart møtt av protestaksjonar og underskriftskampanjar i heile landet. Fleire stadar tok institusjonar som tidlegare hadde ført ei svært konservativ line i politikken ope til orde mot regjeringa sine planar. Det vart ikkje reagert på protestane frå regjeringa sitt hald, og med massiv folkeleg motstand gjennom våren 1987 enda saka med at regjeringa valte å skrinlegge prosjektet i oktober det same året (Raun 2001, 223).

Hendinga var ein stor siger for dei estiske miljøvernarane, men ringverknadane av desse protestane nådde langt lenger enn berre til miljørørsla. Hendinga synte det estiske folket kva makt som potensielt låg i store, fredelege og samkøyrde protestar i regi av grasrotorganisasjonar. I tillegg var resultatet og fråveret av politioppbod eit prov på at dei politiske reformene som hadde vorte varsla i sanninga opna for at tema som tidlegare hadde vore tabu no kunne debatterast.

Eitt slikt omstridd tema var Molotov-Ribbentropp-traktaten. Sovjetiske styresmakter hadde i årevis hardnakka hevda at traktaten mellom den sovjetiske og tyske utanriksministeren berre var oppspinn og vestleg propaganda, men for fridomsorienterte baltarar var dette vanskeleg å slå frå seg. På årsdagen for signeringa av traktaten, 23. august 1987, fann den fyrste offentlege protesten mot traktaten stad i Hirve-parken i Tallinn. Dette var fyrste gongen nokon offentlege hadde fått høve til å ta til orde for å påpeike kva dramatiske konsekvensar traktaten hadde hatt for dei baltiske republikkane. Heller ikkje denne gongen vart dei protesterande møtt av politistyrkar. Arrangørane var jamvel estiske dissidentar som nyleg var slopt ut av fengsel, og

som attpåtil hadde fått løyve frå myndigheitene til å arrangere demonstrasjonen (Raun 2001, 223).

2.2 Eit sjølvstyrt Estland

Det same året vart dei sokalla IME-planane presenterte. IME (*Isemajandev Eesti*) kan omsetjast til *Eit sjølvforsynt Estland*, og var ganske enkelt eit forslag om å oppheve Moskva sin kontroll over den estiske økonomien. ESSR skulle få økonomisk autonomi innan Sovjetunionen og eit eige skattesystem. Det estiske kommunistpartiet var i utgangspunktet negative, men etter at nye demonstrasjonar året etter førte til innsettinga av estisk-fødde Vaino Väljas som fyrstesekretær i partiet endra haldninga seg.

I april 1988 vart grasrotorganisasjonen Folkefronten (*Rahvarinne*) stifta som ein støtteorganisasjon til Gorbatsjov sine forsøk på reform. Éin av leiarfigurane var kommunistpartimedlem Edgar Savisaar, som var sentral i å stake ut kursen mellom det han sjølv omtalte som *stalinistar* og *urealistiske reformasjonistar*, der fyrstnemnde ville behalde den sovjetiske strukturen og sistnemnde ville vende attende til republikken av 1918 som om ingenting hadde endra seg sidan den gong (Raun 2001, 225).

Med ein medlemsmasse på rundt 100 000 var Folkefronten nesten på storleik med det estiske kommunistpartiet, og overlappinga mellom dei to organisasjonane låg på rundt 28 %. Det somme såg på som sunn nasjonalromantikk vart av andre oppfatta som vulgær nasjonalisme. I følge sovjetisk ideologi var kvar ei form for nasjonalisme reaksjonær og skadeleg, og i delar av det russisktalande miljøet i Estland var skepsisen til dei økonomiske reformene og det auka sjølvstyret stor (Kolstø 1995, 103).

Som ein motpol til Folkefronten vart Interfronten (*Interliikumine*) stifta sommaren 1988. Medan Folkefronten var 93 % estisktalande var Interfronten nesten utelukkande russisktalande. Det er viktig å presisere at Folkefronten på ingen måte representerte alle russarane i ESSR. Både i Baltikum og i Moskva fanst det mange russarar med eit sterkt ynskje om demokratiske reformer, og ikkje minst var dette tilfelle hjå dei unge (Kolstø 1995, 104). Ei spørjeundersøking frå seinhausten 1988 synte at berre 15 % av den russisktalande folkesetnaden støtta Interfronten (Raun 2001, 226).

På årsmøtet for det estiske kommunistpartiet hausten 1988 fremja fyrstesekretær Vaino Väljas, etter forslag frå estiske kulturorganisasjonar, eit krav om full føderalisering av Sovjetunionen og eit krav om å innføre estisk som offisielt språk i republikken. Hendinga fall saman med tidspunktet for den tradisjonelle songfestivalen i Tallinn, ein festival som har vorte arrangert i Tallinn kvart femte år sidan 1869. Då Väljas kom attende til hovudstaden etter årsmøtet oppmoda den nyetablerte organisasjonen Folkefronten til å feire Väljas, og meir enn 300 000

menneske møtte opp til ein songfestival som veksla mellom folkesongar og politiske talar gjennom natta (Raun 2001, 225). Det store oppmøtet på songfestivalen er ein god indikasjon på at krava Våljas hadde fremja på årsmøtet til kommunistpartiet var krav langt fleire enn berre dei politisk aktive kunne stille seg bak.

Eit anna døme på kor vidfemnande tanken om større sjølvstyre for Estland var finn ein i det estiske øvstesovjetet. Øvstesovjetet var valt etter tradisjonelle sovjetiske metodar, der samtlege av kandidatane var handplukka medlemmer av kommunistpartiet (Raun 2001, 228). Likevel valte det estiske øvstesovjetet, til store protestar frå Moskva, å vedta ei eiga grunnlov for ESSR. Grunnlova, som vart vedteken 1. november 1988, slo mellom anna fast at lokal lov skulle trumfe sovjetisk lov, at republikken hadde vetofullmakt over sentral lov som råka ESSR, og at det offisielle språket i ESSR skulle vere estisk (Rannut 2008, 152).

I dette politiske klimaet blomstra det estiske organisasjonslivet. Ei av gruppene som oppstod på dette tidspunktet var Den estiske borgarkomiteen (*Eesti Kodanike Komiteed*) som på eige initiativ byrja registrere namn på borgarar i dagens ESSR som var av eller stamma frå den fyrste estiske republikken. Innan organisasjonen var eitt år gammal sat dei på lister med over 700 000 namn, samt søknadar frå over 30 000 personar innvandra etter 1940 som ynskja å skrive seg inn i manntalet (Raun 2001, 228).

2.3 Språklova av 1989

Spørsmålet om språk stod sentralt i den estiske kampen for sjølvstende, og i februar 1989 vedtok det estiske øvstesovjetet ei eiga språklov for republikken. Ei eiga språklov var på ingen måte noko unikt i sovjetisk samanheng. Dei kaukasiske sovjetrepublikkane Georgia, Armenia og Aserbajdsjan hadde gjennom eit grunnlovstillegg sikra offisiell status for sine eigne språk allereie i 1978, men det politiske klimaet i Sovjetunionen var eit heilt anna i 1989 enn i 1978. Den estiske språklova vart vedteken 18. januar 1989, og allereie veka etter (25.01.89) kom den litauiske språklova på plass. I byrjinga av mai følgde Latvia opp (05.05.89), og innan året var omme hadde Tadsjikistan (02.08.89), Moldova (01.09.89), Usbekistan (21.09.89), Kasakhstan (22.09.89), Kirgisistan (23.09.89) og Ukraina (03.10.89) gjort det same. Kviterussland (26.01.90) og Turkmenistan (24.05.90) følgde etter, og sommaren 1990 var det berre den russiske sovjetrepublikken som stod att utan ei eiga språklov (Rannut 1995, 190).

Felles for alle desse vedtaka var at dei ynskja å endre på maktforholdet mellom russisk og dei lokale språka. Hjø dei som kjempa for statusen til dei lokale språka vart dette sett på som eit stort steg i riktig retning, men avgjerslene vart ikkje godt mottekne i Moskva.

Som eit mottiltak i forsøk på å atteretablere det tidlegare språklege hierarkiet vedtok den sentrale regjeringa ei språklov for heile Sovjetunionen den 24. april 1990. Lova slo fast at russisk

språk både var offisielt språk i heile Sovjetunionen, og språket som skulle nyttast til internasjonal kommunikasjon. Vedtaket fekk ingen reelle konsekvensar for Estland av di den estiske grunnlova av 1988 allereie hadde slått fast at lokal lov skulle ha forrang ved høve der to lover var i konflikt med kvarandre (Rannut 1995, 191).

С учетом исторически сложившихся условий и в целях обеспечения общесоюзных задач русский язык признается на территории СССР официальным языком СССР и используется как средство межнационального общения.

(Закон СССР от 24.04.1990 о языках народов СССР)

Sjølv om kampen for det estiske språket i 1989 allereie hadde pågått i generasjonar er det trygt å hevde at språklova frå det same året markerer startpunktet for den moderne estiske språkpolitikken. Ein føresetnad for at dette i det heile teke skulle vere mogleg var den grada av sjølvstende dei einskilte sovjetrepublikkane hadde vorte gjevne, eller gav seg sjølve, gjennom dei sovjetiske reformene på slutten av 1980-talet.

Reaksjonane lét ikkje vente på seg, og frå russisk hald strøyma trugslar om streik og skuldingar om både nasjonalisme og fascisme. Trass i at det i ESSR ikkje fanst noko offisielt språk fungerte russisk som offisielt språk i so godt som alle samfunnsfunksjonar, i alle høve i regjeringsapparatet. På grunn av dette hadde estisk enda opp med rolla og statusen til eit minoritetsspråk, sjølv om det ikkje på noko tidspunkt hadde vore noko mindretal av estisktalande i republikken. Språklova av 1989 var utan tvil både radikal og omfattande, men språklege regimeskifte var knapt noko nytt element i den baltiske historia. Frå den intense russifiseringa under tsar Aleksander III kom det fyrst ei kortvarig liberalisering, før Estland som fri stat kunne innføre sitt eige nasjonalspråk i 1918. I 1940 opplevde landet på ny å verte underlagt ei streng russifisering i sovjetisk regi, før ein gjennomgjekk tre år med ei tyskspråkleg overmakt. Etter Den andre verdskrigen venta førti år med deportasjonar og masseimmigrasjon, samt ei russifisering som denne gongen gjekk under dekke av å fremje sosialistisk likskap gjennom dyrkinga av den ikkje-nasjonale og ikkje-kulturelle *homo sovieticus* (Kaplan 2008, 32).

Då ein atterinnførte estisk som nasjonalspråk i 1988 var det ikkje ein uttalt målsetnad å innføre estisk som einaste språk i republikken, men snarare for å syte for at det estiske språket skulle ha høve til å kunne eksistere side om side med russisk. Trass i at det estiske språket hadde overlevd mange århundre med forskjellige okkupasjonar vurderte mange estlendarar framleis språket og kulturen sin som svært sårbar (Kolstø 1995, 98–99).

Det vart sagt at målsetnaden med språklova var å atterinnføre eit samfunn som i realiteten var tospråkleg (Rannut 2004, 6), ikkje ulikt situasjonen i Estland i førkrigstida, der etniske tyskarar og russarar beherska estisk i tillegg til morsmålet sitt. Vel vitande om at ei språklov av denne

kaliberen kunne verte oppfatta som anti-russisk nytta dei estiske parlamentarikarane mykje tid på diskusjonar og konsultasjonar med russiskspråklege arbeidskollektiv (Smith 2002, 50).

Lovforslaget var ikkje utelukkande upopulært hjå den russisktalande folkesetnaden i republikken, og særleg i dei arbeidskrinsar og sosiale lag der ein allereie hadde kontakt med estisktalande var somme òg positive til desse språklege tiltaka. I meir einspråklege delar av folkesetnaden i republikken var derimot motstanden stor, og det var mange demonstrasjonar både mot fokuset på estisk, vendinga mot Europa og til sist mot tanken om sjølvstyre (Park 1994, 80).

2.3.1 Lovteksten

Eg har via mykje tid til gjennomgangen av språklova av 1989, då det er denne som på mange måtar legg grunnsteinen for den språkpolitiske utviklinga i Estland gjennom dei neste tiåra. Sjølv om språkideologien og kanskje særleg haldninga til minoritetsspråk har endra seg i takt med det politiske landskapet elles er denne lovteksten viktig for at lesaren skal få ei oppfatning av kor sentralt spørsmålet om språk har stått i den estiske nasjonsbygginga.

В Эстонии, на исконной территории обитания эстонцев, эстонский язык является объектом особого внимания государства и находится под его защитой. (Språklova av 1989, innleiande tekst)

Trass i at intensjonen med språklova av 1989 ifølgje Rannut var tospråklegheit er det fleire element ved lova som vitnar om ein tydeleg preferanse for estisk over russisk (Rannut 2008, 153). Den innleiande teksten til lovforslaget er kort (190 ord), men ein rekk likevel å nemne estisk språk åtte gongar, og variantar av ordet estisk heile 19 gongar. Til samanlikning vert russisk berre nemnt éin gong. Ein annan detalj som det er verdt å merke seg er korleis det i den innleiande teksten vert understreka at Estland er *det estiske folket sitt historiske område*, og at språket difor har krav på særleg beskyttelse.

Punktet som omhandlar russisk språk syner til behovet for kommunikasjon med resten av Sovjetunionen, samt det faktum at russisk var det nest mest tala morsmålet i ESSR, etter estisk. I det neste avsnittet kjem ein med forsikringar om at statusen til estisk som offisielt språk på ingen måte bryt med rettane til borgarar med eit anna morsmål. Alle borgarar skal, uavhengig av nasjonalitet og morsmål, ha høve til å nytte sitt eige språk og utvikle eigen kultur.

§ 1

В соответствии со статьей 5 Конституции Эстонской ССР государственным языком Эстонской Советской Социалистической Республики является эстонский язык. (§1.1)

Sjølve lovteksten opnar med å syne til femte paragraf i den estiske grunnlova som vart vedteken nokre månadar tidlegare, der det vert slått fast at det offisielle språket i ESSR skal vere estisk. Lovteksten skal regulere bruken av det offisielle språket, russisk og andre språk.

§2-7: Individet

Paragrafane 2-7 regulerer språklova på individnivå, og opnar med å etablere rettane til estisktalende og russisktalende i paragrafane to og tre. Her finn ein òg eit markant skilje mellom estisk og russisk, for medan dei estisktalende vert sikra retten til å nytte eige språk, var ordlyden i paragrafen som omhandlar dei russisktalende sitt språklege vern er noko annleis. Medan kvar og ein skulle ha rett (имеет право) til å nytte estisk språk i møte med statsforvaltinga og andre organisasjonar eller bedrifter, garanterte lova berre for høve (гарантируется возможность) til å nytte russisk i møte med statlege organ, og bruken av russisk språk i møte med ikkje-statlege organisasjonar er ikkje nemnt.

Для всех руководящих работников [...] по долгу службы общающихся с частными лицами, устанавливаются требования в части владения языками. (§4.1)

Paragraf 4 er kanskje den enkeltparagrafen i lovteksten som på best vis gjev uttrykk for ambisjonane til dei estiske lovmakarane. Denne paragrafen slår fast at det skal stillast krav om språkleg kompetanse til alle personar i jobbar som krev kommunikasjon med andre menneske. For at det ikkje skal vere nokon tvil om kva yrkesgrupper som vert råka av den nye lovteksten listar ein i lovteksten opp at det gjeld alle direktørar og administratorar, alle tilsette i statlege organ og regjeringsorgan, tilsette i offentlege organisasjonar, det juridiske systemet, politi og sikringstenester, medisinsk personell, journalistar, tilsette i handels- og kommunikasjonstenester, personar i redningstenesta og so bortetter. For desse skal kunnskap om og kompetanse i bruken av estisk, russisk og andre språk vere obligatorisk. Nøyaktig kva som ligg i kravet om språkleg kompetanse kjem ikkje godt fram i sjølve lovteksten, men i paragraf 37 vert det slått fast at lova gradvis skal tre i kraft gjennom ein periode på fire år. Det skal vere opp til det estiske ministerrådet å avgjere nøyaktig kva språklege krav som skal stillast, kva dokumentasjon som skal vere naudsynt og kva som skal vere den endelege datoen for implementeringa av lova.

Det er neppe overraskande at paragraf 4 skapte noko uro i den russiskspråklege folkesetnaden i landet, då denne i stor grad var einspråkleg. At lova stilte krav om russiskkunnskapar for dei estiskspråklege hadde små praktiske konsekvensar, då desse i svært stor grad allereie var tospråklege. Likevel sikra paragrafen at både dei estisk- og russisktalende skulle kunne ha høve til å nytte eige språk i kvardagen og i grunnskulen (Rannut 1995, 204).

Dei tre neste paragrafane gjer det klart at ein samtale mellom overordna og underordna skal skje på det språket den underordna ynskjer (§5), at kunden skal avgjere kva språk som vert nytta under kjøp og sal (§ 6), og at å hindre eller syne forakt for nokon sitt språkval kan, i somme høve, vere straffbart (§ 7).

§8–11: Stat og regjering

Акты органов государственной власти и государственного управления Эстонской ССР принимаются и публикуются на эстонском языке и в переводе – на русском языке. (§8.2)

I likskap med kapittelet om individet opnar òg dette kapittelet med å slå fast at arbeidsspråket i alle statlege organ skal vere estisk, men at somme lokale organ kan bruke russisk som arbeidsspråk, so sant det er i samsvar med paragraf 36. Vidare står det at alle offisielle dokument skal tilpassast og publiserast på estisk, med russiske omsetjingar. Det er her verdt å merke seg at dokumenta ikkje skal omsetjast frå russisk til estisk, men skrivast om og tilpassast det estiske språket, slik at originaldokumentet er på estisk, og den russiske versjonen vil vere ein annanrangs og omsett versjon av originalen. Det skal med andre ord leggjast til rette for at russiskspråklege òg skal kunne halde seg orienterte, men det skal ikkje vere nokon som helst tvil om kva som er det offisielle språket eller statusforholdet mellom dei to.

Paragraf 9 opnar for å nytte eit språk som båe partar kan semjast om i kommunikasjon med aktørar utanfor ESSR. I og med at størsteparten av den estiske folkesetnaden, uavhengig av etnisitet, hadde kompetanse i russisk er det interessant at ein i denne paragrafen ikkje trekk fram russisk, men snarare kva språk som helst som båe partar kan semjast om. Når det gjeld interkommunikasjon (§10) skal all skriftleg kontakt vere på estisk, med mindre paragraf 36 opnar for avgrensa bruk av russisk.

I kontakt mellom statlege organ og ein enkeltperson innanfor republikken skal kommunikasjonen gå på estisk, men ved høve der enkeltpersonen ikkje beherskar estisk, kan russisk eller, ulikt §9, eit anna språk nyttast. Staten skal garantere for at kvar og ein skal ha høvet til å kommunisere og utføre sine gjeremål med statlege organ på estisk eller russisk, og kunne gje dei statlege dokument på anten estisk eller russisk. Andre språk kan òg vere tilgjengelege i situasjonar eller område der dette vil vere føremålstenleg.

§12–17: Institusjonar, bedrifter og organisasjonar

Языком внутреннего делопроизводства учреждений предприятий и организаций, расположенных на территории Эстонской ССР, является эстонский язык. (§12.1)

At ei språklov pålegg dei statlege organa å følgje visse språklege normer er verken overraskande eller uvanleg. Litt meir overraskande er det at språklova av 1989 òg stiller krav om at det interne arbeidsspråket hjå alle institusjonar, bedrifter og organisasjonar i ESSR skal vere estisk. Andre ledd opnar for at russisk kan nyttast som arbeidsspråk i ein overgangsfase, jf. innfasingspunktet som gjaldt § 4. Tilsette skal få all jobbrelatert informasjon på estisk, og arbeidsgjevar skal akseptere at arbeidet som vert gjort vert gjort på estisk.

Dei vidare paragrafane i dette kapitlet samsvarar i svært stor grad med dei i førre kapittel, men det vert gjeve unntak frå språklova for einingar i militæret, og presisert at lova òg skal gjelde institusjonar, bedrifter og organisasjonar som har avdelingar i fleire sovjetrepublikkar.

Fritaket for dei militære einingane skuldast truleg at svært få av soldatane og offiserane var estiske, då Sovjetunionen førte ein praksis med at vernepliktige soldatar sjeldan tenestegjorde i heimrepublikken sin, og uansett måtte kunne kommunisere med og samarbeide med soldatar frå resten av Sovjetunionen. I tillegg er det nærliggande å tru at sjølv ikkje dei djervaste estiske politikarane hadde noko ynskje om å legge seg ut med det sovjetiske forsvarsdepartementet.

§ 18 Rettssystemet

Denne paragrafen syner til artikkel 158 i grunnlova til ESSR, som slår fast at kvar og ein har rett til å avgje forklaring og få dommar forkynna på eige språk.

§ 19–25 Utdanning, forskning og kultur

Эстонская ССР признает равное право всех своих граждан на получение государственного общего образования на родном языке. (§19.1)

Lova slår fast at alle borgarar har rett på statleg utdanning på sitt eige morsmål, at ESSR garanterer for utdanning på estisk i heile republikken og at allmennutdanning på russisk vert gjeve i samsvar med korleis den russiske folkesetnaden er fordelt utover landet (§19). Vidare vert det garantert for retten til barnehage og allmennutdanning på éinspråklege institusjonar, og at ein i ikkje-estiskspråklege barnehagar skular kan nytte andre språk som arbeidsspråk.

I denne paragrafen kjem målsetnaden om det tospråklege samfunnet som Rannut skisserer til syne. Sjølv om det berre vert garantert for russisk allmennutdanning i dei delane av landet med ein stor russisk folkesetnad opnar dette i praksis for at born av både russiske og estiske familiar på lik line får høve til å ta ei utdanning på det språket dei sjølve ynskjer.

For høgare utdanning vert det slått fast at alle borgarar har rett på yrkesretta, spesialiserte og høgare utdanning på estisk i alle emne det vert undervist i ESSR. Dei som er uteksaminerte frå russiskspråklege skular er òg garantert høvet til å ta høgare utdanning, og har krav på tilrettelegging gjennom russiskspråklege studiegrupper og intensivkurs i estisk. Vidare

garanterer lova for retten til å levere og forsvare doktorgradsavhandlingar på estisk. Det vert samstundes slått fast at lova ikkje legg bindingar på kva språk vitskaplege avhandlingar skal skrivast på.

Her er det verdt å merke seg at lova legg opp til at studentar med bakgrunn frå russiskspråklege skular skal lære seg estisk gjennom intensivkurs eller studiesirklar, og at det ikkje står skrive eit ord om retten til å ta høgare utdanning på russisk. Dette kunne føre til at det vart færre russiskspråklege emne på dei estiske universiteta, som igjen ville gjere at studentar med bakgrunn frå russiskspråklege var i stor uheldig når dei konkurrerte om gode karakterar med studentar med ein estiskspråkleg bakgrunn. Som med andre delar av språklova av 1989 vart endringane i praksis mindre dramatiske, ettersom akademisk tilsette som tidlegare underviste på russisk naturleg nok heldt fram med dette.

Эстонская ССР обеспечивает приоритет развития эстонскоязычной культуры, одновременно поддерживая культурную деятельность других национальных групп.
(§24.1)

Paragraf 24 slår fast at utvikling av estisk kultur skal ha prioritet i ESSR, men at ein samstundes skal støtte opp under aktivitetar for andre etniske grupperinger. Paragrafen garanterer vidare for at informasjon på estisk skal vere å finne i alle byar og distrikt i ESSR, at estiskspråklege publikasjonar skal vere prioriterte, at estiskspråklege fjernsyns- og radioprogram skal vere tilgjengelege i heile ESSR, at filmar, videoar og audiovisuelt materiale skal vere omsett til estisk, og at utfyllande informasjon om ESSR skal vere å finne i russiskspråklege fjernsynsprogram, radiosendinger og publikasjonar. Kulturorganisasjonar står fritt til å nytte eige språk i alle sine gjeremål (§25), og språkbruk knytt til religiøs aktivitet eller religiøse ritual er ikkje regulert av lova.

Sjølv om kapittelet sluttar med å framheve den språklege fridomen til religiøse institusjonar og kulturinstitusjonar er det liten tvil om at dette var eit punkt som bidrog til å skape konflikt. Det stod, svart på kvitt, at estisk kultur skulle ha prioritet. Idéen var svært lite sovjetisk av seg, og eit klart brott med sovjetisk kulturpolitikk.

§ 26 Møter

Det er fritt språkval på alle møter, konferansar og andre samlingar i heile ESSR. Ved internasjonale eller interrepublikale møter avgjer organisasjonskomiteane språkvalet.

Denne paragrafen er kort og enkel, men av fleire grunnar svært viktig. Møte- og forsamlingsfridom med fritt språkval er ein grunnleggande rett i eit demokrati, og var ein essensiell del av den estiske fridomskampen. Den baltiske fridomskampen vert gjerne omtala som *Den syngande revolusjonen* av di ei av dei vanlegaste aksjonsformene var menneskemengder

som song. Den største og mest kjende av desse protestaksjonane vert kalla *Den baltiske kjeden*, då rundt to millionar menneske heldt hender og danna ein menneskeleg kjede frå Tallinn i nord til Vilnius i sør.

§ 27–30 Namn

Alle stadnamn i ESSR skal vere estiske, og eit fritak frå dette må vere historisk eller kulturelt grunngeve. Alle stadar i ESSR skal ha eit offisielt namn som skal skrivast med det latinske alfabetet og som kan transkriberast til andre alfabet i samsvar med ESSR sine rettskrivingsreglar. Ikkje-estiske borgarar av ESSR har retten til å bere namn i samsvar med deira tradisjonar, men i offisiell bruk skal namnet transkriberast til det latinske alfabetet i samsvar med ESSR sine rettskrivingsreglar. Detaljerte reglar for namnebruk skal regulerast av ei eiga namnelov.

Eit namn er noko av det mest personlege ein har, og er både ein unik markør for mennesket det gjeld og ein identitetsmarkør for kva gruppe den personen høyrer til. Samstundes har samfunnet eit behov for å regulere og standardisere namnebruken til ei viss grad, og i denne overlappinga mellom den private og den offentlege sfæren er det store skilnadar i praksis mellom forskjellige land. (Jernudd 1995, 121)

Björn Jernudd skriv at namnelover har potensiale i seg til å bryte menneskerettar når staten legg seg opp i namneutforminga i ei slik grad at det endrar forholdet mellom den som skal bere namnet og den identiteten namneberar ynskjer å knytte seg opp mot. Til dømes krov den rumenske namnelova under Ceaușescu at førenamna til ungarar i Transylvania skulle omsetjast til rumenske variantar, slik at Erzsébet vart Elisabet og István vart Stefan.

Den estiske namnelova gjekk ikkje so langt, men krov berre at personnamn skulle transkriberast til latin jamføre estiske transkriberingsreglar. Trass i at sjølve namnet og ordlyden ikkje endra seg er det klart at overgangen frå kyrillisk til latin kunne falle ein etnisk russar tungt for hjartet.

Medan somme paragrafar la opp til store samfunnsmessige endringar gjorde andre paragrafar lite anna enn å sikre status quo. Lova om stadnamn er eit godt døme på dette. Lova legg opp til at alle stadnamn i ESSR skal ha estisk opphav med mindre det føreligg gode historiske grunnar til å la vere. Sjølv om lova opna for dette har det ikkje vore endra eitt stadnamn i Estland etter at lova vart vedteken. Det vart derimot gjort endringar kort tid i forvegen. Byen Kurresaare på øya Saaremaa vart i 1956 oppkalla etter den estiske kommunistleiaren Viktor Kingissepp, og bar namnet Kingisseppa fram til 1988, då det opphavlege namnet vart atterinnført. Det var med andre ord fullt mogleg å gjere desse endringane òg før språklova kom på plass, og alt lova i praksis gjorde var å tydeleggjere kva moglegheiter ein hadde til å gjere slike endringar. At paragrafen dinest ikkje vart brukt éin einaste gong er òg verdt å ta med seg.

§ 31–34 Skilting og informasjon

I ESSR skal alle skjema vere på estisk (§ 31), all tekst på segl og stempel skal vere på estisk (§32), men desse kan supplerast med ei omsetjing dersom det er naudsynt. Teksten på alle skilt, plakatar, oppslag og reklame i det offentlege rom skal vere på estisk. Transliterasjon eller omsetjing av den estiske teksten er lov, men lova presiserer at desse ikkje kan trykkast med større skrift enn den estiske. Instruksjonar og innhaldslistar på alle varer selt i ESSR skal vere på estisk (§33), og alle bokstavkombinasjonar for varemerke brukt i ESSR skal skrivast med det latinske alfabetet.

Presiseringa av at skriftstorleiken på språk B ikkje kan vere større enn språk A er detaljstyrande ned på eit nivå som nesten er humoristisk, men sender ein klar budskap om ein preferanse for språk A over språk B. Vidare pålegg lova selskap som skal selje varer i ESSR å tilpasse seg det estiske språkregimet.

§ 35–37 Lovanvendelse

Dette kapittelet tek for seg fritak og høve til å søke om utsetjing frå delar av lova. Mellom anna er det slik at i område der ein overveldande del av folkesetnaden ikkje beherskar estisk og internt arbeidsspråk har vore russisk, skal det vere mogleg å søke om utsetjing (§ 36). Det vert likevel presisert at eit slikt unntak ikkje kan gjelde hovudstaden eller bydelar i Tallinn.

2.3.2 Diskusjon

Som dei innleiande delane av oppgåva syner var det politiske klimaet heitt både i ESSR og resten av Sovjetunionen. Trass i at estisk ikkje på noko tidspunkt hadde vore eit minoritetsspråk i sovjetrepublikken hadde den store tilstrøyinga av russarar og andre russisktalande sovjetborgarar resultert i at estisk hadde enda opp med både rolla og statusen til eit minoritetsspråk. Den vidare utviklinga gjekk i retning av ein russiskspråkleg dominans på dei fleste samfunnsområde, og for nasjonalt orienterte politikarar som såg på det estiske språket som eit vere eller ikkje vere for den estiske nasjonen var det få andre utvegar enn å vedta ei eiga språklov for republikken.

Språklova var radikal i si form, og det mest omdiskuterte kravet i det nye lovverket var utan tvil kravet om at arbeidstakarar måtte beherske både estisk og russisk. Den uklåre ordlyden i lovteksten gjorde derimot at mange vart usikre på nøyaktig kva krav som skulle stillast og kva konsekvensane kunne vere om ein ikkje oppfylte krava. Som tidlegare nemnt fordømte regjeringsavisa *Izvestija* lova som grunnlovsstridig av di den stengte sovjetiske borgarar ute frå offentlege stillingar. (NTB, 18.01.89) At det allereie var ei rekke stillingar både innan stat og sikringstenester som ikkje-russiske borgarar ikkje hadde høve til å søke på var ikkje eit tema i

Izvestija, men syner at verken språklege eller etniske krav var noko nytt i Sovjetunionen. (Rannut 2008, 152)

Kravet om tospråklegheit i språklova av 1989 råka ESSR-borgarar med russisk morsmål langt hardare enn dei med estisk morsmål, då sistnemnte gruppe i stor grad allereie var tospråkleg. Noko av grunnen til den einsidige tospråklegheita i ESSR var at det ikkje var noko stort behov for estiskkunnskapar i dei delane av landet som hadde ein stor russisk folkesetnad, medan ein trong grunnleggande russiskkunnskapar for å fungere i den estiske arbeidsmarknaden. Eit sentralt punkt i lova var at språkkrava ikkje skulle setjast i verk før det var gått fire år, slik at offentleg tilsette som ikkje beherska språket skulle få høve til å lære seg nok til å oppfylle krava. (Polesjtsjuk 2003, 103)

Det er ingen tvil om at språklova av 1989 var eit radikalt lovvedtak som skapte store bølger både i og utanfor ESSR. Preferansen for estisk over russisk skin gjennom det meste av lovteksten, men det er òg det som var hensikta med lova. Etter femti år med russifisering og ein stadig lågare status for det estiske språket skulle ei utvetydig lov ein gong for alle slå fast kva rolle estisk skulle spele i ESSR.

Lova er likevel ikkje fullt so ubalansert som ho kan virke ved fyrste gjennomlesing, og heller ikkje like russiskfiendtleg som ho i ettertida har vorte framstilt som av russiskspråklege medium. Språklova av 1989 kan på sett og vis delast i to, der den eine delen er paragrafane som framhevar estisk språk, og den andre delen forsøker balansere det ved å sikre rettar til dei som tala russisk eller andre språk. Sistnemnde kategori kan ein ta til inntekt for målsetnaden om eit tospråkleg samfunn, der russisk og estisk skulle kunne fungere side om side, sjølv om estisk skulle vere offisielt språk.

Ein svakhet med språklova av 1989 var at lova var vel so mykje eit politisk dokument som eit juridisk eit, og som mellom anna Rannut (2004, 6) påpeikar var det fleire avsnitt av lova som var urealistiske å gjennomføre, og det fanst mellom anna ingen planar for nøyaktig korleis eit tospråkleg regime skulle innførast. Sjølv om intensjonen med lova var god vart ho ikkje verken spesielt godt motteke eller til å byrje med respektert i særleg grad, og både forskingslitteraturen og journalistikken kan syne til at forsøk på å tale estisk med etniske russarar i statsapparat eller på gata ofte vart møtt med *govorite po tsjelovetsjeskij*. Frasen, som gjerne kan setjast om til *snakk som folk* på norsk, vart i seinare tid ein slags humoristisk catch-phrase for den uopplyste russar, og vart nytta til å latterleggjere dei einspråklege russisktalande eller nytta som politisk argument mot å gje russisktalande språklege eller politiske rettar.

Språkkrava skulle fastsetjast av det estiske ministerrådet, og i juli 1989 vart det vedteke retningsliner som regulerte kva språklege krav som skulle stillast til kva yrker, og kva

språkkunnskapar som måtte til for å nå dei forskjellige kategoriane. Retningslinene la opp til ei rangering av språkbrukarane i kategoriar frå A til F, der kategori A var den lågaste godkjente rangeringa, og F var den høgste. For å oppnå kategori A måtte søkaren bestå ei lytteprøve med eit utval av dei 800 mest brukte orda i estisk. Kategori B krov at kandidaten bestod både lytteprøva og ei munnleg prøve med det same vokabularkravet. Kategori C inkluderte i tillegg ei godkjent leseprøve og grunnleggande skriftleg kompetanse. For kategori D auka vokabularet til dei 1500 vanlegaste orda, og for kategori E til 2500 ord. Dei som kunne prove full forståing av språket gjennom både leseprøver og skriftlege og munnlege prøver hamna i kategori F (Rannut 2004, 8).

Språkkravet til den enkelte var avhengig av kva jobb han eller ho hadde eller ynskja å søke på. For dei fleste jobbar la retningslinene opp til eit krav om språkkunnskapar tilsvarande kategori C, med andre ord eit krav om grunnleggande kunnskapar i lesing, lytting og tale. For leiarstillingar var det eit krav om kategori D eller E, medan kravet om kategori F var øyremerkt høge stillingar som regjeringsmedlemer, presidenten sjølv, dommarar og andre toppleiarstillingar.

Ettersom det i hovudsak var estendarar og baltiske russarar som var tospråklege truga det språklege kravet for stillingar i det offentlege den sovjetrussiske folkesetnaden i langt høgare grad enn elles. Sjølv om det språkelege kravet for å bestå på det lågaste nivået ikkje var spesielt høgt er det forståeleg at sjølv sovjetrussarar som til ei viss grad beherska språket valte å protestere mot lova på prinsipielt grunnlag. Kravet om språkleg kompetanse var problematisk i seg sjølv, men inndelinga av yrker etter språkleg kompetansenivå la opp til at toppstillingane berre kunne betenast av dei som beherska estisk språk på øvste nivå, altso i hovudsak etniske estendarar. Desse krava er gode døme på delar av språklova av 1989 som kan seiast å vere meir ideologisk enn juridisk basert, og ettersom det på det tidspunktet ikkje fanst nokon god måte å handheve eit slikt system på er det ikkje overraskande at ein enda opp med å skulle utsetje iverksetjinga til fire år seinare.

I januar 1990 forenkla ein språkkunnskapsrangeringssystemet frå seks til tre kategoriar, slik at dei tidlegare kategoriane A, B og C vart kalla *grunnleggande nivå*, kategori D vart *mellomnivå*, og kategoriane E og F vart *høgt nivå* (Rannut 2004, 8). Utpå hausten det same året vart det oppretta eit eige språktilsyn som skulle ha ansvaret for undervising i og testing av estisk språk. Tilsynet skulle òg ha ansvar for å sjå til at lova vart følgt og implementert innan dei forskjellige fristar som vart sette. Tilsynet var fyrst uavhengig, før det hamna under det estiske språkrådet og til sist vart underlagt det estiske kunnskapsdepartementet. Språklova hadde vorte kritisert for at ansvaret for iverksetjinga av lovverket ikkje var tildelt noko eige statleg organ, men med opprettinga av språktilsynet var dette ivareteke (Rannut 2004, 6).

2.4 Vegem vidare mot sjølvstendet

Etter at den estiske språklova var komen på plass heldt den politiske kampen for sjølvstyre fram, og våren 1989 tillèt ein for fyrste gong at fleire enn éin kandidat kunne stille til val i ein valkrins. Valet var til Folkekongressen i Moskva, og kandidatar knytt til Folkefronten fekk 29 av dei 36 seta som ESSR hadde krav på.

Hausten 1989 vedgjekk endeleg dei sovjetiske styresmaktene at Molotov-Ribbentropp-traktaten var ekte. Innrømminga vart oppfatta som ei indirekte innrømming av at dei baltiske statane var, som dei sjølve lenge hadde hevda, ulovleg inkorporerte i Sovjetunionen (Kolstø 1995, 104). Innrømminga førte òg til ei massemonstring på 50-årsdagen for signeringa av traktaten. Den 23. august 1989 demonstrerte mellom to og tre millionar menneske ved å danne ein menneskeleg kjede på over 600 kilometer, frå Tallinn i nord til Vilnius i sør (Raun 2001, 229).

Den estiske borgarkomiteen, som samla inn namna på borgarar av den fyrste republikken skipa i februar 1990 det dei kalla eit grasrotparlament, Den estiske kongressen (*Eesti Kongress*), som skulle vere ein symbolsk ikkje-sovjetisk motpol til øvstesovjetet. (Raun 2001, 228) Saman med Det estiske sjølvstendepartiet (*Eesti Rahvusliku Sõltumatus Partei*) (ERSP) danna Den estiske kongressen den harde kjernen av dei som jobba for eit fritt og sjølvstendig Estland. Medan andre organisasjonar framleis vurderte å bli verande som ein sjølvstyrt sovjetrepublikk forkasta desse ideen. Dei to organisasjonane rekna det estiske øvstesovjetet som eit illegitimt organ sidan det hadde vorte valt under eit okkupasjonsregime, og ivra for ei attendeføring til den estiske republikken av 1918 (Kolstø 1995, 107–108).

Sjølv om dei radikale nasjonalistane i Den estiske kongressen og ERSP meinte at det estiske øvstesovjetet var eit illegitimt politisk organ hindre det dei ikkje i å stille til val våren 1990. Valet gjekk ikkje heilt etter planen verken for dei radikale nasjonalistane eller kommunistane, men svært godt for Folkefronten, som hausta røyster både frå estlendarar og russarar. Valet enda med at leiaren for Folkefronten, Edgar Savisaar, tidlegare medlem av kommunistpartiet, vart statsminister i ein laus koalisjon danna av representantar frå Folkefronten og det tidlegare kommunistpartiet som no bar namnet Fritt Estland (*Vaba Eesti*) (Smith 2001, 55).

I Den russiske sosialistiske føderative sovjetrepublikken (RSFSR) såg styresmaktene kva veg fridomskampen gjekk, og sommaren 1990 innleia representantar frå Jeltsin-administrasjonen forhandlingar med ESSR om ein bilateral avtale. Avtalen garanterte mot diskriminering av etniske minoritetar, og anerkjente estisk suverenitet over Estland. Avtalen garanterte òg at kvar og ein som budde på området som utgjorde ESSR eller RSFSR når avtalen vart signert skulle ha rett til å få eller behalde statsborgarskap i RSFSR eller ESSR etter eigen vilje. Avtalen vart signert i januar 1991, ratifisert av det estiske parlamentet nesten umiddelbart, og av det russiske året etter (Kolstø 1995, 105).

Denne avtalen er ein viktig del av puslespelet rundt statsborgarskapsdebatten som kom seinare, og spelar òg ei viktig rolle i å forklare det ikkje alltid like venskapelege forholdet mellom Moskva og Tallinn i seinare tid.

I mars 1991 vart det avhalde ei rådgjevande folkerøysting om fullt sjølvstende frå Sovjetunionen. Kontroversielt nok var denne folkerøystinga opa for alle borgarar i ESSR, inkludert tilflyttarar og militært personell, noko både ERSP og Den estiske kongressen i utgangspunktet var mot (Smith 2002, 12). Med ei oppslutting på 82,9 % røysta 78 % ja til fullt sjølvstende. Det er vel verdt å merke seg at dei som røysta ja til sjølvstende altso utgjorde 64,7 % av alle dei røysteføre i landet. Det vil seie at òg delar av den russisktalande folkesetnaden i landet røysta for sjølvstende. Det finst ingen eksakte tal, men Kolstø skriv at ein i Estland reknar med at kvar fjerde russisktalande som røysta valte å røyste ja til fullt sjølvstende frå Sovjetunionen (Kolstø 1995, 108).

Vidare vitnar den aukande russiske oppsluttinga om eit sjølvstendig Estland om at òg dei russisktalande gradvis fekk større tiltru til at ein estisk stat ville ivareta deira rettar. På dette tidspunktet var det mange russarar som såg på spørsmålet om estisk sjølvstende meir som ein kamp mellom demokrati enn diktatur enn som eit spørsmål om etnisitet eller språk. (Kolstø 1995, 109) Det var òg lite som tyda på at dei russisktalande i Baltikum skulle ha stort å frykte ved eit eventuelt sjølvstende. Etter at Estland, Latvia og Litauen i løpet av våren 1990 vedtok ein ambisjon om fullt sjølvstende gjekk dei tre statsleiarane saman om eit skriv som garanterte rettane til alle borgarar av landet, uavhengig av nasjonalitet, morsmål, politisk eller religiøs overtyding (Kolstø 1995, 104–105).

I Estland var ein no ikkje lenger i tvil om at sjølvstende var noko ein ynskja, men partane kunne ikkje semjast om kva form den nye republikken skulle ta. Blant dei russiskspråklege representantane var det framleis ei viss frykt for at ein sjølvstendig estisk nasjon ville nytte høvet til å straffe lokale russarar for syndene til det sovjetiske regimet (Smith 2001, 57).

Med augustkuppet i Moskva endra det politiske klimaet i Tallinn seg fort, og medan sovjetiske soldatar var på veg mot Tallinn la partar som tidlegare hadde stått langt frå kvarandre usemja til side. Eitt av dei viktigaste kompromissa som vart inngått var at Den estiske kongressen gav si støtte til øvstesovjetet, slik at det ikkje skulle vere nokon tvil om kven som var den lovgjevande forsamlinga i republikken. Den 20. august 1991 forfatta det estiske øvstesovjetet og Den estiske kongressen i samråd ei erklæring om nasjonalt sjølvstende. Augustkuppet i Moskva feila, og den 24. august anerkjente Russland republikken som ein sjølvstendig nasjon.

2.5 Oppsummering

- Den store tilflyttinga av sovjetrussarar til ESSR kombinert med den sovjetiske russifiseringspolitikken hadde ved slutten av 1980-talet ført til at estisk språk var på vikande front, trass i at titulæretnisiteten utgjorde rundt to tredjedelar av folkesetnaden i republikken. I frykt for at estisk språk skulle ende opp som annanrangs og på sikt døydde ut tok estiske politikarar til orde for at språket måtte beskyttast. Temaet vart diskutert allereie på 1960-talet, men det var fyrst med reformene på 1980-talet at det vart mogleg å gjere noko med situasjonen. Resultatet vart språklova av 1989, som slo fast at estisk var offisielt språk i republikken.
- Språklova krov òg at offentleg tilsette som var i kontakt med allmennheita måtte beherske både estiske og russisk, noko som var svært problematisk for den store, og i hovudsak éinspråklege, sovjetrussiske minoriteten i landet. Lova skulle ikkje tre i kraft før fire år seinare, og førte umiddelbart til få praktiske endringar i republikken.
- Språklova av 1989 var vel so mykje eit politisk strategidokument som eit juridisk bindande lovverk, og delar av lova var svært urealistisk. Mellom anna var kravet om tospråklegheit i det offentlege vanskeleg å handheve på dåverande tidspunkt, men vedtaket hadde likevel ein enorm symbolsk effekt, og peika ut kursen for det politiske skiftet som var på veg. Andre delar av lova var enklare å gjennomføre, og grep som skilting på både russisk og estisk var ei både synleg og handfast verkeleggjering av språkpolitikken.

3.0 Eit fritt Estland (1991–1995)

Over femti år med sovjetisk okkupasjon var omme. Den estiske republikken var på ny ein fri stat, og stod no fritt til å bygge nasjonen og framtida. Sigersrusen gav seg fort, då landet nesten umiddelbart måtte ta stilling til det som har vorte eitt av dei mest omstridde spørsmåla i dei tidlegare sovjetrepublikkane. Kva rolle skulle dei store russisktalande minoritetane i dei tidlegare sovjetrepublikkane ha i nasjonsbygginga? I ettertid er det lett å hevde at ein burde ha sett kva utfordringar borgarskapsspørsmålet ville føre med seg, men, som Pål Kolstø sjølv skriv, det gjorde ein rett og slett ikkje (Kolstø 1995, 102).

Særleg den estiske handsaminga av minoritetsspørsmålet har vore problematisk for både vestlege og austlege partnarar, men det har vore vanskeleg for både EU og Europarådet å setje ned foten for den estiske praksisen då desse organa òg slit med å semjast om nøyaktig kva definisjon som skal ligge til grunn for tittelen minoritet (Smith 2002, 67).

3.1 Statsborgarskapsspørsmålet

Då oppløysinga av Sovjetunionen var eit faktum i 1991 vart organisasjonen Samveldet av uavhengige statar (SUS) oppretta. SUS skulle fungere som ein friare etterfølgjar av Sovjetunionen, men berre 11 av dei 15 tidlegare sovjetrepublikkane ynskja medlemskap. Dei baltiske statane Estland, Latvia og Litauen valte saman med Georgia å stå utanfor samveldet. Dette valet fekk store konsekvensar for den russisktalande folkesetnaden i Estland, då det synte seg at SUS og Estland skulle kome til å legge forskjellige prinsipp til grunn for statsborgarskap.

SUS skulle fungere som ein etterfølgjar av Sovjetunionen og la prinsippet om *jus soli* til grunn for statsborgarskap. *Jus soli* kan omsetjast med *grunnens rett*, og legg til grunn at det er fødestaden som er avgjerande for borgarskapet til barnet som vert fødd. Med dette som grunnlag for statsborgarskap skulle i utgangspunktet alle som var fødte i den tidlegare Sovjetunionen ha høve til å krevje statsborgarskap i statane tilknytt SUS. Samveldet valte derimot å berre inkludere området til dei 11 medlemsstatane i SUS som utgangspunkt for *jus soli*, noko som vil seie at personar fødte i sovjetrepublikkar utan tilknytting til SUS stod utan rett på statsborgarskap i SUS-statane. Spørsmålet om statsborgarskap for desse vart avgjort av statane sjølve, og ville ha vore heilt uproblematisk dersom òg dei som stod utanfor la prinsippet om *jus soli* til grunn.

Estland var ein fri og sjølvstendig republikk då landet vart okkupert av Sovjetunionen i 1940, og staten som oppstod i 1991 var difor ikkje nokon etterfølgjar av Sovjetunionen, som SUS-statane, men den estiske republikken av 1918 som hadde atteroppstått. Estland fekk si eiga grunnlov i 1920, og denne la prinsippet om *jus sanguinis*, *blodets rett*, til grunn for statsborgarskap. I *jus sanguinis* er det statsborgarskapet til barnet sine foreldre som er det avgjerande i spørsmålet om

statsborgarskap, og det var soleis berre personar som kunne prove at dei slekta på borgarar av mellomkrigsrepublikken som hadde krav på estisk statsborgarskap. Som vi veit frå innleiingskapittelet var tilflyttinga av ikkje-estiske borgarar i etterkrigstida svært stor, og som eit resultat av denne juridiske skvisen mellom SUS og dei andre tidlegare sovjetrepublikkane enda hundretusenvis av tidlegare sovjetborgarar opp stranda som ikkje-borgarar i eige fødeland (Rannut 2004, 9).

Kor mange og kven av dei som no budde i desse republikkane hadde krav på statsborgarskap? Statsborgarskapsspørsmålet stod òg sentralt då Estland for fyrste gong vann fridomen i 1918. Lova den gong var liberal for si tid, og stilte verken krav til etnisitet eller religionstilknytting. Det vart derimot stilt tre absolutte krav som alle måtte oppfyllast for å sikre statsborgarskapet. Estisk statsborgarskap kunne tildelast kvar og ein som (1) var fast busett på området som utgjorde Estland same dag som lova tredde i kraft, (2) hadde vore borgar av Russland før 24. februar 1918 og (3) stamma frå området som utgjorde Estland eller var innskriven i kyrkjebøker for kyrkjekrinsar tilhøyrande Estland (Rohmets 2006, 291).

Her er det verdt å merke seg at ein i 1918 ser ut til å legge *jus soli* til grunn. Det er kanskje ikkje so overraskande, all den tid det ikkje tidlegare hadde eksistert nokon estisk stat, slik at prinsippet om *jus sanguinis* hadde vorte vanskeleg, om ikkje umogleg å gjennomføre. Med dette i bakhovudet er det lettare å skjønne kvifor dei republikkane i Sovjetunionen som ikkje tidlegare hadde vore suverene statar valte både SUS-medlemskap og *jus soli* som utgangspunkt for statsbygginga. Fyrst med den estiske borgarskapslova av 1922 vart prinsippet om *jus sanguinis* fast etablert (Rohmets 2006, 298).

Det store fleirtalet av borgarane i Estland oppfylte den gongen alle dei tre krava, og for estlendarar som oppheldt seg utanfor landegrensene på tidspunktet lova tredde i kraft vart det gjort unntak frå lova slik at desse ikkje skulle ende opp med same status som utlendingar. For alle andre var det mogleg å oppnå rett til statsborgarskap gjennom naturalisering, so sant ein hadde vore fast busett i Estland i minst fem år.² Verken i Estland eller dei andre nye baltiske statane vart det stilt noko krav om språk- eller kulturkunnskapar for borgarskap (Rohmets 2006, 291).³

Då statsborgarskapsspørsmålet dukka opp på nytt over 70 år seinare valte ein å bygge vidare på prinsippa frå Den fyrste estiske republikken, men med ein langt større russiskspråkleg minoritet i landet var frykta for ein vidare russisk påverknad på språk og kultur langt større enn i 1918. Den 6. november 1991 vart det vedteke at estisk statsborgarskap i fyrste omgang skulle vere reservert for borgarar av Den (fyrste) estiske republikken og deira etterkomarar. Som eit

² Naturaliseringskravet var redusert til to år i 1938.

³ Termen «dei baltiske statar» i 1918 gjaldt Estland, Latvia, Litauen og Finland.

resultat av dette hamna anslagsvis 32 % av folkesetnaden i Estland i kategorien «uavklara borgarskap», og var i realiteten statslause (Polesjtsjuk 2009, 110).

Kva var det som skjedde på slutten av åttitalet og byrjinga av nittitalet som førte til denne situasjonen? Som vi såg i fyrste kapittel var den estiske kampen for sjølvstende fredeleg, og trass i mykje usemje var det samarbeid mellom estiskspråklege og russiskspråklege organisasjonar under fridomskampen, og det var jamvel ein god del av dei russisktalande som enda opp med å røyste for estisk sjølvstende. Det gode samarbeidet og dei gode intensjonane såg derimot ut til å forsvinne som dogg for sola so snart sjølvstendet var eit faktum.

At situasjonen endra seg fort etter sjølvstendet kan det ikkje vere nokon tvil om. I eit offisielt dokument frå byrådet i Tallinn i september 1991 vart borgarar som innvandra til Estland etter den andre verdskrigen omtala som *borgarar av andre statar*, og ei lov om landreformer vedteke av det estiske parlamentet i oktober 1991 slo fast at berre borgarar av den fyrste estiske republikken og deira etterfølgjarar hadde høve til å delta i dei komande privatiseringsprosessane (Kolstø 1995, 110).

For å få ei betre forståing av denne brå snuoperasjonen må vi dukke ned i den estiske politikken for å prøve finne ut av kva det var som gjorde at spørsmålet om statsborgarskap med eitt vart eit so brennheitt og uakseptabelt tema for fleirtalet av dei estiske politikarane.

3.2 Politikken bak

Som vi såg i førre kapittel var det noko skepsis til det estiske sjølvstendet hjå den russisktalande folkesetnaden i Estland, men òg ein del som var positive, ettersom dei såg for seg at dei økonomiske utsiktene i eit fritt Estland ville vere betre enn som ein del av ein raknande Sovjetunion. Borgarskapsavtalen med Jeltsin-administrasjonen og garantiar mot etnisk diskriminering gjorde òg at fleire følte seg trygge på at den nye staten ikkje ville gjere livet vanskeleg for dei.

Allereie før sjølvstendet var på plass hadde statsborgarskaps spørsmålet vorte diskutert i somme krinsar av det politiske miljøet i Estland, men verken i Folkefronten eller hjå dei russisktalande var det stor uro knytt til desse diskusjonane. Dei politiske gruppene som ikkje ynskja statsborgarskap for sovjetrussarane vart rekna for å vere so små og so radikale at ein ikkje vurderte det som sannsynleg at dei på noko vis ville kunne påverke den faktiske politikken. Som Artur Kuznetsov, ein av dei leiande talsmennene for russisktalande i Estland innrømma i eit intervju med Pål Kolstø, so hadde ikkje spørsmålet om statsborgarskap i det heile teke vore eit spørsmål i Folkefronten (Kolstø 1995, 107).

I og med at erklæringa av sjølvstende var ei erklæring om at den estiske republikken av 1918 hadde atteroppstått var det ingen automatikk i at dei som ikkje kunne prove blodsband til

mellomkrigsrepublikken skulle få statsborgarskap. Resultatet vart, som skildra ovanfor, at mange med eitt hamna i ein uavklara situasjon. Lovnadane låg der framleis, og trua på at statsborgarskap for samtlege berre var eit parlamentsvedtak unna var sterk (Smith 2002, 73). Frå Folkefronten si side hadde ein gjentekne gongar teke til orde for ei sokalla «null-løysing», der borgarskap automatisk skulle tildelast alle ESSR-borgarar, men for å unngå ei opa konflikt med den meir nasjonalistisk orienterte *Den estiske kongress* vart det aldri inngått handfaste avtalar på dette punktet (Smith 2002, 57).

Det hadde jamt over vore semje om at eit fritt Estland burde vende seg vestover, og oppgåva fall på den nyvalte statsministeren Edgar Savisaar som leia ein laus koalisjon av Folkefronten og Fritt Estland. Innan hausten 1991 var omme var Estland medlem av KSSE⁴, hadde søkt om medlemskap i Europarådet og innleia forhandlingar om handelsavtalar med EU. Samstundes hadde Estland òg ambisjonar om å knytte seg tettare til NATO. Desse ambisjonane var ikkje heilt uproblematiske, då krava overnasjonale organ kunne stille til medlems- eller søkarland til ei viss grad la band på kva retning den estiske nasjonsbygginga kunne ta (Smith 2002, 65).

Akkurat i nasjonsbygginga finn ein mykje av svaret på korleis borgarskapsspørsmålet gjekk frå å vere uproblematisk til problematisk på so kort tid, for forholda for nasjonsbygging var på ingen måte like gode som optimismen rundt sjølvstendet skulle tilseie. Det fanst ingen autonome økonomiske institusjonar i landet, grensa mellom Estland og Russland var verken definert eller fungerande, og mange tusen soldatar, tidlegare sovjetiske, no russiske, var stasjonert på basar rundt om i landet. Estland var sjølvstendig, men sjølvstendet var på ingen måte sikra for framtida (Smith 2002, 68).

Dei som ope hadde synt støtte til dei pro-sovjetiske kuppakarane i Moskva vart fjerna frå sine politiske stillingar, men til skilnad frå Latvia og Litauen tillét Savisaar-regjeringa dei å stille til nyval, og i russiskdominerte Narva vart heile bystyret attvalt i oktober 1991. Denne pragmatiske haldninga til den russiske maktbasen i nordaust var skildrande for Savisaar-regjeringa sine forsøk på å byggje bruer mellom staten og den ikkje-estiske folkesetnaden i landet, og bidreg til å forklare kvifor Savisaar, uavhengig av parti, har vore populær hjå den russisktalande minoriteten. September det same året var Savisaar ein av støttespelarane til Den russiske demokratirørsla, eit parti som var både for sjølvstendet og integrasjon av dei russisktalande. Partiet fylte til dels rolla det estiske kommunistpartiet hadde spela, men appellerte òg til den veksande gruppa demokratisk orienterte russarar i landet (Smith 2002, 69).

So lenge sjølvstende hadde vore den samlande og altoverskuggande målsetnaden heldt koalisjonen Savisaar leia saman, men Savisaar sat aldri heilt trygt i statsministerstolen. Allereie

⁴ Forløparen til OSSE

ved valet i 1990 var det tolv forskjellige politiske fraksjonar som kjempa om makta, og so snart målsetnaden om sjølvstendet var oppfylt meinte fleire at Folkefronten, som Savisaar leia, hadde utspelt si rolle. Folkefronten brast i fleire delar, og Savisaar sjølv gjekk over til det nystifta Senterpartiet, som kombinerte pragmatisk nasjonalisme med ei gradvis tilnærming til økonomiske reformer. Reint taktisk hadde dette vore ein god stad å legge seg politisk før sjølvstendet var oppfylt, men som fri nasjon var det mange som ynskja eit tydelegare brott med sosialismen (Smith 2002, 69).

Savisaar møtte stadig meir kritikk, og særleg det nyetablerte Koalisjonspartiet (Koonderakond), som tok til orde for ein sosialdemokratisk marknadsøkonomi etter nordisk modell var harde i karakteristikken av Savisaar. I januar 1992 stilte Savisaar kabinettsspørsmål for å be om utvida fullmakter for å takle den økonomiske krisa landet var i. Med røystene til alle dei russisktalande og berre éin tredjedel av dei estisktalande i parlamentet fekk Savisaar eit knapt fleirtal, men regjeringa rakna fort etter då stadig fleire av Savisaar sine allierte trakk seg frå sine regjeringspostar. Nederlaget til den sentrumsbaserte og pragmatiske Savisaar oppeldna dei radikale nasjonalistane i Den estiske kongressen (Smith 2002, 70).

Gjennom kompromisset som vart inngått då sjølvstendet vart erklært hadde Den estiske kongressen enda opp i ei langt meir sentral rolle i den estiske nasjonsbygginga enn det talet på representantar i den lovgjevande forsamlinga skulle tilseie. Det største partiet i kongressen var det nasjonalistiske sjølvstendepartiet ERSP, og dette var òg det einaste partiet som hadde lokalavdelingar i alle valdistrikta då parlamentsvalet i 1992 stod for døra. I tillegg fanst det ei rekke mindre parti som i større eller mindre grad var nasjonalistiske og såg på mellomkingsrepublikken som modellen for eit framtidig Estland (Smith 2002, 70).

Som lesaren gjerne hugsar var ikkje den fyrste estiske republikken noko godt ideal for ein moderne, demokratisk stat. Republikken var, i sine siste leveår, i praksis eit autoritært diktatur, men i iveren etter å kaste av seg det sovjetiske var det mange som såg på mellomkingsrepublikken i eit rosenraudt og nostalgisk lys, noko dei nasjonalistisk orienterte partia ikkje hadde vanskar med å spele på.

3.3 Borgarskapsdebatten

Spørsmålet om statsborgarskap for den store ikkje-estiske minoriteten i landet prega dei politiske debattane like etter sjølvstendet, og i november 1991 skulle det fattast vedtak i saka. Før borgarskapslova vart presentert for parlamentet vart eit utkast til lovteksten sendt til Europarådet for innspel. Den endelege versjonen inneheldt, etter forslag frå Europarådet, ei meir presis skildring av kva rettar og plikter som skulle gjelde for statslause borgarar.

I samsvar med lovnadar frå før sjølvstendet og avtalen som vart signert med RSFSR fremja Savisaar og Folkefronten eit forslag som ville ha sikra alle borgarar av ESSR eit val mellom å behalde eit sovjetisk eller å ta eit estisk statsborgarskap, der alle som ynskja sistnemnde ville få det. Forslaget var stikk i strid med dei meir nasjonalistisk orienterte partia sine ynskjer, og somme gjekk so langt som å skildre forslaget frå Folkefronten som forræderi.

Frå dei radikale nasjonalistane si side vart det argumentert med at kunnskap om estisk var synonymt med lojalitet til Estland. Dei tok òg til orde for at den store gruppa ikkje-estiske ville kome til å jobbe for å innføre russisk som offisielt språk i republikken og trekke landet austover heller enn vestover. Nasjonalistane sette med andre ord likskapsteikn mellom dei russisktalande borgarar i Estland og det tidlegare kommunistregimet, og omtala gjerne dei russisktalande som *kolonistar* (Smith 2002, 73).

Nasjonalistane tente stort på å spele på misnøya med den sovjetiske fortida, og forslaget frå Savisaar og Folkefronten vart nedstemt, til stor frustrasjon for Folkefronten og ein allereie svekka Savisaar. Fleire leiande personar i Folkefronten byrja no å argumentere for restorasjonistane sitt syn. Dei argumenterte med at når forslaget til ei ny borgarskapslov vart nedstemt hadde ein ikkje noko anna val enn å gå attende til det siste gyldige lovverket på feltet, som var borgarskapslova av 1938 (Smith 2002, 73–74).

Denne borgarskapslova sikra automatisk statsborgarskap for alle som kunne syne slektskap til borgarar av mellomkrisrepublikken. Sovjetborgarar og deira etterfølgjarar måtte alle gjennomgå ein naturaliseringsprosess for å kunne verte statsborgarar med vilkår basert på borgarskapslova av 1938. Naturaliseringskrava var liberale, og krov minst to års opphald etter 30. mars 1990, som var datoen då prosessen med estisk sjølvstende formelt byrja, ein måtte sverje ei truskapseid til den estiske republikken og beherske grunnleggande estisk. Etter dette følgde ein venteperiode på eitt år før prosessen var over og statsborgarskap kunne utferdigast. Her, som i språklova av 1989, var det til å byrje med ikkje klart definert kva som skulle ligge i det å *beherske grunnleggande estisk* (Smith 2002, 72).

At dei radikale nasjonalistane skulle støtte ei borgarskapslov som stilte so få krav til naturalisering kan kanskje virke unaturleg, men med kravet om ein venteperiode hadde dei sikra at ingen utan røter til den estiske republikken av 1918 hadde røysterett verken då ein røysta over grunnlova eller til det nye parlamentet seinare det same året. Trass i ventetid og språkkrav var det mange som nytta høvet til å få estisk statsborgarskap, og fram til borgarskapslova av 1995 tredde i kraft hadde over 60 000 menneske vorte statsborgarar av Estland gjennom naturalisering.

Savisaar-regjeringa sleit med sviktande oppslutting på grunn av ei rekke saker, men fyrst og fremst var det den dårlege økonomiske stoda i republikken som førte til at regjeringa gjekk av i januar 1992. Ingeniøren Tiit Vähi fekk oppgåva med å leie staten vidare fram mot dei komande vala, og danna ei mellombels teknokrat-regjering beståande av det han sjølv skildra som «spesialistar, ikkje politikarar» (Smith 2002, 77).

3.4 Grunnlova av 1992

Grunnlovsrøystinga vart lagt til juni 1992, og etter ein ny runde med diskusjonar rundt kven som skulle ha høve til å røyste vart det avgjort i parlamentet at berre borgarar med røter i mellomkrisrepublikken skulle få røyste over henne. Lova gjekk gjennom med eit solid fleirtal, medan eit grunnlovstillegg fremja av Senterpartiet fekk opp mot halvparten av røystene, men ikkje nok til å gå gjennom. Tillegget ville ha sikra statsborgarskap utan naturaliseringskrav til alle som hadde søkt om det før grunnlova vart vedteken (Smith 2002, 78).

Saman med den seinare språklova av 1995 utgjer den estiske grunnlova grunnlaget for språkpolitikken som vart ført i Estland gjennom dei neste åra (Rannut 2008, 158). I likskap med grunnlova som vart vedteken i ESSR i 1988 slår grunnlova av 1992 i paragraf 6 fast at estisk er offisielt språk i Estland.

Grunnlova garanterer likskap for lova for alle, og garanterer mot all diskriminering grunna nasjonalitet, rase, farge, kjønn, språk, opphav, religiøs eller politisk overtyding, finansiell eller sosial status eller andre grunnar. Vidare slår paragraf 21 slår fast at kvar og ein som vert arrestert skal informerast om grunnen for arrestasjonen og hans eller hennar rettar på eit språk og eit vis som den arresterte forstår.

Paragraf 37 slår fast at alle har rett på ei utdanning, og at utdanning skal vere obligatorisk for alle born i skulealder. Kvar og ein har retten til å få undervising på estisk, medan utdanningsinstitusjonar for minoritetar står fritt til å sjølve velje undervisingspråk.

Med paragraf 50 vert etniske minoritetar sikra retten til å danne institusjonar for sjølvstyre i samsvar med lova om kulturell autonomi. I eit område der minst halvparten av dei fast busette innbyggjarane snakkar eit anna språk enn estisk kan lokale styresmakter nytte dette språket som internt arbeidsspråk innan dei rammer lova opnar for.

3.5 Parlamentsvalet i 1992

Ved parlamentsvalet i 1992 stilte rundt 30 forskjellige politiske parti til val. Dei einskilde partia var i stor grad parti som snarare stilte til val på einskildsaker enn å forsøke appellere til sosioøkonomiske grupper, slik vestlege politiske parti ofte gjer. Dette gav gjenskin i spørjeundersøkingar frå før og etter valet, der so lite som 13 % av folkesetnaden identifiserte

seg med eit særskild parti, medan snittet i EU samstundes låg på 56 %. At både store og små parti dukka opp og forsvann samstundes som politikarane i einskildpartia meldte overgang gjer ei politisk analyse av valresultatet vanskeleg i ettertid, og truleg var situasjonen endå meir forvirrande for dei som for fyrste gong skulle røyste i eit heilt fritt val i 1992 (Smith 2002, 79–80).

To av tre røysteføre røysta i det fyrste parlamentsvalet, men grunna den nye borgarskapslova var so mykje som 90 % av dei røysteføre etniske estlendrarar, og resultatet vart eit parlament bestående utelukkande av representantar med estisk bakgrunn. Ikkje overraskande hadde valkampen vore prega av nasjonalisme, og alliansen Fedreland (*Isamaa/Pro Patria*), ein kristen-konservativ koalisjon, fekk 29 av dei 101 seta i det nye parlamentet. Ein allianse som kalla seg Dei Moderate fekk 12 seter, og saman med ERSP sikra desse tre seg eit knapt fleirtal i parlamentet. Alle desse tre alliansane hadde gått til val på å stramme inn borgarskapspolitikken (Smith 2002, 81).

I presidentvalet møtte Lennart Meri (Fedreland) Arnold Rüütel frå alliansen Trygg heim (Kindel Kodu), som mellom anna hadde bakgrunn som formann for øvstesovjetet i ESSR. Rüütel fekk 42 % av røystene mot Meri sine 29 %. Vallova krov derimot 50 % oppslutting eller meir for å kunne verte direktevalt, og når parlamentet skulle røyste over dei to kandidatane trakk Meri, med Fedreland, Dei Moderate og ERSP i ryggen, det lengste strået (Smith 2002, 83).

Meri si fyrste gjerning som president var å be historikaren Mart Laar frå Fedreland om å danne regjering. Politisk var Laar liberal-konservativ, med ei uttalt beundring for Margaret Thatcher, og lova landet både økonomisk sjokkterapi, tilbaketrekkinga av alle russiske soldatar, medlemskap i Europarådet, tilknyttingsavtale med EU, eit reorganisert forsvar og tettare band med NATO. Samstundes vart det garantert for at menneskerettar skulle beskyttast, ikkje-borgarar skulle sikrast burett og statslause skulle integrerast i samfunnet. Samstundes, med ein litt uheldig ordlyd, gjorde Laar det klart at regjeringa ville hjelpe alle som ynskja å verte *repatriert* (Smith 2002, 84).

3.6 Innvandringslova av 1993

Laar sitt snakk om å *repatriere* ein folkesetnad fødde og oppvaksne i landet skapte forståeleg nok noko uro hjå den russisktalande folkesetnaden, og situasjonen vart ikkje betre av innvandringslova som kom på plass sommaren 1993. Innvandringslova krov at alle som oppheldt seg i Estland på sovjetiske eller russiske pass hadde eitt år på seg for å søke om nye opphalds- og arbeidsløyver, og opna for deportasjon av dei som ikkje gjorde dette. Vidare skilde ikkje lova mellom nyleg tilkomne innvandrarar og menneske fødde og oppvaksne i ESSR, og opna berre for utskrivning av mellombelse opphaldsløyver på fem år. For å kvalifisere til

opphaldsløyve måtte ein syne til ei lovleg inntektskjelde, utan å definere denne termen noko nærare (Smith 2002, 86).

Særleg i den nordaustlege delen av Estland var konsentrasjonen av ikkje-borgarar høg, og etter den økonomiske kollapsen tidleg på nittitalet hadde både industrien og gruvedrifta i området stagnert, med det resultat at svært mange av dei var arbeidslause. Politiske leiarar i Narva og Sillamäe, som grunna statsløyse ikkje hadde fått stille til val året før, nytta høvet til å hausse opp stemninga og truga med å syne til innvandringslova som gyldig grunn for å arrangere ei folkerøysting om autonomi for Narva fylke (Smith 2002, 86).

Laar-regjeringa måtte balansere hårfint mellom krava frå nordaust, krava frå Moskva, forventingane til dei som hadde røysta på dei, og sist, men på ingen måte minst, forventingar og krav frå Europarådet og andre vestlege samarbeidspartnarar. I samråd med Europarådet fekk regjeringa pressa gjennom dei naudsynte endringane i innvandringslova, og ein klar definisjon av språkkravet for dei som ynskja borgarskap gjennom naturalisering. Med dei nye endringane vart det stilt krav om språkkunnskapar som skulle svare til kategori C i språklova av 1989, og det vart slått fast at borgarskap jamføre prinsippet om *jus sanguinis* òg skulle kunne følge morslina, ikkje berre farslina som tidlegare (Smith 2002, 86).

Sjølv om det vart fastslått at språkkravet for naturalisering skulle svare til kategori C anno 1989 enda dei endelege språkkrava opp med å verte langt mildare. For å bestå språkprøva skulle søkaren kunne snakke estisk tydeleg og klart nok til at det var forståeleg, men han eller ho hadde lov til å bruke tid på å finne dei rette orda, gjenta eller legge om på setninga, og å bomme på både grammatikk og syntaks. Det sentrale var at det skulle vere forståeleg (Park 1994, 73). Parlamentet opna òg for at ein kunne gje fritak til borgarar fødte før 1930, og for personar med funksjonshemmingar eller skadar som gjorde at det ikkje ville vere mogleg å lære seg språket. Alle som hadde fullført grunnskule, gymnas- eller universitetsutdanning på estisk var derimot fritakne frå språkprøva (Park 1994, 73).

I tillegg var det mogleg å verte tildelt estisk statsborgarskap for det språklova berre omtala som spesielle tenester. Dei som vart tildelt statsborgarskap på dette viset slapp både språkprøva og andre formalitetar, og estiske styresmakter var ikkje redde for å bruke denne jokeren i vanskelege situasjonar. Til dømes har den dåverande borgarmeisteren i den russiskdominerte grensebyen Narva i seinare tid røpa at både han og resten av bystyret hadde fått estisk borgarskap på dette viset (Park 1994, 73).

Desse oppmjukingane vart sett på med blide auge i Brüssel, og gjorde mellom anna at Estland fekk plass i Europarådet to år før Latvia, men Laar-regjeringa møtte mykje motbør for avgjerslene på heimefronten. Representantar frå både ERSP og Fedreland at samansmeltinga

med Europa kunne svekke posisjonen til estisk kultur og språk. Med utdanningslova det same året vart det vedteke at undervisinga ved alle vidaregåande skular i landet skulle gjennomførast på estisk innan år 2000. Vedtaket var, ikkje ulikt språklova av 1989, håplaut optimistisk all den tid det var ekstrem mangel på både språklærarar og estisktalande lærarar i mange obligatoriske fag. Den same optimismen kunne sporast i lova som krov at alle statslause skulle søke om opphaldsløyve innan eitt år var omme. Det estiske statsapparatet var på denne tida både underbemanna og lite effektivt, og det er god grunn til å tru at fleire av punkta i lovverk som vart vedtekne var rein symbolpolitikk (Smith 2002,87– 88).

Laar-regjeringa lukkast i meir enn symbolpolitikk, og den største sigeren var nok då dei lukkast i å få på plass ein avtale med Russland om å trekke troppane ut av landet. Onsdag 31. august 1994 forlét den siste russiske soldaten Estland. Trass i dette, ein frihandelsavtale med EU og ei rekke andre tiltak retta mot europeisk integrasjon var regjeringa si oppslutting so låg som 5 %. Hausten 1994 var tålmodet i parlamentet slutt, og Laar-regjeringa gjekk av etter at opposisjonen fekk gjennom eit mistillitsforslag. Den krevjande og tilsynelatande utakksame oppgåva med å leie landet fram mot parlamentsvalet fall på tidlegare miljøvernminister Andres Tarand frå Dei moderate. Med støtte frå dei same kristenkonservative og liberale kreftene som i 1992 vart det danna ei koalisjonsregjering som skulle styre landet frå oktober 1994 til parlamentsvalet i februar 1995. To av lovene Tarand-regjeringa fekk gjennom parlamentet før valet var den nye borgarskapslova og ei ny språklov.

3.7 Borgarskapslova av 1995

Etter det mislukka forsøket på få vedteke ei borgarskapslov i 1993, som resulterte i innføringa av ein revidert versjon av borgarskapslova av 1938, var det i januar 1995 på høg tid med ei nytt lovverk på feltet. Lova skulle regulere kven som var estiske borgarar og kva krav som skulle stillast til dei som ynskja å oppnå rett på estisk statsborgarskap. Paragraf 2 slår fast at estisk statsborgarskap kan oppnåast gjennom fødsel eller naturalisering. Vidare kan det tilbakeførast til personar som mista borgarskapet medan dei var mindreårige. Dobbelt statsborgarskap er forbode i Estland, og ved å ta imot statsborgarskap frå eit anna land mistar ein automatisk det estiske. Reglane for statsborgarskap ved fødsel følgjer prinsippet om *jus sanguinis*.

Reglane for å oppnå rett på statsborgarskap gjennom naturalisering er meir kompliserte, og det stillast sju absolutte krav. Ein må: (1) vere minst 15 år gammal, (2) ha hatt permanent opphald i Estland i minst fem år for å søke, og dinest minst eitt år før ein vert registrert, (3) ha kjennskap til estisk språk jamføre dei krav lova stiller, (4) ha kjennskap til den estiske grunnlova og borgarskapslova jamføre dei krav lova stiller, (5) ha fast, lovleg arbeid som sikrar ei levedyktig inntekt for seg sjølv og dei ein har forsørgingsansvar for, (6) vere lojal mot den estiske staten, (7) avleggje ei eid der ein sverja å vere tru mot den estiske grunnlova.

Punkt 3 og 4 i naturaliseringskrava sette ein effektiv stoppar for at mange av dei éin-språklege ikkje-estiske innbyggjarane i Estland kunne søke. Ettersom statsborgarskap var eit krav for å kunne røyste i dei komande parlamentsvala er det tydeleg at lova la opp til eit tydeleg skilje mellom dei estisktalande og ikkje-estisktalande.

Språkkrava i borgarskapslova av 1995 er delt inn i fire kategoriar, og ein søkar må få godkjent alle fire delane for å stå på prøva. Lyttekategorien inneber ei forståing av offisielle fråsegner og annonseringar, varslingar om fare, nyhende og skildringar av hendingar og fenomen. Talekategorien krev at ein skal kunne konversere og fortelje, stille spørsmål, forklare og kunne uttrykke meiningar og ynskjer. Lesekategorien gjeld offisielle fråsegner og annonseringar, oppslag, nyhende, artiklar, meldingar, katalogar, brukarmanualar, trafikkinformasjon, spørjeskjema, rapportar, referat og reglar. I kategorien for skriving skal de som søker kunne skrive søknadar, autoriseringsdokument, brev med forklaringar, skrive cv, fyller ut skjema og standardiserte prøver.

Minstekravet for å bestå ei språkprøve etter språklova av 1989 var kjennskap til rundt 800 av dei mest brukte estiske glosene og å kunne bruke desse i både tale og tekst, og desse krava vart mildare med parlamentsvedtaket i februar 1993 som berre stilte krav om at estisken til ein søkar skulle vere forståeleg. Med dette i bakhovudet er det trygt å hevde at språkprøva for statsborgarskap jamføre borgarskapslova av 1995 var langt meir krevjande. Dei nye og meir omfattande krava gav òg utslag på naturaliseringsprosessen, og den oppgangen i naturaliseringsraten som oppmjukinga i 1993 hadde ført til forsvann nesten umiddelbart.

3.8 Språklova av 1995

Det hadde ikkje vorte vedteke noko eiga språklova sidan 1989, og i det politiske klimaet tidleg på 1990-talet var språk og borgarskap tema som stadig dukka opp. Forskingslitteraturen skriv likevel lite om den nøyaktige bakgrunnen for at språklova vart vedteken akkurat når ho vart, men vedtaket går inn i ei rekke lovvedtak der tidlegare sovjetiske lover vart erstatta av estiske lover.

§ 1-6 Innleiande

Paragraf 1 slår fast, i likskap med språklova av 1989, at det offisielle språket i Estland skal vere estisk. Alle andre språk (§ 2) er definerte som framandspråk, medan minoritetsspråk i landet skal få tittelen *framandspråk som estiske borgarar tilhøyrande ein nasjonal minoritet tradisjonelt har brukt som morsmål i Estland*. Eg kjem attende til denne krunglete formuleringa etter å ha presentert resten av lovverket, men kan allereie no røpe at termen er ein medviten måte for Estland å unngå å gje russisk status som minoritetsspråk i landet. Allereie her er det eit markant

skilje mellom dei to språklovene, ettersom ein har gått frå ei språklov med ein ambisjon om å vere tospråkleg til ei språklov som definerer alle andre språk enn estisk som framandspråk.

Paragraf 3 slår fast at estisk språk er offisielt språk i alle offentlege gjeremål, og spesifiserer at dette òg skal gjelde som arbeidsspråk i dei væpna styrkane. Sett i forhold til tilsvarende paragrafar i språklova av 1989 er dette ei kraftig innstramming, og fritaka som mellom anna gjaldt militære styrkar er no fjerna. Det er ikkje overraskande at punktet om militære styrkar er fjerna. Språklova av 1989 la på mange måtar opp til at ho skulle vere eit supplement til eit ESSR som framleis var ein del av Sovjetunionen, og sikringspolitikken skulle framleis ivaretakast av det sovjetiske militæret. Estland anno 1995 var derimot i ein heilt annan situasjon. Dei siste russiske soldatane hadde forlate landet eit halvår i førevegen, og estiske styresmakter var midt i ein vanskeleg prosess med å få omstilt eit forsvarssystem bygd på ein sovjetisk modell til noko som kunne fungere for Estland som uavhengig stat.

Paragraf 4 gjeld retten til å bruke estisk, og slår fast at kvar og ein skal ha retten til å nytte estisk i alle sine gjeremål med statlege institusjonar, lokale styresmakter, kulturelle organ, institusjonar, forretningar og organisasjonar. Denne paragrafen er nesten identisk med den i språklova av 1989, men der ein i 1989 heldt fram med å garantere høvet til å nytte russisk går språklova av 1995 vidare ved å presisere at regjeringa skal fastsette kva språklege krav som krevjast av arbeidstakarar i republikken (§5).

Paragrafen om utdanningspråk er den fyrste som syner til eit anna språk enn estisk. Estiskspråkleg utdanning skal garanterast på alle statleg finansierte utdanningsinstitusjonar (§6), men høvet til å ta ei utdanning på eit framandspråk skal òg vere mogleg.

§ 7-13 Bruk av framandspråk hjå statlege institusjonar og lokale styresmakter

Tilsette i område der ein nyttar eit anna språk i tillegg til estisk som internt arbeidsspråk må likevel møte dei språklege krava som språklova fastset (§7). I munnleg tale med tilsette kan personar som ikkje beherskar estisk nytte eit anna språk dersom dette er avtalt og det er semje om kva språk som skal nyttast. Dersom det ikkje er semje om språkbruk skal det brukast tolk, og utgiftene for tolken skal dekkast av personen som ikkje beherskar estisk (§8). I møte med utanlandske aktørar står tilsette fritt til å sjølve velje eit passande språk å kommunisere på (§9).

Paragraf 10 slår fast at i område der minst halvparten av den fast busette folkesetnaden høyrer til ein nasjonal minoritet skal borgarane ha retten til å få svar på sitt eige språk i tillegg til estisk. Det vert her presisert at ein person reknast som fast busett i Estland dersom han eller ho har lovleg opphald og har opphalde seg i området minst 183 dagar per år, og aldri med eit fråvere på over 90 samanhengande dagar.

Dei vidare paragrafane tek for seg reglane for kva som må til for at eit område skal få retten til å nytte eit framandspråk som internt arbeidsspråk. I område der fleirtalet av borgarane ikkje har estisk som morsmål kan dei lokale styresmaktene be regjeringa om løyve til å nytte eit anna internt arbeidsspråk enn estisk. Korrespondanse med andre delar av republikken må framleis gå på estisk, sjølv om både dei to lokale styresmaktene har løyve til å nytte eit framandspråk som arbeidsspråk, og alle segl, stempel og brevhovud må òg vere på estisk. Vidare skal invitasjonar og kunngjeringar òg vere på estisk, men med ei omsetjing til det lokale framandspråket lagt til.

Medan språklova av 1989 stilte krav om eit *overveldande fleirtal* for å ha høve til å nytte russisk operer språklova av 1995 med eit krav om *minst halvparten*. Det er vanskeleg å seie om dette i praksis vil seie at det var fleire område som fekk denne retten, eller om det snarare er snakk om ei språkleg presisering. Her er det òg interessant å merke seg at sjølv om det ikkje finst minoritetsspråk, so finst det minoritetar, men desse snakkar altså eit framandspråk.

§ 14–15 Språkbruk hjå kulturelle organ for nasjonale minoritetar

I kulturelle organ tilknytt nasjonale minoritetar kan ein nytte språket til dei nasjonale minoritetane som internt arbeidsspråk, men all kommunikasjon mellom organet og lokale styresmakter eller staten elles skal vere på estisk. Reglane for segl, stempel og brevhovud skal svare til dei i førre kapittel.

§ 16–18 Anna språkbruk

Forbrukarar som kjøper gods og tenester skal ha retten til estiskspråkleg produktinformasjon og særvis jamføre lova om forbrukarrettar av 1994 (§ 16). Alle rapportar frå institusjonar, selskap og organisasjonar registrert i Estland skal vere på estisk i samsvar med dei prosedyrar lovverket stiller krav om (§ 17). Bruken av framandspråk ved informasjonsutveksling med forbrukar eller i arbeidssituasjon skal vere i samsvar med dei prosedyrar lovverket stiller krav om (§ 18).

§ 19–26 Namn, nemningar og informasjon

Estiske stadnamn skal vere på estisk. Unntak som er historisk eller kulturelt grunna kan tillatast. Alle stadnamn i Estland skal berre ha eitt offisielt namn, og dette skal skrivast med det latinsk-estiske alfabetet. For språk som nyttar andre alfabet skal transkriberinga skje i samsvar med dei reglar som er etablert av standardspråket.

Dei same reglane skal gjelde for estiske personnamn, og namn med opphav i språk som skrivast med andre alfabetet skal transkriberast i samsvar med dei reglar som gjeld for stadnamn. Dette er ei oppmjuking av reglane for personnamn samanlikna med språklova av 1989, som stilte detaljerte krav til namnestruktur, og i utgangspunktet slo fast at eit namn skulle bestå av eitt eller fleire fornamn og eitt enkelt eller dobbelt etternamn. Borgarar med russiskspråkleg eller ortodoks bakgrunn som ynskja å nytte namnetradisjonen med patronym fekk ikkje dette

automatisk som ein del av namnet sitt, men måtte spesifikt be om dette. Med språklova av 1995 ser desse reglane ut til å ha vorte både forenkla og oppmjuka.

Nemninga for estiske institusjonar, forretningar og organisasjonar skal registrerast på estisk, men med høve for å legge til ei omsetjing til eit framandspråk i registeret. Dersom eit namn er ein del av omsetjinga skal det ikkje omsetjast, men det kan transkriberast i samsvar med dei reglar som er etablert av standardspråket. Jamfør språklova av 1989 måtte ein borgar som ynskja patronymet som ein del av det offisielle namnet sitt spesifikt be om dette

Alle offentlege skilt, reklamar, kunngjeringar og annonseringer skal vere på estisk, og alle bilskilt skal berre ha latinske bokstavar (§ 24.)

For fjernsyns- og radiobransjen vart òg krava skjerpa, og lova slo fast at ei estisk omsetjing må følgje framsyninga eller publiseringa av eit audiovisuelt opptak på eit anna språk. Framandspråkleg dialog som vert sendt på radio eller fjernsyn med estisk kringkastingslisens må ha ei estisk omsetjing, med mindre programmet er med eit undervisingsføremål eller retta mot ein framandspråkleg lyttar.

Paragraf 26 slår fast at namnet på den estiske lovgjevande forsamlinga, Riigikogu, ikkje skal omsetjast. På andre språk som nyttar det latinske alfabetet skal forsamlinga skrivast som på estisk, og for andre alfabet skal det transkriberast i samsvar med reglane for standardspråket. Termen parlament kan nyttast som uoffisielt namn i staden for eller i tillegg til Riigikogu både på estisk og andre språk.

3.9 Diskusjon

Av dei tre språklovene som har vorte vedteke i Estland og ESSR dei siste 25 åra er nok skiljet mellom språklova av 1989 og språklova av 1995 det største. Utanom lengda, som kanskje er det mest påfallande, ligg den største skilnaden i korleis lovtekstane er formulerte og kva funksjon dei var tiltenkt. Det er tydeleg at språklova av 1989 hadde ein funksjon utover det reint juridiske, då lovteksten var meint vel so mykje som eit politisk dokument som eit juridisk eit. Det er ikkje overraskande at den fyrste lovteksten som vart vedteken etter at grunnlova opna for at ESSR skulle vedta eigne lover var ambisiøs, og det er innanfor å hevde at språklova av 1989 vel so gjerne kan lesast som eit politisk strategidokument for den framtidige språkutviklinga i Estland som ein juridisk tekst.

Sjølv om dei to språklovene er ganske ulike både i form og innhald lèt dei seg likevel fint samanlikne. Opningsteksten frå 1989 er ikkje vidareført i språklova av 1995, då teksten, som i hovudsak argumenterte for kvifor ESSR trong ei eiga språklov, hadde oppfylt og utspelt si rolle.

Når ein ser på innhaldet i språklova av 1995 ser ein at ho skil seg frå språklova av 1989 på mange måtar, men haldninga til minoritetsspråket russisk er nok den mest påfallande skilnaden. I 1995 var mellom 25 % og 30 % av folkesetnaden i Estland av russisk avstamming, og desse hadde med den nye språklova fått morsmålet sitt definert som eit framandspråk.

Denne oppfatninga av russisk språk som eit framandelement i den estiske nasjonen var ikkje ny i seg sjølv, men til å byrje med var argumentet forbeholdt ei lita gruppe radikale nasjonalistar. Den fyrste perioden med sjølvstende var tung for Estland, og midt i varemangelen og den økonomiske og sosiale uroa var det lett for populistiske nasjonalistar å rette peikefingeren mot den store russisktalande minoriteten i landet. Dei russisktalande, i hovudsak gruve- og fabrikkarbeidarar i nordaust, hadde neppe sett på seg sjølve som okkupantar den gong dei flytta til det dei sjølve meinte og trudde berre var ein annan del av heimlandet deira, Sovjetunionen. Språklova av 1995 nemner verken språklege krav til statsborgarar eller på arbeidsplassen, men statusen til russisk er likevel ein grei indikasjon på at den estiske staten framleis heldt dei russisktalande innbyggjarane på ein armlengd avstand.

Eit anna tydeleg skilje mellom språklovene av 1989 og 1995 finn ein i lengda. Språklova av 1995 er korta ned med ein tredjedel, og tek for seg langt færre delar av samfunnet enn språklova av 1989. Dette skuldast i hovudsak at språklova av 1989 var den fyrste lova ESSR vedtok etter grunnlova, og at det soleis var eit behov for å markere seg på so mange område som mogleg. I tillegg var mange av paragrafane i språklova av 1989 allereie heilt eller delvis dekkja inn av andre lovverk, og det var difor ikkje naudsynt å lage ei språklov som var like omfattande.

Reint språkpolitisk hadde språklova av 1989 og sjølvstendet ført til at ein i stor grad hadde lukkast med å løfte det estiske språket. Rolla og statusen til estisk i 1995 var noko heilt anna enn i 1989, men likevel var det somme som frykta for språket si framtid. Medan frykta tidlegare hadde vore at språket skulle døy ut som eit resultat av russiskspråkleg innvandring var det no somme som frykta ei utvatning av den estiske kulturen som resultat av den stadig pågåande europeiske integrasjonen (Smith 2002, 87).

3.9.1 Minoritetsspråk

Den mest påfallande skilnaden mellom språklova av 1989 og språklova av 1995 er statusen til russisk. Medan språklova av 1989 i sin heilskap nemnte russisk 26 gongar og estisk 145 gongar finst det ikkje éi einaste tilvising til russisk språk i språklova av 1995. Det vert attpåtil slått fast allereie i paragraf 2 at kvart eit språk som ikkje er estisk skal reknast som eit framandspråk. Andre ledd i same paragrafen presiserer at dette òg gjeld minoritetsspråk i landet, men at desse skal få tittelen *framandspråk som estiske borgarar tilhøyrande ein nasjonal minoritet tradisjonelt har brukt som morsmål i Estland*. Med denne krunglete tittelen unngår estiske styresmakter å gje russisk status som minoritetsspråk i Estland, samstundes som dei er vel innanfor Europarådet

sine krav for minoritetsspråk. Verken i Europarådet eller EU hadde ein på dette tidspunktet klart å semjast om ein felles definisjon for *minoritet*, og det var difor i stor grad opp til dei signerande nasjonane sjølve korleis dei valte å definere omgrepet (Smith 2002, 67).

Det næraste ein kjem ein klar definisjon av termen *minoritetsspråk* er i Europarådet si minoritetsspråkpakt (European Charter for Regional or Minority Languages) frå 1992. På Europarådet sine nettsider finn ein den norske omsetjinga av pakta, og her er omgrepet definert som følgjer:

- a. begrepet «regions- eller minoritetsspråk» betyr språk som
 - i. tradisjonelt brukes innenfor et gitt område av en stat av borgere av denne stat som utgjør en gruppe som er tallmessig mindre en [sic] resten av statens befolkning, og
 - ii. Er forskjellig fra de(t) offisielle språk i staten; det omfatter ikke dialekter av de(t) offisielle språk i staten eller innvandreres språk;
- b. «territorium hvor regions- eller minoritetsspråk brukes» betyr det geografiske området hvor nevnte språk er uttrykksmiddel for et antall mennesker som rettferdiggjør vedtak av diverse beskyttelsestiltak og tiltak for å fremme nevnte språk nedfelt i denne Pakt;
- c. «ikke-territoriale språk» betyr språk som brukes av statens borgere som avviker fra språket eller språkene som brukes av resten av statens borgere, men som selv om de tradisjonelt brukes innen statens område, ikke kan identifiseres med et spesielt område av den.

Ein ser altso at den estiske språklova av 1995 legg seg tett opp til Europarådet sin eigen definisjon av minoritetsspråk, men definisjonen er ikkje dekkande for den situasjonen mange tidlegare sovjetborgarar var i. Definisjonen, både i den estiske språklova og i Europarådet si minoritetsspråkpakt, slår nemleg fast at språklege minoritetar må vere borgarar av landet dei oppheld seg i, eit krav det ikkje var mogleg å oppfylle for dei titusen statslause innbyggjarane i landet. I følgje den estiske borgarskapslova og innvandringslova var ikkje dei statslause borgarar av Estland, men innvandrarar i vent på endeleg opphaldsløyve eller statsborgarskap, og fall soleis ikkje inn under denne definisjonen.

Likevel var ikkje russisktalande borgarar med estisk statsborgarskap sikra status som minoritetsspråk gjennom språklova. Språklova slår nemleg tydeleg slår fast at alle andre språk enn estisk juridisk skal reknast som framandspråk. Dei einaste språklege rettane russisktalande borgarar av Estland hadde var dei som grunnlova og språklova definerte. Sjølv om den estiske språklova er tydeleg influert av Europarådet si pakt om minoritetsspråk har Estland aldri slutta seg til denne.

Med grunnlova og språklova vert det etablert eit språkleg regime der alle innbyggjarar har rett til å bruke og få svar på estisk i heile republikken, medan andre språkbrukarar berre har denne retten i område der dei utgjer eit fleirtal (Rannut 2008, 158). Sjølv om den nye språklova ikkje gjev russisk status som minoritetsspråk er det i lovverket gjort tydelegare kva krav som stillast for at innbyggjarane i eit område av landet skal ha retten til å nytte russisk i sine gjeremål med staten. Medan ein i 1989 stilte krav om eit upresist «overveldande fleirtal» for å kunne søke om løyve, presiserer språklova, jamføre grunnlova, at retten skal gjelde alle område der meir enn halvparten av innbyggjarane har anna morsmål enn estisk.

I likskap med grunnlova, borgarskapslovene og innvandringslova er språklova av 1995 med på å trekke den estiske språkpolitikken vidare i estisk retning. Dei russisktalande var neppe overraska over at rettane frå språklova av 1989 kom til å gå tapt, men at vegen mot statsborgarskap skulle måtte gå gjennom naturalisering for samtlege sovjetrussarar kom overraskande på mange. Trass i at somme av rettane og pliktene til dei ikkje-estisktalande har vorte betre definerte gjennom perioden stod framleis fleire titusen sovjetrussarar utan statsborgarskap i eige heimland.

3.9.2 Parlamentsvalet i 1995

Tarand sin innanriksminister, Kaido Kama, byrja hausten 1994 ei gransking av det estiske statsapparatet etter skuldingar om organisert kriminalitet og korrupsjon. Etterforskinga førte til ein mellombels stopp i naturaliseringsprosessane, og russiskspråklege media skulda regjeringa for å medvite sabotere naturaliseringsprosessen i forkant av parlamentsvalet. Dei ikkje-estiske utgjorde då 18 % av dei røysteføre i landet, og det vart danna tre parti med ein russisk agenda i forkant av valet. At det vart danna tre parti og ikkje eitt er skildrande for kor lite ideologisk homogen denne delen av folkesetnaden var, trass forsøk frå nasjonalistisk orienterte politikarar i å skildre dei annleis. Dette vart eksemplifisert ytterlegare i valresultatet, der det synte seg at russisktalande like gjerne røysta på Senterpartiet, Koalisjonspartiet eller dei tidlegare kommunistane, og berre eitt av dei russiske partia bikka sperregrensa på 5 % (Smith 2002, 93–94).

At nasjonalitetsspørsmålet ikkje stod like sentralt i 1995 som i 1992 kan ein lese i oppslutninga til det radikale nasjonalistpartiet *Betre Estland/Estisk borgar* (Parem Eesti/Eesti Kodanik) som gjekk til val på slagordet *Estland for estlendarar*. Saman med Nasjonalistpartiet og ei rekke andre småparti hamna dei under sperregrensa. Trass i at mange av partia som stilte til val hamna under sperregrensa vart det andre estiske parlamentet beståande av 14 forskjellige parti som høyrde til sju forskjellige fraksjonar. Valvinnarane vart KMÜ-koalisjonen, som bestod av Koalisjonspartiet, tre forskjellige bondeparti og Pensjons- og Familiepartiet, som til saman sikra seg 41 av dei 101 seta i parlamentet. Bondepartia nekta å samarbeide med Reformpartiet (19

seter), som vart det nest største partiet, og KMÜ hadde ikkje stort anna val enn å gå i koalisjon med Senterpartiet (16 seter), leia av Edgar Savisaar. Som einaste reelle samarbeidspartner kunne Savisaar krevje ein høg pris for samarbeidet, og trass i storleiken fekk Senterpartiet både posten som vise-statsminister og innanriksminister. Rolla som statsminister gjekk til Tiit Vähi, som òg hadde leia landet fram mot det fyrste parlamentsvalet i 1992 (Smith 2002, 94–95).

Som oppslutninga til dei nasjonalistisk orienterte partia synte var ikkje lenger borgarskapsspørsmålet eit like sentralt tema i estisk politikk, og den sigrande KMÜ-koalisjonen hadde gått til val på trygg økonomisk styring og vidare europeisk integrasjon.

3.10 Oppsummering

- I dei kaotiske månadane før og etter det estiske sjølvstendet var eit faktum fekk politisk parti med brodd mot den russisktalande minoriteten fotfeste, og når spørsmålet om statsborgarskap for sovjetrussarane kom opp var det ikkje mogleg å semjast politisk om noko løysing. Resultatet vart difor at ein fall attende på borgarskapslova frå 1938, noko som førte til at rundt ein tredjedel av folkesetnaden i landet enda opp som statslause. Dei råka var i hovudsak sovjetrussarar, og den estiske handsaminga av borgarskaps situasjonen vart kritisert av både Russland og OSSE.
- Statslause borgarar kunne verte estiske statsborgarar gjennom naturalisering, men berre etter å ha budd minst to år i landet, og dersom dei beherska grunnleggande estisk og var villige til å sverje truskap til Estland. Over 60 000 menneske nytta høvet før ei strengare borgarskapslov vart vedteken i 1995.
- Statslause hadde ikkje røysterett ved parlamentsvalet, so då estlendarane gjekk til urnene i 1992 utgjorde etniske estlendarar 90 % av dei røysteføre i republikken. Resultatet vart eit parlament bestående utelukkande av etniske estlendarar, og dei tre partia som skulle danne regjering hadde alle gått til val på å strame inn borgarskaps politikken ytterlegare.
- Innvandringslova av 1993 krov at statslause og innbyggjarar med russiske pass måtte søke om opphalds- og arbeidsløyver under trussel om deportasjon, omtala som *repatriering* i politiske krinsar. Med borgarskapslova av 1995 vart dobbelt statsborgarskap forbode og naturaliseringskrava skjerpa. I tillegg til dei tidlegare krava vart det no stilt krav om ei fast inntekt for å forsørgja seg og sine, og dei språklege krava vart langt meir krevjande. Resultatet av innstramminga kan sporast i ein kraftig nedgang i talet på personar som fekk estisk statsborgarskap gjennom naturalisering.
- Med språklova av 1995 vert alle andre språk enn estisk definerte som framandspråk, og det er ikkje lenger mogleg å kome med offentleg informasjon på anna språk enn estisk.

Unntaket var område der ikkje-estisktalande utgjorde meir enn halvparten av folkesetnaden.

- Trass i at språklova av 1995 tek for seg minoritetsspråk og legg seg tett opp til Europarådet sin definisjon av denne definerer lova seg bort frå å skulle omfatte den store gruppa statslause, og slår jamvel fast at alle andre språk enn estisk er å rekne som framandspråk. Kravet om tospråklegheit i offentleg sektor er borte, men kravet om å beherske estisk består og er skjerpa inn.

4.0 Vegem mot Europa (1996–2004)

Som førre kapittel synte har den estiske haldninga til språkpolitiske spørsmål ført til vanskar med både vestlege og austlege partnarar, og i somme høve har jamvel den estiske språkpolitikken vore eit trugsmål for dei estiske ambisjonane om medlemskap i EU og NATO. (Kaplan 2008, 32) Eit vendepunkt i den estiske språkpolitikken kom då Mart Laar i 1993 uttala at sosial stabilitet, utanlandske investeringar og europeisk integrasjon var viktigare enn å attreise den estiske nasjonalstaten. (Smith 2002, 86) Sjølv om nasjonalistane murra synte parlamentsvalet i 1995 at veljarane var samde med Laar i desse prioriteringane. Det gjekk dårleg for Laar og Fedreland i valet, men langt dårlegare for dei meir nasjonalistisk orienterte partia, som alle hamna under sperregrensa på 5 %. Laar og Fedreland vart med dette ute av regjeringa, men prioriteringane som vart gjort tidleg på 1990-talet vart førande òg for dei komande regjeringane.

Dette kapitlet markerer òg overgangen til det eg meiner er ein ny epoke i den estiske nasjonsbygginga. Medan eg i dei to føregåande kapitla har gått gjennom nye lovverk eller store endringar i einskildlover er det langt mindre av dette i dei komande kapitla. Det estiske lovverket var på ingen måte ferdigstilt, men tida for dei store og samfunnsomveltande lovverka er med dette forbi. I den komande perioden var den store utfordringa for estiske politikarar å tilpasse samfunnet og lovverket til europeiske og internasjonale forventingar slik at ein kunne knytte landet tettare til Europa gjennom EU- og NATO-medlemskap.

4.1 Etnopolitikk

I løpet av den fyrste halvdelen av 1990-talet hadde den estiske økonomien betra seg, og samtalanene om medlemskap med EU vart hyppigare. I samtalar i 1997 var både Europakommisjonen og OSSE særleg opptekne av kva planar estiske styresmakter hadde for å få fart på integreringa av ikkje-borgarar. Den europeiske uroa rundt spørsmålet førte til at regjeringa oppretta ein eigen ministerpost for etnopolitiske spørsmål det same året.

Ein minister var ikkje nok, og Europakommisjonen og OSSE la press på regjeringa om å gjere meir. Resultatet vart eit lovforslag om å automatisk gje statsborgarskap til alle born fødde etter februar 1992, uavhengig av om foreldra deira hadde estisk statsborgarskap eller var statslause. Temaet var svært betent, og estiske politikarar diskuterte saka i nesten eit år før lovendringa vart vedteken i desember 1998. Den lange diskusjonstida er skildrande for kor vanskeleg spørsmålet om statsborgarskap var for estiske politikarar, og etter at dei gjekk med på endringane føreslått av Europakommisjonen og OSSE tok leiande estiske politikarar til orde for at organisasjonane ikkje måtte kome med fleire slike krav (Smith 2002, 102).

Hjå dei statslause var misnøya framleis stor, og særleg var frustrasjonen stor rundt naturaliseringskrava som hadde kome med borgarskapslova av 1995. Trass i at den yngre generasjonen av russisktalande var positive til å lære seg estisk gjekk naturaliseringsraten kraftig ned i 1997. Regjeringa la difor fram ein strategi for nasjonal integrering som skulle syte for fleire midlar til estisk-undervising av framandspråklege. Frå den russisktalande delen av det estiske parlamentet vart det fremja forslag om å gje statsborgarskap til alle som var busette i ESSR før 1990, men regjeringa avviste dette med bakgrunn i at staten då ville få altfor mange borgarar som ikkje beherska statsspråket (Smith 2002, 102).

Den politiske situasjonen i Estland hadde stabilisert seg sidan byrjinga av 1990-talet, men det var framleis gnissingar mellom partane, og særleg i språk- eller etnopolitiske spørsmål kom usemja tydeleg fram. Dersom ein gav etter for europeiske eller russiske krav på eitt hald var det naudsynt å stramme inn ein annan stad. Eit godt døme på dette finn vi ved å sjå på kva som skjedde i samband med vedtaket om å gje estisk statsborgarskap til born av statslause. Samstundes som dette skjedde vart språklova revidert, og kravet om å beherske estisk skulle no òg omfatte medlemmer av parlamentet og lokale styresmakter. Denne revisjonen av språklova skapte store bølger, og vart mellom anna kritisert av OSSE. So stor var usemja rundt språkkravet for demokratisk valte representantar at president Lennart Meri i to omgangar forsøkte å få lovendinga erklært grunnlovsstridig. I februar 1999 slo høgsterett fast at lovtillegget ikkje var i strid med den estiske grunnlova (Smith 2002, 102).

Ved å nekte statslause borgarar retten til å stille til lokalval vart store delar, stundom fleirtalet, av borgarane i somme område nekta høvet til å stille. Problemet er mest påfallande i valkrinsar nordaust i landet, der delen statslause eller utanlandske borgarar var særleg høg. Vadim Polesjtsjuk nyttar folketeljinga frå år 2000 til å illustrere den demokratiske utfordringa ved eit slikt lovverk (Polesjtsjuk 2006, 43). Byen Maardu er ein forstad til Tallinn, medan Narva, Jõhvi, Kohtla-Järve og Sillamäe er dei største byane i Ida-Viru fylke, heilt nordaust i landet. Tabellen syner prosentdelen med estisk, russisk og anna statsborgarskap, samt statslause i kvar av byane.

	Estiske	Statslause	Russiske	Andre
Tallinn	71 %	18 %	9 %	2 %
Jõhvi	55 %	30 %	13 %	2 %
Maardu	43 %	43 %	11 %	3 %
Kohtla-Järve	42 %	43 %	13 %	2 %
Narva	36 %	34 %	29 %	1 %
Sillamäe	21 %	54 %	23 %	2 %

(Polesjtsjuk 2006, 43)

Det var vanskeleg å argumentere for at denne lovendringa var meint å råke andre enn den russisktalande minoriteten, og mellom anna Amnesty International har hyppig påpeika det problematiske med at fleirtalet av folkesetnaden i somme byar eller område i landet verken kan røyste eller ha politiske tillitsverv på lokalt nivå. For to folkevalde representantar av russisk avstamming fekk det nye lovverket faktiske konsekvensar. Ein folkevald representant i byrådet i Sillamäe i nordaust og ein folkevald representant frå Tallinn-forstaden Maardu vart båd tiltala av språkdirektoratet for å ikkje beherske godt nok estisk til at dei kunne skjøtte verva sine (Polesjtsjuk 2003, 109). I saka mot den folkevalde frå Sillamäe vann påtalemakta fram, medan den folkevalde frå Maardu vart frikjend i fyrste rettsinstans. Både sakene vart anka, og i andre rettsrunda konkluderte retten med at ingen av dei beherska estisk godt nok til å kunne skjøtte verva sine, og dei vart frådømd desse (Semjonov 2002, 130).

Lovendringa og dei påfølgande dommane vakte store protestar både i og utanfor Estland, og etter kraftig kritikk frå fleire hald vart kravet om språkkunnskapar for innbyggjarar som ynskja å stille til parlaments- eller lokalval vart avskaffa i 2001, men dei einskilde by- og kommunestyre må framleis halde møta på estisk (Polesjtsjuk 2003, 110). I 2004 snakka berre fire av 31 bystyremedlemer i Narva estisk som fyrstespråk, og berre fire andre medlemer snakka estisk flytande. I Narva har denne situasjonen, kombinert med kravet om at bystyremøta skal haldast på estisk, resultert i at ein arrangerer uoffisielle, russiskspråklege formøter der alle saker og diskusjonar vert gjennomgått, før ein held eit kortvarig estiskspråkleg møte for å fatte vedtak i sakene som vart diskutert på formøtet (Polestsjuk 2006, 43).

4.2 Integreringsplanen

Integreringsstrategien la stor vekt på undervisinga av estisk i skulesystemet, men tok ikkje hensyn til at det på ingen måte fanst nok estiskspråklege lærarar i landet til å dekke behovet. Medan ein i område med overvekt av russisktalande hadde fritt val av skulespråk for grunnskulen hadde parlamentet gjennom fleire regjeringar hatt ein ambisjon om at alle landets vidaregåande skular skulle vere estiskspråklege innan år 2000. Mangelen på kvalifiserte språklærarar so vel som mangelen på estiskspråklege lærarar innan andre fag, og særleg realfaga, førte til at planen i fyrste omgang vart utsatt til 2007 (Smith 2002, 102–103).

Integreringsplanen var utarbeidd av eit utval politikarar og forskarar, der mellom anna Mart Rannut frå Universitetet i Tallinn var eitt av fire medlemer i utvalet som leia arbeidet. Språkpolitikken stod sentralt i dokumentet, og ein konkluderte i hovudsak med at språkkunnskapar var nøkkelen til å løyse problemet med manglande eller låg grad av integrering i ikkje-estisktalande delar av samfunnet.

The main emphasis of the state programme is on the promotion of linguistic-communicative integration in society, while at the same time the achievement of legal-political and socio-economic aims is also considered important for the successful execution of the integration. ("Integration in Estonian Society 2000-2007", 6)

Planen syner til grunnlova, borgarskapslova, innvandringslova, språklova og lova om kulturell autonomi for nasjonale minoritetar som dei mest sentrale lovverka. Med unntak av sistnemnte har vi vore innom samtlege av desse lovene so langt i oppgåva, og språkpolitikken står sentralt i dei alle. Denne integreringsplanen var ikkje den fyrste av sitt slag i Estland, men det var den fyrste som var so omfattande, og kanskje den fyrste planen som verkeleg vart teken på alvor. Det kan vere mange grunnar til at ein denne gongen lukkast betre enn tidlegare, men allereie i innleiinga til planen syner ekspertane til at planen vil føre landet eitt steg nærare EU-medlemskap, ein tidleg ambisjon etter sjølvstendet, og ein målsetnad for alle regjeringane opp gjennom 1990-talet.

This step must be based on internationally recognized standards and Estonia's constitutional principles, on our current national and social interests, and on the goal of ensuring rapid modernization of society in the context of accession to the European Union, all while preserving both stability and a commitment to the protection and continued development of Estonian culture. ("Integration in Estonian Society 2000-2007", 4)

Denne tekstbolken er skildrande for forholdet mellom det estiske parlamentet og dei europeiske aktørane ein var i kontakt med for å sikre landet medlemskap i EU. Europeiske organisasjonar og det internasjonale samfunnet hadde visse forventingar til eit moderne land med ynskje om EU-medlemskap, men desse forventingane kunne vere i strid med den estiske språkpolitikken som stod so sentralt i nasjonsbygginga. Det ser ut til å vere semje mellom både estiske, europeiske og russiske partar om at løysinga på mange av utfordringane i Estland kan finnast gjennom ei vidare utvikling språkpolitikken, men det er lita semje om nøyaktig kva grep som bør takast. I likskap med mellom anna finske Jörn Donner i Europaparlamentet har både russiske organisasjonar i Estland og russiske aktørar teke til orde for å gjere russisk til offisielt språk i Estland (Smith 2002, 103). Tanken er at offisiell status kan vere med på å heve statusen til språket til eit slikt nivå at ein ikkje lenger treng vere estisktalende for å kunne integrerast i det estiske samfunnet. Interessant nok ser fleire av organisasjonane for russisktalende ut til å fremje ei løysing som liknar bemerkelsesverdig mykje på det tospråklege regimet som språklova av 1989 la opp til. Frå dei europeiske aktørane si side varierer krava mykje, men hovudbodskapen har bruka vere retta mot dei politiske rettane til minoritetar. Som eg var inne på i førre kapittel er kravet om å syte for betre politiske rettar for statslause noko Estland utover nittitalet i stor grad har valt å føye seg etter, ettersom den vage definisjonen av nøyaktig kva som utgjer ein

minoritet gjer at det estiske lovverket ikkje treng definere statslause borgarar som minoritetar. Sjølv om estiske politikarar har vore villige til å akseptere mange krav frå sine kollegaar i EU har kjernen i den estiske språk- og borgarskapspolitikken, språkkravet, stått ved lag.

Hovudmålsetnaden i integreringsplanen fram til 2007 er det planen omtalar som ei *harmonisering av samfunnet* (s. 5). Det sentrale i harmoniseringsprosessen er å vidareføre det multikulturelle estiske samfunnet gjennom å styrke den felles kjernen som sameinar landet, nemleg det estiske språket. Om språket sameinar landet kan nok diskutertast, men at estisk er og har vore målsetnaden sidan sjølvstendet er udiskutabelt. Ei gjennomlesing av integreringsplanen avslører at den vidare planen for integrering i tida framover er meir av det same. Ein skal satse på språkundervising i skulen for dei i skulepliktig alder, og organisere frivillige språkkurs for dei over skulepliktig alder. Det vert likevel framheva at satsinga på den oppveksande generasjonen både er det viktigaste, og det punktet der ein i størst grad kan lukkast. Dette samsvarar godt med spørjeundersøkingar frå same periode, der ein kan sjå at interessa for og haldninga til estisk er langt høgare og betre hjå dei yngre enn hjå dei eldre (Pavlenko 2008, 161).

4.3 NATO og EU

Estland vart medlem av NATO den 29. mars 2004, og ein dryg månad seinare vart landet medlem av Den europeiske unionen. Våren 2004 markerte soleis slutten på ein lang estisk kamp om å verte ein integrert del av Europa.

Interessant nok syner spørjeundersøkingar frå tida før folkerøystinga at russiskspråklege jamt over var meir positive til EU-medlemskap enn den estiskspråklege folkesetnaden som heilskap, og David Smith lanserer teorien om at dette kan skuldast at EU jamt over hadde ei meir liberal haldning til minoritetsspråk enn Estland tradisjonelt hadde hatt (Smith 2002, 103). Det er vanskeleg å slå fast om teorien held vatn, for medan ikkje-borgarar fritt kunne røyste ved lokalval fekk statslause ikkje høve til å ta del i folkerøystinga om estisk EU-medlemskap i september 2003. Resultata frå folkerøystinga peiker heller mot eit ideologisk enn eit etnisk skilje. Dei to fylka med lågast oppslutting for EU-medlemskap var Ida-Viru (56 %) i nordaust og Võru (58 %) i sør. Medan Ida-Viru er kjent som den russisktalande bastionen i Estland er over 95 % av folkesetnaden i Võru fylke etniske estlendarar. Det baa fylka derimot har til felles er ein stor jordbrukssektor, og i likskap med mellom anna Noreg er EU-skepsisen høgare i jordbruksfylke enn i meir urbane område. Folkerøystinga om estisk EU-medlemskap enda med eit solid fleirtal for ja-sida, som fekk 64 % av røystene(stat.ee).

Det kan, som David Smith gjorde, vere fristande å kople mange av dei politiske spørsmåla i Estland opp mot det språkpolitiske eller det språklege skiljet, men både i EU-spørsmålet og i dei

forskjellige parlamentsvala har ein sett at skiljelinene i hovudsak er politiske, ikkje språklege. Vel står språkpolitikken sentralt i den estiske nasjonsbygginga, men det vert misvisande å trekke han inn i alle spørsmål som omhandlar landet.

4.4 Diskusjon

Som i politikk elles har det òg i den estiske språkpolitikken vore slik at ei slakare line på eitt punkt fort fører til ei innstramming ein annan stad. Dømet med korleis borgarskap til born av statslause måtte verte til gjennom eit kompromiss om strengare reglar for demokratisk valde representantar er soleis svært godt. Frå eit reint administrativ byråkratisk standpunkt gjev lovendinga heilt klart meining. Ein må kunne vere sikker på at folkevalde som skal forvalte verdiar og ta avgjersler på vegne av andre fullt ut skjønar både sakspapira og vedtaket som vert fatta. Samstundes framstår logikken bak eit slik lovverk som noko kald og mekanisk, då han ikkje bidreg til vidare integrering av ein del av folkesetnaden som er underrepresentert i det politiske miljøet, og attpåtil truleg vil vere til direkte hinder for russisktalande innbyggjarar med politiske ambisjonar. Det tredje, og kanskje mest problematiske med lovverket og dei to påfølgande dommane er dei demokratiske implikasjonane. At ein domstol skal kunne avsetje folkevalde representantar på bakgrunn av manglande kunnskapar om det eine eller det andre er ikkje noko det finst tradisjonar for i moderne, vestlege demokrati, og snarare tendensar ein ser i statar som er på veg bort frå eit demokratisk styresett.

4.5 Oppsummering

- I forkant av EU-medlemsskapet var etnopolitiske spørsmål eitt av dei omdiskuterte temaa, men trass i at estiske politikarar var villige til å akseptere mange av krava har dei strenge språklege krava til statsborgarskap stått ved lag, og då Estland vart medlem av EU var det framleis over 100 000 statslause borgarar busett i landet. Talet er søkkande, men i delar av landet er framleis estiske statsborgarar i mindretal.
- Planar for vidare integrering av russisktalande legg vekt på undervising av estisk i skulesystemet og vidare naturalisering som før. Målsetnaden med integreringsplanane skal vere ei *harmonisering av samfunnet*, med estisk språk som ein felles kjerne statsborgarane kan semjast om uavhengig av morsmål.

5. Ein europeisk stat (2005–2011)

Med EU-medlemsskapet hadde estiske politikarar lukkast i ein av dei største målsetnadane for den unge nasjonen. Estland sitt EU-medlemsskap førte naturleg nok til fleire store endringar, men av størst språkpolitisk interesse er det at organisasjonar som tidlegare hadde jobba aktivt for å legge press på Estland for å betre situasjonen for russisktalande og statslause la ned arbeidet, eller i alle høve reduserte presset til eit slikt nivå at det ikkje lenger prega den offentlege debatten. Med unntak av Russland er det no ingen utanlandske aktørar som aktivt jobbar for at dei statslause skal verte eit tema på den politiske agendaen i Estland, og spørsmålet kan soleist seiast å ha gått frå å verte diskutert på mellomstatleg nivå til å verte ei innanrikssak for estiske styresmakter (Järve 2013, 13).

5.1 Bronsesoldaten

Fråveret av politisk fokus på situasjonen til dei statslause og ikkje-estisktalande førte til frustrasjon hjå den russisktalande delen av folkesetnaden i landet, og det heile kulminerte våren 2007, då det sovjetiske krigsminnesmerket *Bronsesoldaten* skulle flyttast. Krigsminnesmerket er eit stalinistisk monument der den mest iaugefallande figuren er ei soldatstatue i bronse som er kledd i ei sovjetisk militæruniform. Bronsesoldaten vart reist i 1947 til minne om soldatar frå Den raude armé som fall då sovjetiske styrkar i 1944 for andre gong gjekk inn i Baltikum, og kroppane til fleire ukjende soldatar var gravlagde under og rundt monumentet. Den gong var monumentet tileigna «frigjerarane av Tallinn», men etter det estiske sjølvstendet vart plaketten endra til «dei falne i den andre verdskrigen». Grunna den svært ulike historieforståinga om innlemminga av Estland i Sovjetunionen var minnesmerket svært omstridd allereie før 2007, og det var ikkje uvanleg at det oppstod tumultar rundt minnesmerket, særleg i samband med den russiske feiringa av sigersdagen 9. mai. For etniske russarar var minnesmerket ei påminning om tidlegare sovjetisk og russisk storhet, medan det for etniske estendarar var ei påminning om femti år med okkupasjon og russifisering. Slik kan ein godt seie at Bronsesoldaten i Tallinn fungerte som eit symbol på dei utfordringar den estiske staten måtte handskast med, og kor vanskeleg nasjonsbygginga kan vere når forskjellige delar av folkesetnaden har svært ulike oppfatningar av hendingar som er heilt sentrale for den nasjonale sjølvkjensla til dei båe.

Ei av dei fyrste oppgåvene til regjeringa til Andrus Ansip som vart valt etter parlamentsvalet i mars 2007 var å avgjere kva som skulle gjerast med Bronsesoldaten. Ansip-regjeringa meinte at den noverande lokaliseringa ved eit travelt vegkryss var upassande, og at monumentet ville gjere seg betre på den større krigskyrkjegarden utanfor sentrum. Forslaget om å flytte eit sentralt og omstridd sovjetisk krigsminnesmerke berre veker før 9. mai fall i svært dårleg jord hjå den russisktalande folkesetnaden i Tallinn, og det som byrja som fredelege demonstrasjonar

26. april utarta seg fort til regelrette opptøyar der butikkvindaugane vart smadra og butikkar plyndra.

Desse opptøyane, seinare omtala som *Bronsenatta*, vart over fleire kveldar og spreidde seg etter kvart til andre estiske byar med store russiske folkesetnadar, og på russiske internettforum byrja det sirkulere oppmodingar om å ta til våpen og krevje statsborgarskap for alle. Oppmodinga vart ikkje teken til følgje, og i løpet av få dagar roa stemninga seg betrakteleg. Fleire hundre menneske hadde vorte arrestert, og éin russisk statsborgar vart drepen av ukjende gjerningsmenn den fyrste natta. Hendingane frå Bronsenatta sette ein støkk i estiske styresmakter, men uroa òg latviske og litauiske styresmakter som såg for seg at eit liknande scenario like gjerne kunne ha utspela seg der.

Bronsenatta markerer eit opinionsskifte i Estland, og spørsmålet om i kva grad sovjetrussarane, både dei med og utan statsborgarskap, var lojale mot staten. Mange forslag vart fremja, og to år seinare, i 2009, godkjente den estiske regjeringa det som gjerne vert kalla *bronsenattlovene*. Desse innebar ei forenkling av prosessen med å ta frå nokon estisk statsborgarskap i saker der vedkomande vert funnen skuldig i å ha handla mot staten, sjølv om handlinga ikkje nødvendigvis utgjorde nokon trugsel mot nasjonen sin sikkerhet. Presidenten meinte derimot at forslaget var i direkte konflikt med prinsippa for ein demokratisk stat, og nekta å godkjenne endringane (Järve 2013, 14–15).

Det må leggast til at desse opptøyane ikkje oppstod over natta eller utelukkande som eit resultat av vedtaket om å flytte krigsminnesmerket, men snarare som resultatet av ein frustrasjon som hadde fått byggje seg opp gjennom mange år med ei opplevd diskriminering av russisktalande. I ei spørjeundersøking frå 2004 oppgjev so mange som 61 % av dei statslause og 73 % av dei med russisk statsborgarskap at språket er grunnen til at dei ikkje har skaffa seg estisk statsborgarskap, og 61 % og 69 % av dei same gruppene meiner at krava til borgarskapseksamenen er nedverdige (Polesjtsjuk 2005, 30).

5.2 Språklova anno 2011

I 2011 hadde språklova av 1995 rukke å verte 16 år gamal. Det estiske samfunnet hadde forandra seg valdsamt gjennom perioden, og både språklova og dei fleste andre lovverka frå 1990-talet hadde vorte revidert ei heil rekke gongar. I februar 2011 vedtok det estiske parlamentet språklova av 2011.

Føremålsparagrafen i lovverket slår fast at lova si oppgåve er å utvikle, bevare og beskytte det estiske språket, samt syte for at estisk er hovudspråk nytta til kommunikasjon i alle offentlege sfærar. Paragraf 2 definerer kor vidt lova skal femne, og av interesse for oss er særleg biten om

at lovverket i likskap med språklova av 1995 òg skal femne om det ein omtalar som framandspråk.

Verken språklova av 1989 eller 1995 hadde nokon føremålsparagraf som klårt slo fast kva intensjonen ved lovverket skulle vere. Ein kan argumentere for at den innleiande teksten til språklova av 1989 gjorde litt av den same nytta som ein føremålsparagraf, men eg meiner at innleiinga til språklova av 1989 snarare må lesast som ein politisk tekst enn som ein juridisk ein. Medan føremålsparagrafen av 2011 er klår, tydeleg og kortfatta i si form er den innleiande teksten av 1989 svulstig og full av store etos-byggjande ord som fungerer utmerka i ein politisk kontekst, men er av mindre nytte i ein juridisk funksjon.

I paragraf 3 vert det slått fast at det offisielle språket i Estland er estisk, men òg at estisk teiknspråk skal reknast som ein eigen variant av estisk, samt at staten skal fremje beskyttelse, bruk og utvikling av estiske dialektar. Dei to sistnemnde var verken å finne i 1989 eller 1995, og det er ikkje unaturleg å tolke den nye framhevinga av teiknspråk og estisk dialektar som eit teikn på den estiske språkkampen har bevega seg inn i ein ny fase samanlikna med situasjonane i 1989 og 1995. Statusen til estisk språk har stige valdsamt gjennom tjuårsperioden, men om tillegga kjem som eit resultat av ein styrka tru på estiske dialektar eller som eit heilt eller delvis krav gjennom overnasjonale avtalar er det vanskeleg å seie.

Paragraf 4 tek for seg den offentlege bruken av estisk språk, og skil seg i svært lita grad frå dei to tidlegare språklovene. Kort fortalt vert det spesifisert at estisk standardspråk skal nyttast hjå styresmakter på alle statlege nivå.

Fyrste ledd i paragraf 5 følgjer språklova av 1995 nesten ordrett, og slår fast at alle andre språk enn estisk og estisk teiknspråk er framandspråk. Språklova av 2011 skil se g heller ikkje i særleg grad frå språklova av 1995 når det gjeld nasjonale minoritetar. Som 16 år tidlegare er det framleis slik at eit nasjonalt minoritetsspråk er eit framandspråk nytta av ein estisk borgar som høyrer til ein nasjonal minoritet som historisk har nytta språket som morsmål i Estland. Grunngevinga for den krunglete formuleringa er òg framleis den same som tidlegare, nemleg at det i svært stor grad er opp til kvart enkelt land å sjølve definere kva som utgjer ein nasjonal minoritet.

Dei to neste paragrafane gjeld organiseringa av dei språklege sfærane og det estiske språkrådet. Alle språkstudiar, utvikling og bruk av estiskspråkleg terminologi, språkteknologi knytt til estisk språk, forskning og utvikling av det estiske språket skal styrast og koordinerast av Utdannings- og forskingsdepartementet. Eit anna organ som er underlagt Utdannings- og forskingsdepartementet er det estiske språkrådet, som skal rådgje regjeringa i språkrelaterte utviklings- og iverksetjingsspørsmål. Det estiske språkrådet har spela ei svært sentral rolle i

utforminga og handhevinga av den estiske språkpolitikken, men har aldri tidlegare vorte nemnt spesifikt i språklovene. Språkrådet si rolle har endra seg i takt med det politiske landskapet i Estland, og er verdt eit eige avsnitt seinare i teksten.

Kapittel 3

Kapittel 3 i språklova av 2011 opnar med retten til å få offentleg informasjon og sakshandsaming på estisk både i munnleg og skriftleg form. I paragraf 9 vert det spesifisert at ein òg har retten til å kommunisere med statlege føretak på eit minoritetsspråk i dei delar av landet der minst halvparten av dei fast busette høyrer til ein nasjonal minoritet. Denne retten er eit tillegg til, ikkje ei erstatning for, retten til å få offentleg informasjon og sakshandsaming på estisk. Vidare spesifiserer artikkelen at berre estiske borgarar, EU-borgarar med opphaldsløyve og innvandrarar med langtidsopphaldsløyve i Estland og fast bustad registrert i folkeregisteret skal telje når ein skal slå fast om ein i eit område har retten til å bruke andre språk enn estisk.

I denne paragrafen finn ein eit viktig skilje frå språklova av 1995. Medan ein i den førre språklova definerte fast busette som personar med lovleg opphald og har opphalde seg i området minst 183 dagar per år, og aldri med eit fråvere på over 90 samanhengande dagar. Språklova av 2011 omfattar framleis dei statslause, men ikkje dei av dei tidlegare statslause som har valt å ta imot russisk statsborgarskap eller tilflyttande russarar. Skilnaden mellom dei to språklovene utgjer ikkje all verda, men som vi har sett tidlegare utgjer innbyggjarar med russisk statsborgarskap so mykje som 9 % av hovudstaden og 29 % av grensebyen Narva. Kor vidt denne endringa i teljemetoden til sjuande og sist gav utslag i landet har eg ikkje klart å finne ut av, men ettersom den store andelen russiske borgarar i hovudsak er busette i byar og område med ein allereie stor statslaus folkesetnad og mange russisktalande med estisk statsborgarskap, er det ikkje usannsynleg at lovendringa i praksis hadde liten eller ingen effekt. Eit anna spørsmål er i kva grad styresmaktene vil vere villige til å reversere særordningar for språk i område der dette allereie var etablert.

Den viktigaste skilnaden mellom teljemetoden i 1995 og 2011 er at retten som tidlegare gjaldt alle, no i praksis berre skulle gjelde EU-borgarar, medan dei med russisk statsborgarskap skulle haldast utanfor. Det er rimeleg å anta at dette er meint som eit insentiv for å få statslause borgarar i russiskspråklege delar av landet til å velje estisk framfor russisk statsborgarskap.

Paragraf 10 gjeld språket brukt i den offentlege administrasjonen, og er i utgangspunktet svært lik språklova av 1995, fram til fjerde ledd. I fjerde ledd står det at personar som uttalar seg på vegne av det offentlege til estiskspråkleg media skal nytte estisk. Eit slikt krav har ikkje vore spesifisert i dei to tidlegare språklovene, men kravet føyer seg fint inn i rekka av språklege tiltak

som har vorte gjort for å sikre statushevinga til det estiske språket, og er samstundes med på å understreke at det offisielle språket er estisk i heile landet, uavhengig av lokale forhold.

Paragraf 11 tek for seg retten til å nytte eit anna språk som internt arbeidsspråk, men presiserer at dette då vil vere eit arbeidsspråk i tillegg til, ikkje i staden for, estisk. Eit slikt tilleggsspråk må godkjennast av regjeringa.

Ein person som leverer ein søknad eller eit dokument skrive på eit framandspråk til estiske styresmakter må, dersom det statlege føretaket ber om det, legge ved ei estisk omsetjing av dokumentet. Unntaket er område omfatta av paragraf 9, som nemnt over. Føretaket kan i somme tilfelle krevje ei autorisert omsetjing, der kostnaden for omsetjinga fell på søkaren. Vidare skal svaret frå det statlege føretaket vere på estisk òg ved dei høva der søknaden er skriven på eit framandspråk. I munnleg kommunikasjon med statlege føretak kan ein nytte eit framandspråk dersom bae partar samtykker til dette. Ved dei høve der ein ikkje klarar å semjast om eit framandspråk skal det nyttast tolk, der kostnaden for tolken fell på den som ikkje beherskar estisk.

Desse krava om omsetjing av dokument kan virke noko strenge ved fyrste augekast, men det er viktig å merke seg at ei omsetjing berre krevjast dersom føretaket ber om det. Dersom sakshandsamaren har tilstrekkelege språkkunnskapar til å kunne handsame saka på riktig vis kan det slå negativt ut både for søkar og myndigheiter. I og med at uoffisielle omsetjingar ser ut til å vere tilstrekkeleg i dei fleste tilfelle

Paragrafane 14, 15 og 16 tek for seg reglar for internt arbeidsspråk, rapportering til myndigheitene og korrekt språkbruk for segl, stempel og brevhovud. Ingen av desse skil seg nemneverdig frå verken språklova av 1989 eller 1995.

Kapittel 4

Kapittel 4 tek for seg tema informasjon og tenester på estisk, og opnar med å slå fast at all politisk reklame på offentleg stad skal vere på estisk. Ei omsetjing til eit anna språk er lov men den estiske teksten skal vere i fokus. Tilsvarande reglar finst for anna reklame og alle skilt og oppslag i det offentlege rom. Likeeins må arrangøren av offentlege tilstellingar syte for at all viktig informasjon om hendinga finst på estisk i tillegg til eit eventuelt framandspråk. Retten til å få viktig informasjon på estisk gjeld òg det enkelte produkt, inkluderer både brukarretteiingar og innhaldslister, og er jamvel ytterlegare spesifisert i forbrukarlova.

Når det gjeld framandspråklege audiovisuelle produkt som fjernsyn eller radio må kvar og ein som kringkastar i Estland syte for at programma er tilstrekkeleg godt omsette til estisk. Sendingar som av utdanningsmessige grunnar er framandspråklege treng ikkje omsetjast, og ei heller direktesendte produksjonar frå utlandet, men andelen ikkje-omsett materiale kan ikkje

overskride 10 % av den totale sendeflata per veke. Her er det viktig å merke seg at lovverket omfattar dei som kringkastar i Estland, medan selskap som kringkastar i eit anna land naturleg nok ikkje er omfatta av lovverket, sjølv om signala skulle nå estiske fjernsyns- eller radioantenner.

Vidare tek språklova for seg detaljar rundt språkbruk i kontraktar, stadnamn, personnamn og bedriftsnamn, men utan at desse paragrafane skil seg nemneverdig frå tidlegare språklover.

Dugleik i estisk

Kapittel 5 i språklova har undertittelen «dugleik i estisk, vurdering og testing». Desse krava er på ingen måte nye, men det som er nytt er at ein i 2011 gjev denne delen av språklova eit heilt kapittel. I likskap med tidlegare språklover vert det stilt krav om at offentleg tilsette skal beherske estisk på eit nivå som gjer dei i stand til å utføre sine arbeidsplikter.

Like eins skal dette gjelde tilsette i ikkje-kommersielle (non-profit) organisasjonar, stiftingar og enkeltmannsføretak, so sant det er av offentleg interesse. Punktet som opnar for fritak frå språkkravet for særskilde selskap dersom det ikkje er av offentleg interesse er nytt, og det er òg eit tillegg som slår fast at eit slikt språkkrav ikkje skal gjelde utanlandske spesialistar med mindre enn fem års opphald i landet. Denne endringa kom tilsynelatande på plass etter press frå mellom anna EU-kommisjonen, som allereie i 1999 meinte at den delen av språklova som omfatta privat sektor kunne hamne i konflikt med EU sine handelsavtalar (Polesjtsjuk 2010, 3)

Noko anna som er nytt er at språkkrava ikkje lenger skal fastsetjast av verken noko ministerråd eller språkråd, men av Europarådet sitt rammeverk. I praksis er ikkje denne endringa spesielt stor, då Det felles europeiske rammeverket for språk berre vert nytta til å skildre forskjellige kunnskaps- og dugleiksnivå hjå språkbrukarar. Ansvar for å slå fast kva nivå som skal gjelde for kva stilling skal framleis fastsetjast av regjeringa i eigne forskrifter.

Europarådet sitt rammeverk operer med seks klassar som strekk seg frå A til C, der alle har to nivå. A1 er det lågaste språklege nivået, skildra som nybyrjarnivå, medan nivå C2 er det høgaste. Det statlege eksaminerings- og kvalifikasjonssenteret *eksamikeskus* hadde ansvaret for prøvene fram til 2012, og har sidan 2008 lagt til grunn ei firedeling av språkbrukarane. Dei fire nivåa det vert operert med svarar til A2, B1, B2 og C1 i Det felles europeiske rammeverket for språk. Ein språkbrukar med eit språkleg nivå som svarar til A1 beherskar altso ikkje språket godt nok til at det kvalifiserer til ein jobb i det offentlege.

Den tidlegare tredelinga av språkbrukarane i kategoriane grunnleggande nivå, mellomnivå og høgt nivå svarar til nivåa B1, B2 og C1 i Det felles europeiske rammeverket for språk. Med innføringa av eit fjerde nivå (A2) kan det sjå ut til at ein har senka lista noko for det lågaste språklege sertifiseringsnivået.

Ein person som beherskar estisk tilsvarande nivå A2 kan jobbe i det offentlege so sant arbeidsoppgåvene er spesifikke og klårt definerte. Språkbruken er avgrensa og rutineprega, og det skriftlege arbeidet er avgrensa til standardiserte dokument og utfylling av skjema.

Dersom ein beherskar B1 eller B2 er ein kvalifisert til å ta jobbar med meir varierte arbeidsoppgåver, gjerne knytt til administrasjon eller med eit mellomleiaransvar. Dei som beherskar estisk tilsvarande nivå C1 er språkleg kvalifiserte til å inneha leiarstillingar.

Vidare tek lova for seg dugleiksprøva i estisk språk, der det vert slått fast at ansvaret for denne ligg på utdannings- og forskingsdepartementet. Som i tidlegare språklover skal dugleiksprøva slå fast kva språkleg nivå kandidaten er på, og ved avslutta eksamen får kandidaten eit dokument som slår fast kva språkleg dugleiksnivå han eller ho er på.

Den mest omstridde paragrafen i språklova av 2011 er truleg paragraf 28. Denne paragrafen er ny, og opnar for at tidlegare avlagte språkprøver kan annullerast. Ved mistanke om at ein statleg tilsett ikkje beherskar språket til det same nivået som han eller ho har papir på kan det verte stilt krav om å avlegge ei ny språkprøve. Dersom vedkomande ikkje avlegg språkprøva innan seks månadar, eller resultatet av språkprøva plasserer vedkomande på eit lågare språkleg nivå enn det den tidlegare sertifiseringa skulle tilseie skal denne annullerast. Personar som består språkprøva og soleis tilbakeviser påstandane om at det språklege nivået deira ikkje var godt nok har krav på å få refundert alle utgifter knytt til gjennomføring av prøva, inkludert tid nytta til å lese seg opp på pensum.

Trass i at kandidatar som bestod ei ny språkprøve fekk tilbakebetalt eventuelle utgifter kan det ikkje vere nokon tvil om at opplevinga kan vere svært belastande for dei involverte, uavhengig av resultatet av prøva. Det vert ikkje eksplisitt nemnt i paragraf 28, men med det språklege kravet til ei rekke offentlege stillingar i bakhovudet vil ei annullering av språkprøva i verste fall tyde at vedkomande kunne miste jobben. Vidare kan fort vissheita om at nokon på arbeidsplassen har tipsa språkrådet vere belastande for arbeidsmiljøet, og for ikkje-estiskspråklege med ei språkprøve frå nittitalet kan den ikkje-uttala trusselen om å kanskje måtte ta prøva på nytt vere nok eit uromoment. Det kan heller ikkje vere noko tvil om at dette er ei lovendring som rår den russisktalande delen av folkesetnaden særleg hardt, og bidreg til ein utryggeleik i kvardagen hjå dei som var avhengige av å vere sertifiserte til eit visst språkleg nivå.

Det kan vere lett å framstille denne lovendringa utelukkande som noko negativt for den russisktalande delen av den estiske folkesetnaden, men det vert ikkje heilt riktig. Som gjennomgangen av borgarskapslova tidleg på nittitalet synte var naturaliseringskrava dårleg definerte og opna for stor grad av skjønn og tolking hjå byråkratane som skulle godkjenne prøva.

Når vi i tillegg veit at det estiske statsapparatet, i likskap med dei fleste andre av dei tidlegare sovjetrepublikkane, sleit med korrupsjon tidleg på nittitalet er det ikkje utenkjeleg at somme av dei offentlege dokumenta frå perioden treng ein gjennomgang. Likevel, i eit samfunn der moglegheitene i arbeidslivet i stor grad avheng av kva språkleg nivå ein er sertifisert til må det opplevast som svært belastande å måtte gå opp til ny eksamen.

Medan lova som skulle opne for å trekke attende eit estisk statsborgarskap ikkje vart godkjend av presidenten gjekk forslaget om å trekke attende språkprøvene gjennom. Felles for baa forslaga er at dei openbart er utforma for å i hovudsak råke éin del av folkesetnaden. Sjølv om endringane i borgarskapslova i utgangspunktet like gjerne kunne ha råke ein etnisk estlendar er det ingen tvil om at lovforslaget vart til som eit resultat av Bronsenatta, der det i hovudsak var personar med russisk morsmål som stod for opptøyane. Når det gjeld lovendringa som opnar for å trekke attende eller krevje ei ny språkprøve er det vanskeleg å argumentere for at ho kan råke andre enn dei med eit anna morsmål enn estisk, ettersom språkprøva ikkje vert krevja av personar som har gått på estiskspråkleg grunnskule.

5.3 Diskusjon

Med den siste språklova har den estiske språkpolitikken vore gjennom tre forskjellige språklover sidan 1989, og samtlege av desse lovverka har vore gjenstand for diskusjon og debatt både i og utanfor Estland. Etter at EU- og NATO-medlemsskapet kom på plass har fokuset på språklege rettar for minoritetar vorte markant mindre. Organisasjonar som tidlegare var flinke til å legge press på Estland for å betre vilkår for statslause og andre minoritetar, som OSSE og Europarådet, har etter EU-medlemsskapet tona ned retorikken. I Estland kan det virke som om somme politikarar ser på EU- og NATO-medlemsskapet som ei slags velsigning av måten ein har valt å handsame statsborgarskapsspørsmålet på, for eit EU-medlemsskap hadde jo vore uaktuelt om politikken ein førte var uakseptabelt, hadde det ikkje? Det er noko paradoksalt over det faktum at presset på og forventingane om å sikre språklege og politiske rettar til dei statslause faktisk ser til å ha gått ned etter at landet vart eit fullverdig EU-medlem. Samstundes er det, som påpeika i tidlegare kapittel, vanskeleg for EU å kritisere eit anna EU-land for mangelfull handsaming eller definering av eit område som EU som heilskap ikkje har makta å ta stilling til, eller i det heile teke kome med ein klår definisjon på. Den einaste aktøren som framleis set situasjonen til den russisktalande minoriteten på det diplomatiske sakskartet er Russland, men krava om statsborgarskap til dei statslause og russisk som offisielt språk i republikken fall ikkje på noko tidspunkt i god jord i løpet av 1990-talet, og påverknadskrafta til Moskva bleiknar i samanlikning med Brussel.

Talet på statslause borgarar i Estland er stadig søkkande, og som tidlegare påpeika har dette talet dei siste åra sokke i større grad på grunn av naturleg død enn som eit resultat av

naturaliseringsprosessen (ERR, 24.01.12). Sjølv om prosessen med å gå frå statslaus til statsborgar framleis er krevjande har det aldri vore enklare å finne nøyaktig informasjon om kva som må til. Interesserte borgarar kan kontakte myndigheitene eller vitje ei nettside og få vite nøyaktig kva som skal til for å bestå både språkprøva og prøvene om estisk kultur og grunnlova.

5.4 Oppsummering

- Etter EU-medlemsskapet har spørsmålet rundt dei statslause sine språklege og politiske rettar gått frå å vere eit utanrikspolitisk spørsmål til å i hovudsak verte innanrikspolitisk, og det er no i hovudsak russiske politikarar som set problemstillinga på agendaen. I Estland er det liten politisk vilje til å endre borgarskapssystemet.
- Språklova av 2011 opnar for å trekke attende ei språkprøve frå før 1999 dersom det er mistanke om at personen som har teke prøva ikkje har faktisk språkkompetanse tilsvarande det resultatet av språkprøva skulle tilseie.

6.0 Diskusjon

Den estiske språkpolitikken har vore i stadig endring sidan sjølvstendet, og det er påfallande at dei største og mest omfattande endringane i språkpolitikken ser ut til å råke dei ikkje-estisktalande i særleg grad. Korleis har utviklinga av den estiske språkpolitikken slått ut for dei som i utgangspunktet var hardast råka? Det er liten tvil om at den store andelen sovjetrussarar i landet utgjorde hovudgrunnen til at estiske politikarar i utgangspunktet konkluderte med at det var naudsynt med strenge språklover og språklege krav innan både arbeidslivet og i naturaliseringsprosessen.

6.1 Språklova si utvikling

Då den fyrste estiske språklova vart vedteken i 1989 handla det vel so mykje om den estiske nasjonen si framtid som om det estiske språket. For mange estlendarar var dette to saker som gjekk hand i hand, for ein meinte at på same vis som det ikkje kunne finnast nokon estisk nasjon utan det estiske språket var det estiske språket i fare for å døy ut utan ein estisk nasjon. Som Kolstø skriv er det usikkert i kor stor grad frykta for at språket og kulturen skulle døy ut var grunna i ei reell fare, ettersom alle dei tre baltiske språka med sine særeigne kulturar har vore underlagt mang ein utanlandsk herre opp gjennom hundreåra, utan at det har teke knekken på verken språk eller kultur (Kolstø 1995, 98–99).

Likevel, den sovjetiske okkupasjonen var annleis. Aldri tidlegare hadde okkupasjonsmakta hatt noko særleg innverknad på den demografiske samansetnaden av nasjonen. Opp gjennom tidene har forskjellige nasjonalitetar inntatt slott og gods med flotte titlar, men titulæretnisiteten har alltid utgjort eit overveldande fleirtal i landet, og estisk språk og kultur har gjennom alle dei tidlegare okkupasjonsperiodane heldt fram med å vere det dominerande språket brukt alle andre stadar enn i dei øvste sosiale krinsar. Med Sovjetunionen var det derimot annleis. Både deportasjonar, massiv tilflytting av sovjetrussarar og andre russisktalande menneske frå resten av Sovjetunionen gjorde at etniske estlendarar i delar av landet vart i mindretal, og sakte, men sikkert, vart rolla til det estiske språket i samfunnet redusert.

Utviklinga minner om ein modell lingvisten Norman Denison i 1977 la fram i artikkelen *Language Death or Language Suicide*, som vert trukke fram av Mart Rannut i sitt bidrag til boka *Linguistic Human Rights* (Rannut 1995, 186). Modellen er enkel i sitt uttrykk, og tek for seg fire fasar av ei språkleg utvikling der språk eller dialekt A gradvis vert erstatta av språk eller dialekt B.

A → A1/B2 → B1/A2 → B

I fyrste fase er språk A det dominerande språket i området, og sjølv om det kan finnast andre språk i området er det ikkje slik at språk A på noko vis lid under vekta av eller er truga av verken

språk B, C eller D. Denne fasen skildrar godt situasjonen i den fyrste estiske republikken av 1918. Både russisk (B) med 8,2 % av folkesetnaden og tysk (C) med 1,7 % og svensk (D) med 0,7 % av folkesetnaden var godt etablerte minoritetsspråk med eigne rettar i republikken, og sjølv om dei alle hadde sine område der dei kunne vere i større eller mindre grad dominerande var presset frå desse språka aldri so kraftig at estisk (A) med 87,7 % var i ein posisjon der språket var utfordra.

Situasjonen endra seg med den sovjetiske okkupasjonen. Leiande estisktalende figurar forsvann ut av biletet og vart erstatta av russisktalende apparatsjnikar som gradvis tok over dei fleste høgare samfunnsfunksjonar i republikken, trass i at dei russisktalende reint talmessig var i mindretal i den enkelte sovjetrepublikken. Trass i at det var russisk språk som dominerte i toppsjiktet innan kultur, stat og styring var estisk framleis so godt utbreidd at språka vart snakka side om side til dagleg. Likevel var statusen til estisk søkkande. Situasjonen i Estland tilsvara då fase 2 i Denison sin modell. Språk A er framleis i fleirtal, men språk B har fått fotfeste og utfordrar språk A på fleire område.

Dersom ein, som Rannut, legg denne modellen til grunn kan ein framleis hevde at Kolstø har rett. I andre fase er framleis estisk dominerande, men spørsmålet som det er vanskeleg å svare på utan å spekulere for mykje er: Kor lenge hadde den situasjonen vara? I tredje fase har rollene byta om, og språk B har sikra seg status som det mest føretrokne språket i tillegg til å dominere i sentrale samfunnsområde. Det inneber at posisjonen og statusen til språk A har vorte so svekka at det er vanskeleg å vinne posisjonen attende utan omfattande og mangeårig språkpolitisk arbeid. Den estiske situasjonen vart aldri so mørk, men hadde ein ikkje gjort radikale grep allereie i 1989 kunne situasjonen ha vorte slik i Baltikum òg. I etterpåkløkskapens lys veit vi at Sovjetunionen fall frå kvarandre få år seinare, men det var ei hending som kom brått på dei aller fleste, og for estiske lovmakarar og lingvistar var nok ikkje ein so rask overgang noko ein såg på som sannsynleg.


Målsetnaden med språklova av 1989 kan soleis seiast å ha vore å halde språksituasjonen i Denison si fase 2, altso eit tospråkleg samfunn med ein estiskspråkleg majoritet. Snarare enn å håpe på å kunne vende attende til den nærast monolingvistiske situasjonen ein opplevde i mellomkrigsrepublikken var målsetnaden å stogge den aukande russifiseringa og å gje estisk språk ein høgare samfunnsposisjon.

6.2 Statsborgarskapsspørsmålet

Fyrst i 1992 opna Estland for at borgarar utan røter i mellomkrigsrepublikken eller tilknytting til fridomsrørsla Den estiske kongressen skulle kunne oppnå statsborgarskap gjennom naturalisering. Diverre var lovverket som skulle definere språklege krav og andre føresetnadar

var i beste fall mangelfullt. Det vart stilt krav til butid, inntekt og språkkunnskapar i tillegg til eit krav om å sverje ei truskapseid til den estiske grunnlova, men umiddelbart mangla dei fleste av desse krava ordentlege retningsliner og klare definisjonar. Det fekk ein fyrst på plass med innvandringslova av 1993.

Dei språklege krava i innvandringslova av 1993 innebar ei klar definering og kraftig oppmjuking av dei språklege krava som tidlegare hadde vorte stilt til naturaliseringskandidatar. Desse språkkrava hadde tidlegare vore kroken på døra for mange som elles oppfylte krav om både inntekt og butid i landet, men som ikkje beherska språket godt nok til å kunne bestå noko språkprøve. Oppmjukinga gav utslag i statistikken for naturalisering, og frå 1992 til 1993 vart talet på personar som oppnådde statsborgarskap gjennom naturalisering firedobla.



Figur 4: Personar som fekk estisk statsborgarskap gjennom naturalisering, perioden 1992–2013. (Kjelde: estonia.eu)

Situasjonen endra seg ganske drastisk nokre år seinare, for same året som ein fekk språklova av 1995, som bortdefinerte statslause sovjetrussarar som minoritetar, kom borgarskapslova av 1995. Denne lova innebar ei kraftig innstraming i naturaliseringspolitikken, og dei språklege krava gjekk frå å krevje språkkunnskapar som kunne reknast som grunnleggande til å krevje eit langt høgare nivå som minstekrav. Desse nye og meir omfattande krava gav òg utslag på naturaliseringsprosessen, og den plutselige og valdsame nedgangen i 1997 kan vanskeleg forklarast med noko anna enn at dei nye språkkrava tredde i kraft (Polesjtsjuk 2005, 29). Ein kan sjølvsagt spekulere i at dei som var mest entusiastiske til tanken på estisk statsborgarskap allereie hadde nytta høvet dei fyrste året ein hadde det, og interessa blant gruppa ein dinest skulle fri til kan vere noko lågare enn den fyrste bølga. Det ligg truleg noko sanning i denne teorien, men det er lite sannsynleg at ein nedgang frå nesten 23 000 til like over 8 000 på eitt år kan forklarast utelukkande på dette viset.

Den neste auken i naturaliseringsraten kom fyrst i 2004, året før det var planlagt at Estland skulle verte fullverdig EU-medlem, då det vart innført ei refusjonsordning der den estiske staten ved bestått eksamen kunne betale attende opp til 100 % av skulepengane søkeren hadde brukt på språk- og samfunnsfagundervisinga som var naudsynt for å bestå. Tiltaket førte, som figur 4 syner, til ein markant auke i søkarar gjennom nokre få år, før talet sokk til eit nytt lågmål.

I folketeljinga i år 2000 oppgav 19 % av russarane i landet, 32 % av dei statslause og 38 % av dei med andre nasjonalitetar at dei kunne snakke estisk. Vadim Polesjtsjuk meiner det er verdt å sjå på kvifor so mange som beherskar språket likevel lét vere å byrje naturaliseringsprosessen. I ei undersøking gjort blant statslause i 2002 opplyste over halvparten av dei spurte at dei ikkje er i stand til å lære seg estisk, at krava som vert stilt for borgarskap er nedverdige, men at fråveret av borgarskap ikkje hindrar dei i å leve eit normalt liv i Estland. Blant innbyggjarar i Estland med russisk statsborgarskap opplyste heile 85 % om at dei ikkje ynskja å byte det russiske passet i eit estisk (Polesjtsjuk 2005, 30).

Undersøkinga er frå 2002, og den overveldande negative haldninga til estisk statsborgarskap blant dei spurte kan skuldast at ein so lenge etter sjølvstende står att med ei gruppe menneske som i utgangspunktet ikkje var interessert i estisk statsborgarskap, og som no meiner at det rett og slett ikkje er verdt bryet. Særleg hjå dei eldre var interessa for og høvet til å oppfylle alle krava lita, og ein svært stor del av dei som framleis var statslause på dette tidspunktet var allereie passert pensjonsalder. Ei ny påminning om at snittalderen til dei statslause er høg fekk ein i januar 2012, då det statlege estiske kringkastingsbyrået ERR meldte at talet på statslause borgarar i 2011 sokk raskare som resultat av naturleg død enn som resultat av naturalisering (ERR, 24.01.12).

Både undersøkinga som Polesjtsjuk syner til og naturaliseringsraten er indikasjonar på at dei språklege krava har vore den største utfordringa for ikkje-borgarar med eit ynskje om naturalisering. Den estiske språkpolitikken har sidan sjølvstendet vore tett knytt til borgarskaps- og innvandringspolitikken, og spørsmålet om språkkrava for borgarskap har ikkje vore eit tema det har vore aktuelt å ta opp til diskusjon, verken før eller etter EU-medlemsskapet. Det er tydeleg at det har vore semje, på tvers av det politiske landskapet, om at det estiske språket er ein so sentral del av integreringspolitikken at det er uaktuelt å endre på, sjølv med press frå vestleg hald. Strategidokument som omhandlar språkpolitikk eller integrering legg alle opp til eit samfunn med det estiske språket som kjernen, og denne kjernen er meint å vere ein verdi verdsatt av alle borgarane, uavhengig av morsmål.

Dei strenge krava til naturalisering og borgarskap og den store delen av statslause i Estland har ført til at somme forskarar syner til termen *etnisk demokrati* når dei omtalar den estiske statsbyggingsmodellen. Denne termen vart fyrst skipa av den israelske sosiologen Sammy

Smooha ved Universitetet i Haifa i 1989, og synte då til staten Israel si handsaming av etniske minoritetar. Med termen *etnisk demokrati* meinast ein demokratisk, multi-etnisk stat der kjernen, gjerne titulæretnisiteten, nyt ein høgare politisk status enn resten av folkesetnaden. Somme rettar gjeld alle borgarar som er busette i staten, medan andre rettar berre gjeld dei borgarane som høyrer til det Smooha kallar *kjernen*.

Skilnadane mellom Estland og Israel er mange, men likskapane mellom Smooha sin modell og Estland er likevel påfallande. Grunnlova i 1992 gjer estisk til det einaste offisielle språket i landet, og borgarskap tildelast på bakgrunn av *jus sanguinis* nesten utelukkande til etniske estendarar. Vidare vert det stilt krav om gode språk- og kulturkunnskapar for å oppnå statsborgarskap og soleis få innpass i kjernen. Dei som vert ståande utanfor kjernen (dei statslause) har framleis tilgang på mesteparten av dei same goda som dei i kjernen, men står utan eller med reduserte politiske rettar. I det estiske dømet er det likevel ikkje etnisitet som til sjuande og sist er avgjerande, men i kva grad borgaren snakkar det lokale språket.

Dersom nøkkelen til kjernen ikkje ligg i det etniske kan det kanskje vere meir riktig å snakke om eit språkleg demokrati, og språkkunnskapar er, til skilnad frå ein medfødd etnisitet, noko ein kan plukke opp kva tid som helst i livet. Trass i at eit språk er lettare å tileigne seg enn ein etnisitet heng fyrstnemnde ofte tett saman med sistnemnde, og i det estiske dømet er det framleis slik at medan éin part automatisk får innpass i kjernen må den andre parten jobbe for å oppnå dei same goda. Spørsmålet om kor vidt Estland kan skildrast som eit etnisk demokrati vert diskutert i artikkelen *Ethnic Democracy and Estonia* (2000) av den estiske statsvitaren Priit Järve. Han konkluderer med at Estland berre oppfyller somme av kriteria til termen, men at det er vel verdt å spørje seg om ikkje det å verne om éin etnisitet og kultur potensielt kan vere kontraproduktivt i demokratiseringa av ei multietnisk samfunn (Järve 2000, 33). Den estiske borgarskapspolitikken må sjåast i samanheng med den estiske nasjonen si historie, og medan den strenge borgarskapspolitikken tidleg på nittitalet kanskje kunne forsvarast med at han var naudsynt for å stogge russifiseringa av Estland er det mykje som kan tyde på at ein i dag står overfor ein heilt annan situasjon.

Den politiske viljen til å endre naturaliseringskrava for statsborgarskap er liten, men etter kvart som statusen til det estiske språket òg stig i dei russiskdominerte delane av landet kan det vere at situasjonen endrar seg. Seinast i 2012 vart det fremja to forslag om å forenkle statsborgarskapskrava til utsette grupper som statslause born og eldre, men ingen av forslaga fekk fleirtal i parlamentet (Polesjtsjuk 2013, 2).

6.3 Mellom barken og veden

Innleiingsvis presenterte eg ei hypotese om at det i Estland har utspelt seg, og til ei viss grad framleis utspeler seg ein språkideologisk kamp mellom tre aktørar som alle har ei ulik tilnærming til språk, minoritetar og språkpolitikk. Grunna Estland si geopolitiske plassering har landet alltid vore i ein posisjon der mest kvar ei politisk avgjersle måtte balanserast hårfint mellom ynskjer og krav frå Russland i aust og Europa i vest, men samstundes utan å trakke si eiga valforsamling på tærne. Sidan sjølvstendet har landet i hovudsak vendt seg vestover, men som djupdykket i delar av den politiske utviklinga tidlegare i oppgåva synte måtte politikarane samstundes syte for å i størst mogleg grad ha med seg den store russisktalande minoriteten aust og nordaust i landet.

Oppfatninga av at eit lovverk utgjer frosen politikk er eit godt utgangspunkt for å snakke om språkideologiar. For å skjønne politikken bak eit lovvedtak treng vi kunnskapar om språkideologien som ligg til grunn, og denne kan sporast blant anna gjennom politiske debattar og faktiske lovvedtak. Solange Taylor syner til Juan Cobarrubias sin modell med fire moglege språkideologiar:

1. Linguistic assimilation / språkleg assimilasjon
2. Linguistic pluralism / språkleg pluralisme
3. Vernacularization of an indigenous language / vernakularisering av eit lokalt språk
4. Internationalization through the use of a language of wider communication / internasjonalisering gjennom bruken av eit meir vidfemnande språk

(Taylor 2002, 315)

Ein kan skilje mellom ei samlande tilnærming, der til dømes eit utviklingsland nyttar nasjonalspråket som verkty for å skape ei fellesskapskjensle i landet, og integreringstilnærminga, der målsetnaden er at innvandrarar skal kunne integrerast inn i eit homogent samfunn. Når det gjeld språkleg pluralisme syner Taylor til at ein bør skilje mellom den anerkjennande tilnærminga, der minoritetsspråk og minoritetskulturar er eksplisitt nemnde i lovverket, og separasjonstilnærminga, der ein forsøker å bygge ein felles nasjon og samstundes ivareta minoritetsspråk og minoritetskulturar. Ein siste moglegheit er laissez-faire-tilnærminga til både språkleg assimilasjon og pluralisme. Ved sistnemnde døme vil det i stor grad vere den lokale oppfølginga av språkpolitikken som avgjer om resultatet vert assimilasjon eller pluralisme (Taylor 2002, 315–316).

Med desse verktya i bakhovudet kan ein kaste eit nytt blikk på den estiske situasjonen, der eg meiner det føregår ein dragkamp mellom tre språkideologiar. Den estiske språkideologien legg til grunn at det estiske språket må vernast om for å sikre framtida for både det estiske språket

og kulturen, noko som nødvendigvis må skje på kostnaden av statusen til russisk. Frå russisk side er det eit ynskje om å betre kåra til morsmålsbrukarar av russisk, som er eit minoritetsspråk i Estland, om enn eit verdsspråk i andre samanhengar. Samstundes er interessa for å verne om minoritetsspråk i Russland lita. Til sist kjem den europeiske språkideologien, representert gjennom politikk vedteken av europeiske overnasjonale organ som Europarådet og EU, som på generelt grunnlag meiner at alle minoritetsspråkbrukarar i EU har krav på språkleg vern frå majoritetsspråket.

Om ein legg Juan Cobarrubias sine kategoriar til grunn ser ein at det estiske, russiske og europeiske synet på majoritets- og minoritetsspråk passar fint i høvesvis kategoriane 3, 1 og 2.

6.2.1 Estisk språkideologi

Som gjennomgangen av den estiske språkideologien skal syne er ikkje ein språkideologi noko som ligg fast. I likskap med anna politikk vert denne påverka av politiske avgjersler både i og utanfor landet, samfunnsendringar og anna påverknad.

Slutten av 1800-talet vert rekna for å vere oppvakningsfasen for den estiske nasjonalkjensla, og er òg opphavet til den fyrste estiske språkideologien. Oppvakninga fann stad samstundes med at tsar Aleksander den tredje stramma grepet om den språklege fridomen i det russiske imperiet, og byrja føre ein streng russifiseringspolitikk. Med sjølvstendet av 1918 og grunnlova av 1920 vart estisk offisielt språk i den unge republikken, og sjølv om grunnlova tillot morsmålsundervising for språklege minoritetar var det estisk som dominerte på mest kvar ein arena og på alle nivå både i statsapparatet og utdanningssystemet. Solange Taylor slår difor fast at språkideologien i den unge republikken kunne klassifiserast som vernakular, altså at det lokale språket, estisk, skulle vere det språket det ville vere naturleg å nytte til kvardags (Taylor 2002, 320).

Etter sjølvstendet i 1991 var det demografiske og språkpolitiske landskapet i republikken dramatisk endra. Språklova av 1989 gjorde det klart at estisk språk skulle ha ei særskild rolle i den atteroppståtte republikken, men la seg elles på ei språkideologisk line som kan skildrast som lingvistisk pluralistisk, då lovverket, som tidlegare nemnt, òg sikra språklege rettar til russisktalande og hadde ein uttalt målsetnad om eit tospråkleg samfunn (Rannut 2008, 153).

Det er fleire grunnar til at verken den russiske eller sovjetiske russifiseringspolitikken fekk noko godt fotfeste i Estland. Både språket og den nasjonale identiteten var godt etablert lenge før det fyrste sjølvstendet, og allereie i 1922 var heile 89 prosent av folkesetnaden i landet lese- og skrivekyndige i estisk. Frå sjølvstendet i 1918 og fram til den sovjetiske okkupasjonen i 1940 vart det utgjeve heile 25 000 titlar på estisk (Grenoble 2003, 98). Til samanlikning var stoda på same tid ei heilt anna i område der russifiseringspolitikken skulle syne seg å vere meir vellukka.

I det som seinare skulle verte dei sentral-asiatiske sovjetrepublikkane fanst det inga sterk sentralmakt til å koordinere ein felles ortografi for dei turkiske dialektane, og lese- og skrivekunnskapane var difor svært låge. I eit slikt språkleg landskap hadde russifiseringspolitikken langt betre kår, og i til dømes Usbekistan auka andelen som prata russisk som andrespråk frå 14,5 til 49,3 prosent på berre ni år (Grenoble 2003, 137–138).

6.2.2 Russisk språkideologi i det nære utland

Medan den russiske språkideologien i Russland har éi form, har språkideologien utanfor Russland ei litt annleis form. Sidan sjølvstendet har det vore vanleg at det russiske utanriksdepartementet skil utanlandske statar inn i to kategoriar: det nære og det fjerne utland. Inndelinga er ikkje geografisk, for både Noreg og Kina deler landegrense med Russland, men er likevel båd klassifiserte som det fjerne utland. Derimot er alle statane som tidlegare var ein del av Sovjetunionen klassifiserte som det nære utland. Rannut (1995, 193) meiner at inndelinga er politisk, og baserer seg på to faktorar: Eit russisk militært nærvere og ein ikkje-integrert russisktalande diaspora.

Taktikken baserer seg på ein tale den russiske statsvitaren Sergej Karaganov heldt på ein konferanse i 1992, og vert referert til som Karaganov-doktrinen. Essensen i talen var at den politiske eliten i Russland ikkje skulle sørge over det tapte sovjetiske imperiet og dei millionane av russarar som med eitt var busette utanfor Russland sine grenser, men snarare sjå på desse menneska som ressursar for framtidige politiske ambisjonar. Det var difor, i følge Karaganov, ikkje nokon prioritet å få sovjetrussarane attende til Russland, men snarare å oppmode dei om å verte verande i dei tidlegare sovjetrepublikkane. Dette var til dels for å hindre at ein flaum heimvendte russarar skulle gjere den allereie vanskelege økonomiske situasjonen endå verre, men òg av di den russisktalande folkesetnaden i mange sovjetrepublikkar var i sentrale posisjonar i lokalsamfunna, og difor kunne vere til stor nytte seinare.

Karaganov meinte at den russisktalande folkesetnaden i Baltikum, i Kviterussland og i Ukraina kunne fungere som både motor og garantistar for vidare russisk herredømme over desse områda. Denne diasporaen kunne nyttast som eit verkty for å vidareføre den russiske innflytelsen ein tradisjonelt hadde hatt på desse statane, og på dette viset sikre den politiske påverknaden over dei område Russland definerte som si interessesfære.

For å kunne nytte verktøyet ordentleg var det viktig å halde den russisktalande diasporaen på god fot med Moskva. Éin måta å gjere dette på var å love at russiske diplomatar skulle jobbe for å sikre dei like rettar i republikken dei budde i, anten gjennom eit krav om *jus soli*, gjennom å tilby dei russisk statsborgarskap, eller, best av alt, tilby dei dobbelt statsborgarskap. I situasjonar der det var føremålstenleg for Moskva kunne ein nytte diasporaen til å til dømes fremje krav om større grad av sjølvstyre for somme regionar eller krav om å gjere russisk til offisielt språk.

I meir ekstreme situasjonar, der til dømes vertsnasjonen vart oppfatta som fiendtleg mot Moskva, kunne det vere mogleg å nytte den russisktalande folkesetnaden som ei orsaking til å krevje opprettinga av autonome statar for å beskytte dei russisktalande, gjerne ved å rykke inn med russiske troppar for å sikre freden. Karaganov slo likevel fast at i ein situasjon der det vart naudsynt å nytte militær makt var det viktig å ikkje framstille situasjonen som om Russland utelukkande handla for å forsvare dei russisktalande i området. Propaganda med påstandar om menneskerettsbrot var ein langt gunstigare måte å gå fram på, og Karaganov råda dei russiske politikarane og militære strategane i salen om at Russland ope burde hevde sin rett til å forsvare brot på menneskerettane i heile området til den tidlegare Sovjetunionen (Rannut 1995, 193–195).

For Estland sitt døme vart ei russisk frykt for brot på menneskerettar i Estland brukt som argumentasjon for å halde russiske soldatar stasjonert i landet lenge etter sjølvstendet, og dei siste russiske troppane forlét ikkje landet før 31. august 1994.

6.2.3 Europeisk språkideologi

Det er vanskeleg å definere nokon felles europeisk språkideologi, og det kan nok òg diskuteras i kva grad ein felles språkideologi for heile Europa i det heile teke eksisterer. For å kunne seie noko om dette har eg teke utgangspunkt i samlande språkpolitiske dokument utarbeidd av overnasjonale europeiske organ som Europarådet. Den europeiske pakta om regionale språk eller minoritetsspråk vart inngått i 1992, og sidan den gong har stadig fleire land signert.

Den største utfordringa for ein felles europeisk språkideologi er at ein framleis i lita grad har lukkast i å definere nøyaktig kva som utgjer ein språkleg minoritet, og det opnar for at statar med særlege interesser når det gjeld enkeltminoritetar kan heilt eller delvis bortdefinere seg frå desse fellesavtalane med resten av Europa. I det estiske dømet er språklova av 1995 eit levande døme på dette, ettersom ein i dette lovverket definerte minoritetar på eit slikt vis at statslause innbyggjarar i landet ikkje skulle reknast som minoritetar.

6.3 Vegen framover

Eit aspekt ved språkpolitikken eg ikkje har diskutert i oppgåva er den sikkerheitspolitiske. Den valdsame reaksjonen på flyttinga av Bronsesoldaten kom uventa på estiske myndigheiter, og ein har i ettertid slått fast at situasjonen i hovudsak eskalerte på grunn av måten saka vart framstilt på russiskspråklege fjernsynskanalar og netttora. Når ein del av folkesetnaden ikkje beherskar nasjonalspråket, men er avhengig av og i større grad lyttar til den russiskspråklege framstillinga av innanrikssaker vert språkpolitikken òg eit spørsmål om nasjonal sikkerhet. Opptøyane rundt flyttinga av Bronsesoldaten var truleg ein vekkjar for politikarar både i Estland og resten av Baltikum. I seinare tid har russiske fjernsyns- og radiokanalar i Russland vorte underlagt eit

stadig strengare regime, og er i veksande grad meir eit propagandaverkty for russiske styresmakter enn ei fri og uhilda presse.

Om ein knyt hendingane rundt flyttinga av Bronsesoldaten opp mot den tidlegare nemnte Karaganov-doktrinen er det ikkje vanskeleg å finne likskapsteikna. Som eit grep mot den store påverknadskrafta russiske fjernsyns- og radiokanalar har på den russisktalande folkesetnaden i Baltikum har representantar frå dei baltiske statane tidlegare diskutert opprettinga av ein felles russiskspråkleg fjernsynskanal for Baltikum. På dette viset skal ein i større grad kunne nå ut til dei éin-språklege delane av den baltiske folkesetnaden. Desse planane har tidlegare vorte møtt med mykje kritikk for det høge kostnadsnivået ved å drifte ein slik fjernsynskanal, men hendingane i Ukraina våren og sommaren 2014 har pusta nytt liv i debatten.

Som i fridomskampen på slutten av åttitalet har dei baltiske statane hatt eit tett politisk samarbeid, og sjølv om dei estiske språk- og borgarskapslovene tradisjonelt har vore noko strengare enn til dømes dei latviske er det svært interessant å følgje den siste utviklinga i nabolandet. Den mest spennande nyhenda på dette feltet kom i juli 2014, då det vart annonsert at alle latviske borgarar med elektroniske identitetskort får røysterett ved det latviske parlamentsvalet i oktober 2014 (Baltic Times 14.07.14). Det som gjer vedtaket spesielt er at dei elektroniske identitetskorta ikkje er knytt til statsborgarskap, men vert nytta som identifikasjonskort for alle innbyggjarar i landet, anten dei er statsborgarar eller statslause. I likskap med Estland har ikkje Latvia tidlegare tillate statslause innbyggjarar å røyste ved parlamentsvalet, og det vert svært spennande å sjå om det latviske vedtaket gjer at estiske politikarar let seg inspirere før det estiske parlamentsvalet i mars 2015.

7.0 Konklusjon

Det er liten tvil om at den estiske språkpolitikken sidan sjølvstendet har utvikla seg i ei retning som inneber at han i aukande grad har teke omsyn til språklege minoritetar. Dette vil på ingen måte seie at utviklinga har vore lineær, for sidan sjølvstendet har den estiske språkpolitikken gått gjennom både innstramingar og oppmjukingar, og særleg har dei bitane av språklova som omfattar den ikkje-estisktalende delen av folkesetnaden vore omdiskuterte.

Frå tospråklegheita i språklova av 1989 til deportasjonstruslane som følgde innvandringslova av 1993 er skilnaden enorm. På få år hadde den russisktalende minoriteten i republikken gått frå å vere herrefolk til å bli ein pariakaste. Sidan den gong har omstendet gradvis betra seg, og sjølv om dei språklege krava til naturaliseringsprosessen vart skjerpa med språklova av 1995 vart dei og standardiserte og betre definerte, slik at naturaliseringskandidatar fekk betre høve til å førebu seg til prøvene. I tida fram mot EU-medlemskapet var det fleire mindre endringar i både språk- og borgarskapspolitikken, men sjølvve bautaen i den estiske språkpolitikken, dei strenge språkkrava til statsborgarskapet og i arbeidslivet, har stått ved lag.

Dei språklege krava for borgarskap har vore og vil nok òg i tida framover vere den største utfordringa for statslause som ynskjer å oppnå statsborgarskap gjennom naturalisering. For dei som ynskjer å ta prøvene er all informasjon lett tilgjengeleg, og somme av dei økonomiske utgiftene ein kandidat måtte ha vert til og med refundert av staten ved bestått eksamen. Talet på statslause borgarar i Estland har sokke årleg, og sidan sjølvstendet i 1991 har meir enn 150 000 menneske fått statsborgarskap gjennom naturalisering. Sidan 2011 har derimot ikkje naturaliserte borgarar, men naturleg død vore den største bidragsytaren til nedgangen i statslause.

Gjennom heile perioden har estiske politikarar balansert hårfint mellom krav og forventingar frå Europa, frå Russland og frå si eiga veljarmasse. Trass i kritikk frå både russiske og europeiske diplomatar har Estland klart å halde fast ved kjernen i språkpolitikken, og i svært stor grad stått fritt til å realisere den språkpolitikken som vart planlagt og vedteken tidleg på 1990-talet. Det har vore endringar, oppmjukingar og innstramingar undervegs, men kjernen i politikken har vore uendra. Uansett kva krav som har vore på bordet, anten dei kom frå aust, vest eller innanriks, oppfatninga av at den estiske nasjonen sin framtid avheng av det estiske språket har bestått.

Det er viktig å merke seg at trass i stundom krasse fråsegner frå estiske nasjonalistar og russiske aviser har den estiske språkpolitikken aldri handla om å gjere staten éinspråkleg, men å oppretthalde eit språkleg regime med estisk som offisielt språk og majoritetsspråk. Med ein russisktalende minoritet som utgjer rundt ein fjerdedel av folkesetnaden ville ein strategi om å

atterinnføre eit tilnærma monolingvistisk regime, som i mellomkrigsrepublikken, vere heilt urealistisk. Målsetnaden med den estiske språkpolitikken sidan 1989 og fram til 2011 kan snarare seiast å ha vore å stogge den aukande russifiseringa og å gje estisk ein høgare samfunnsposisjon.

Ein slik målsetnad må nødvendigvis skje på kostnad av utfordrarspråket russisk, men verken språklova av 1995 eller 2011 nemner *russisk* med eit einaste ord. Likevel er det ei kjennsgjerning at brorparten av dei store og omfattande endringane i estisk språkpolitikk har hatt det til felles at dei i større grad har råka den ikkje-estisktalande folkesetnaden enn den estisktalande. Kampen mot russisk dominans har vore ein raud tråd gjennom heile den estiske historia. Dette er ikkje overraskande i seg sjølv, ettersom den moderne estiske språkpolitikken vart til i ein kontekst der språket var i ferd med å verte utradert av ein aktiv russifiseringspolitikk i sovjetisk regi.

Sjølv om ingen av språklovene etter sjølvstendet nemner ordet *russisk* eksplisitt er situasjonen ein heilt annan i dei politiske debattane, der både russisk språk og russiske minoritetar stadig er eit tema. Fråveret av ordet frå lovverket skuldast nok ein medviten politikk frå det politiske fleirtalet si side, for trass i ynskjer frå både russiske diplomatar og politiske parti med stor oppslutting hjå den russiske minoriteten er svaret på spørsmålet om russisk språk sin status i Estland nøyaktig det same som i 1989: Det finst eitt offisielt språk i Estland. Estisk.

8.0 Kjelder

8.1 Litteraturliste

Grenoble, Lenore A. (2003) *Language Policy in the Soviet Union*. Secaucus: Kluwer Academic Publishers.

Järve, Priit og Polesjtsjuk, Vadim. (2013) *Country Report: Estonia*. EUDO Citizenship Observatory.

Jernudd, Björn H. (1995) Personal Names and Human Rights. . I: Skutnabb-Kangas, Tove og Phillipson, Roberts. *Linguistic Human Rights*. Berlin: Mouton de Gruyter, s. 121–132.

Kangro-Pool, Rasmus. (1928) Folkminoriterna. I: Kents, m.fl. . *Det Nya Estland*. Stockholm: Åhlén & Åkerlunds Förlag, s. 162–169.

Järve, Priit. (2003) Language battles in the Baltic states: 1982-2002, *Nation-Building, Ethnicity and Language Politics in Transition Countries*, Budapest: Open Society Institute, 75-105.

Kaplan, Robert og Baldauf, Richard. (2008) *Language Planning and Policy in Europe, Volume 3 : The Baltic States, Ireland and Italy*. Clevedon: Multilingual Matters.

Kolstø, Pål. (1995) *Russians in the former Soviet Republics*. London: Hurst.

Park, Andrus. (1994) Ethnicity and Independence: the Case of Estonia in Comparative Perspective. *Europa-Asia Studies*, Vol. 46, No. 1, s. 69–87

Pavlenko, Aneta. (2008) *Multilingualism in Post-Soviet Countries*. Multilingual matters.

Polesjtsjuk, Vadim. (2003) Russkij jazyk i jazykovaja politika Estonii posle 1991 goda. *Eesti Slavistika*, 2003 (1).

Polesjtsjuk, Vadim. (2005) *Negrazjdane v Estonii*, Moskva: Evropa.

Polesjtsjuk, Vadim. (2006) *Estonian Minority Population and Non-discrimination Report*. Tallinn: Legal Information Centre for Human Rights.

Polesjtsjuk, Vadim. (2009) Problemy prav nacional'nyx men'sjinstv v Latvii i Estonii. *Russkaja panorama*, Moskva 2009.

Polesjtsjuk, Vadim. (2010) *Estonia, Latvia and the European Commission: Changes in Language Regulation in 1999–2001*. Open Society Institute.

Polesjtsjuk, Vadim. (2013) *Naturalisation Procedures for Immigrants, Estonia*. EUDO Citizenship Observatory.

Rannut, Mart. (1995) Beyond Linguistic Policy: The Soviet Union versus Estonia. I: Skutnabb-Kangas, Tove og Phillipson, Roberts. *Linguistic Human Rights*. Berlin: Mouton de Gruyter, s. 179–208.

Rannut, Mart. (2004b) Language Policy in Estonia. *Noves SL, Revista de Sociolingüística*, 2004, vår/sommar.

Rannut, Mart. (2008) Estonianization Efforts Post-Independence. I: Pavlenko, Aneta. *Multilingualism in Post Soviet Countries*. Clevedon, Channel View Publications, s. 149–165.

Raun, Toivo U. (2001) *Estonia and the Estonians*. Hoover Institution Press Publication

Rohmets, Helen. (2006) Birth of a State: Formation of Estonian Citizenship (1918–1922), I: Ellis, Steven G.; Hálfðanarson, Guðmundur og Isaacs, Ann Katherine. *Citizenship in historical perspective*, Pisa University Press, s. 289–303.

Semjonov, Aleksej (2002) “Estonia: Nation-Building and Integration-Political and Legal Aspects” i Kolstø, Pål (red.) *National Integration and Violent Conflict in Post-Soviet Societies: The Cases of Estonia and Moldova*. *Blue Ridge Summit: Rowman & Littlefield Publishers*, s. 105–158

Smith, David J. (2002) *Estonia. Independence and European Integration*. Routledge.

Taylor, Solange G. (2002) Multilingual Societies and Planned Linguistic Change: new Language-in-Education Programs in Estonia and South Africa. *Comparative Education Review*, Vol. 46, No. 3 (august 2002), s. 313–338.

8.1 Avisartiklar

Baltic Times, «Latvia passes landmark voting law», 14.07.14

ERR, «Number of Grey Passport Holders Falls Below 100,000», 25.04.1

ERR, «Statelessness Declining Fastest Through Death», 24.01.12

NTB, «Etniske russere i Estland må lære seg estisk», 18.01.89

8.2 Nettressursar

Det estiske justisministeriet (just.ee), engelske omsetjingar: <https://www.riigiteataja.ee/en/>

Det estiske statistikkbyrået (stat.ee), folketeljingar:

<http://pub.stat.ee/px->

[web.2001/Dialog/varval.asp?ma=PO0222&path=../I_Databas/Population/01Population_indicators_and_composition/04Population_figure_and_composition/&lang=1](http://pub.stat.ee/px-web.2001/Dialog/varval.asp?ma=PO0222&path=../I_Databas/Population/01Population_indicators_and_composition/04Population_figure_and_composition/&lang=1)

Directory of resources on minority human rights and related problems of the transition period in Eastern and Central Europe ([minelres.lv](http://www.minelres.lv)), oversikt over estiske lovverk:

<http://www.minelres.lv/NationalLegislation/Estonia/>

Europarådet (hub.coe.int) , Minoritetsspråkpakta, 1992, norsk omsetjing:

http://www.coe.int/t/dg4/education/minlang/textcharter/Charter/Charter_no.pdf [06.07.14]

Den europeiske kommisjon (ec.europa.eu), Country information sheets: Estonia

http://ec.europa.eu/ewsi/en/info_sheet.cfm?ID_CSHEET=46

«Integration in Estonian Society 2000–2007»

http://ec.europa.eu/ewsi/UDRW/images/items/docl_3704_917690551.pdf

Statusrapport for integreringsplanen 2000–2007 (2006)

http://ec.europa.eu/ewsi/UDRW/images/items/docl_3702_300635047.pdf

«Estonian Integration Strategy 2008–2013»

http://ec.europa.eu/ewsi/en/resources/detail.cfm?ID_ITEMS=3700

«Estonian Integration Strategy 2014–2020»

<http://www.integratsioon.ee/>

Estonia.eu, Citizenship

<http://estonia.eu/about-estonia/society/citizenship.html> [16.06.14]

Legal Information Centre for Human Rights (lichr.ee)

Vabariigi Valiskomisjon (Republikken sin valkomisjon), Oppslutting og resultat for EU-valet i 2003: <http://www.vvk.ee/varasemad/?v=rh03>

U.S. English Foundation (www.usefoundation.org):

<http://www.usefoundation.org/view/205>

